

Østensjø

SELSKAPET

ÅRBOG 2002

REDAKTØR KIRKOLAV SOLHEIM

OLAV SLETTØ-SELSKAPET

ÅRBOK 2002

Redaktør:
Kåre Olav Solhjell

UTGITT AV OLAV SLETTØ-SELSKAPET
HOL 2002

INNHALD

FORORD, SIDE 7

Kåre Olav Solhjell:
OLAV SLETTØ-SAMLINGA OG OLAV SLETTØ-SELSKAPET, SIDE 9

Kåre Olav Solhjell:
OLAV SLETTØ, BORTREIST OG HEIMKOMEN, SIDE 17

Osvald Medhus:
OLAV SLETTØ OG HEIMEMILJØET HANS, SIDE 23

Jul Haganæs:
GUTEN FRÅ KAMBENUTEN, SIDE 29

Einar Tufte:
OLAV SLETTØ OG UNGDOMSLAGET SAMHALD, SIDE 32

Vidar Bergset:
ODEL OG ÆTT HJÅ OLAV SLETTØ, SIDE 37

Leif Tufte:
UTANFOR ALLMANNAVEG:
OM OLAV SLETTØ OG «UTKANTLITTERATUR» UTE OG HEIME, SIDE 52

Per Olav Reinton:
UTSIKTEN FRA HOLSASEN, SIDE 59

Arvid Møller 2002:
OLAV SLETTØ KASTA FYRSTE MANUSKRIFTET OG UTSETTE DEBUTEN I SJU ÅR, SIDE 64

Arvid Møller 1960:
MYSTIKAREN OG VISMANNEN HAR FÅTT KUNSTNARLØN, SIDE 65

BREV FRÅ OLAV SLETTØ TIL S. REINTHON 1904 – 1919, SIDE 69

FORORD

Tanken om ei årbok for Olav Sletto-selskapet har vore framme heilt sidan selskapet vart skipa i mars 2001. Den første utgåva av årboka blir med dette lagt fram for lesarane. Det blir knapt gitt ut bok kvart år, men berre så ofte styret meiner å ha høveleg stoff, og når ein trur lesarane ventar på meir.

Styret har fungert som redaksjonskomité, medan ein av styremedlemmene, bygdebokforfattar Kåre Olav Solhjell, har redigert stoffet og følgje trykkeprosessen.

Det er skipinga av Olav Sletto-selskapet som er hovudtema i denne boka. I ein artikkkel gjer vi greie for korleis Olav Sletto-samlinga kom til biblioteket i Holet, og forklarar samanhengen mellom Sletto-samlinga og Olav Sletto-selskapet. Ein artikkkel fortel om Olav Slettos liv frå oppveksten i Hol, gjennom eit langt yrkesliv utanfor bygda, til han kom heim att og busette seg her dei siste åra han levde. Desse to første artiklane er skrivne av Kåre Olav Solhjell.

Nokre av artiklane var først presentert som foredrag under Olav Sletto-seminaret den 5. november 2000. Det var her at tanken om eit Olav Sletto-selskap først vart kasta fram. Foredraga er omarbeidde med tanke på presentasjon i årboka. Amdre artiklar er nyskrivne for årboka.

Det finst ei lang rad artiklar av og om Olav Sletto i avisar og blad. Vi ønskjer at lesarane skal hjelpe oss å spore opp slike, for at dei seinare kan bli presenterte i årbøkene. Denne gongen har vi med ein slik artikkkel. Arvid Møller fekk ein samtale med Olav Sletto på Geilotun i 1960. Samtalen resulterte i ein artikkkel i Gula Tidende i mars same året. Arvid Møller har gjort artikkelen tilgjengeleg for årboka, saman med ein omtale av korleis intervjuet kom i stand.

Ei av oppgåvene til Olav Sletto-selskapet er å vekke interesse for Slettos dikting. Vi ønskjer at bøkene hans skal bli lesne og brukt, og at studentar skal studere både mannen og bøkene. Det er også eit håp at delar av det store uferdige og upubliserte materialet han etterlét seg, skal bli kjent for fleire enn dei som besøker Hol bygdearkiv. Årbøkene vil difor presentere smakebitar av dette materialet. Denne gongen tek vi med dei breva Olav Sletto sende til læraren sin i Hol, S. Reinthon, i åra frå 1906 til 1919. Dei fleste breva i samlinga er sende andre vegen, dei er brev Sletto har fått frå kjende menn og kvinner gjennom eit langt liv.

Så legg vi den første årboka frå Olav Sletto-selskapet i lesaren sitt fang og vonar ho blir vel motteken.

HOL I SEPTEMBER 2002

Kåre Olav Solhjell

Kåre Olav Solhjell:

OLAV SLETTØ-SAMLINGA OG OLAV SLETTØ-SELSKAPET

UNG I SLETTØ, GAMMAL PÅ GEILOTUN

Olav Sletto var fødd 21. juni 1886 og voks opp hjå besteforeldra på Sletto i Holsbygda. 16 år gammal drog han til Voss på folkehøgskole, og to år seinare til Notodden på lærarskole. Ein vinter var han lærar i Vats, og hausten 1909 vikarierte han for klokkaren i Hol, Sjugurd Reinton, som hadde vore hans eigen lærar ved skolen i Holet. I fleire år før han landet rundt som reisetalar, men i 1917 fekk han fast stilling som folkehøgskolelærar på Heimtun i Fiskum. Etter det arbeidde han i folkehøgskolen heilt til styresmaktene tok skolen hans på Sørumsand i 1940.

Frå 1917 levde Olav Sletto utan kontakt med heimbygda i nesten tretti år. Han kom ikkje heim att før mor hans døydde i 1946. Då flytta han og Karin inn i det huset mora hadde hatt på Geilo. I diktinga hadde han kome heim før. Per-bökene, der den første kom ut i 1939, har tema frå heimbygda, på same måte som debut-boka frå 1908. Det same gjeld Silju-bökene og Olver-bökene, som for største delen er skrivne etter han kom heim. I 1958 flytta han og Karin inn på Geilotun, der dei budde resten av livet. Den siste boka kom ut i 1963, få månader før han døydde.

Olav Sletto voks opp med utsyn over den gamle Holsbygda, men aldersåra levde han i den moderne turistbyen på Geilo. Denne spenninga mellom det gamle og det nye, mellom den austre og den vestre dalen, er eit hovudtema i den seinare diktinga hans. Det var også eit viktig tema då han ved slutten av livet var med og la regien for sitt eige ettermæle. Han ønskte seg ein minnestein i Sletto og ei minnesamling på Geilo. Det gjekk ikkje heilt som han hadde tenkt.

MINNESTEIN I SLETTØ

Det ordna seg med minnestein. Tanken vart kasta fram under ein søndagstur i Sletto saman med vener, eit par år før han døydde. Ei tid etter skreiv Olav Sletto til søskenbarnet Jens Sletto og til Tor K. Hallingstad og fortalte at han gjerne ville ha ein minnestein i Sletto, og eit steinbord med eit par benkar på Slettokamben. Han nemnde også kva innskrifta burde vere. På minnestenen i Sletto står det beint fram: «Olav Sletto 1886 – 1963». Og på Slettokamben: «Olav Slettos bergstol».

I mai 1965 leita Jens Sletto og heradsagronom Kaare Aasen fram ein høveleg stein i vegkanten ned for Gamlestølen. Men noko steinbord greidde dei ikkje å finne. Kaare Aasen skreiv til formannskapet, og bad om at det vart valt nokre personar til å ordne med saka. Han meinte Sander Hallingstad var den rette til å sette opp steinen.



Steinen til minne om Olav Sletto var opphavleg plassert ved tunet ovanfor husa, men vart seinare flytta ned til vegen. Steinen vart avduka i september 1966 ved i høgtid til minne om Slettos 80-årsdag. Bustadhuset i Sletto er nyleg restaurert.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

Formannskapet valde Kaare Aasen, Sigurd S. Reinton og Jens Sletto. Steinen var først sett opp ovanfor tunet i Sletto, men vart i 1970-åra flytta ned til vegkanten.

Den dagen steinen vart avduka, var ein stor høgtidsdag i Hol. Dagen var søndag 4. september 1966, det året Olav Sletto ville ha fylt 80 år. Klokka 12 la sokneprest Olav Tysnes ned krans på grava til Karin og Olav Sletto ved kyrkja på Geilo. Klokka 2 var det samling i Sletto. Sigurd S. Reinton ønskte velkommen, og Hol Sangkor song. Lars Reinton stod for avdukinga, og Arnljot Eggen helsa frå Den norske forfatterforening. Ordførar Osvald Medhus helsa frå kommunen og Per Lilleslett frå ungdomsla-
ga i Hol. Professor Johs. A. Dahle presenterte boka «Ei bok om Olav Sletto», som han hadde skrive saman med Lars Reinton. Eva Sletto avslutta med å lese dikt som far hennar hadde skrive. Etterpå gjekk lyden opp til Kambenuten for å sjå utsikten frå Olav Slettos bergstol. Fjernsynet var til stades og gjorde opptak. Klokka 17 inviterte Hol kommune til festmiddag på Bygdahall.


OLAV SLETTOS SAMLING

I samsvar med Olav Slettos eige ønske overlét arvingane Slettos boksamling og samlinga av brev og manuskript til Hol kommune. Gåvebrevet vart referert i kommunestyret den 13. desember 1965. Samtidig valde kommunestyret Tomas Lien og Helga Fossgård til å ordne med gåva på vegner av kommunen. Tomas Lien var gift med søskenbarnet til Olav Sletto og var såleis eit bindeledd til familien. Helga Fossgård var biblioteksjef på Geilo og fekk såleis ansvaret for å ta imot gåva og finne ein høveleg oppbevaringsstad.

Det var trøngt med plass i biblioteket på Geilo, og Sletto-samlinga vart ståande nedpakka i kasser, medan åra gjekk. På 1980-talet vart det laga planar for nytt bibliotek og bygdearkiv i Holet. Då kom tanken opp at biblioteket der kunne få eit eige Sletto-rom, og at materialet kunne plasserast i bygdearkivet. Slik gjekk det. Sletto-samlinga vart overført til Holet bibliotek i 1988. Slettos ønske om at materialet skulle bli verande på Geilo, har såleis ikkje vorte oppfylt. På den andre sida vil mange finne det høveleg at samlinga nå er plassert ved den skolen han sjølv var elev, og der han vikarierte som lærar i unge år. I biblioteket er det funne plass til ei utstilling som langt på veg gjenskaper Slettos eige arbeidsrom. Arkivmaterialet er plassert saman med anna lokalhistorisk materiale på ein stad der alt ligg vel til rette for å finne ein arbeidsplass til den som ønskjer å studere diktaren Olav Sletto og forfattarskapen hans.

UNIK NORSK LITTERATURHISTORIE

I museumsrommet i biblioteket er ein del av bøkene og andre gjenstandar frå samlinga utstilt. Familien har elles vist stor velvilje for å overlate til biblioteket fleire av familiens klenodier. Dottera Eva Sletto har til dømes gitt fleire fotografier. I Slettorommet står det også ei byste av Olav Sletto, som opphavleg stod ved scenen på Bygdahall. Bysta vart skada, men Kaare Wensaas fekk ho reparert og flytta ho først til biblioteket i Hol og deretter til Sletto-rommet.



Ved biblioteket i Hol er det innreidd eit rom til minne om Olav Sletto. Der står skrivebordet hans og ein del av boksamlinga.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

Materialet etter Olav Sletto står framleis i bygdearkivet, i permar, pakker og kasser. Materialet er ikkje ordna eller katalogisert. Å få dette gjort, er ei av oppgåvene til Olav Sletto-selskapet. Det kan vere arbeid for ein student, eller for ein pensjonist som kjenner Olav Sletto godt. Ein stor del av samlinga er bøker, mange av dei på tysk. Elles er det lause notatar, brev og uferdige manuskript.

I 1997 var litteraturforskar Willy Dahl i Hol og heldt foredrag om Olav Sletto i regi av biblioteket og Folkeakademiet. Han sette av nokre timer til å sjå over samlinga saman med Kaare Wensaas, som hadde ansvar for kursverksemda i biblioteket. Ved det høvet uttrykte Willy Dahl seg omtrent slik: «Denne samlinga er unik norsk litteraturhistorie og må arbeides med. Hol kommune må se sitt ansvar for å få registrert samlinga og forske på den». På denne måten gav Willy Dahl ei viktig tilskudding til vidare arbeid med materialet etter Olav Sletto. Då Kaare Wensaas inviterte til seminar i november 2000, viste han til denne uttalen frå Willy Dahl.

KAARE WENSAAS, EI ELDSJEL

Under Olav Sletto-seminaret i november 2000 sa Arne Skogheim dette: «Hadde det ikkje vore for Kaare Wensaas, hadde det ikkje vore noko Sletto-seminar». Det var under dette seminaret at tanken om eit Olav Sletto-selskap vart kasta fram for første gong. Difor kan det også seiast at utan Kaare Wensaas hadde det neppe vorte noko Olav Sletto-selskap. Vi må bruke nokre linjer på å fortelje om denne eldsjela blant kulturarbeidarane i Hol.

Kaare Wensaas vart først kjent med Olav Sletto under landsstemnet for Noregs Ungdomslags på Geilo i 1962. Då møtte han også Sletto sjølv. Teatergruppa framførte den gongen spelstykket «Gamle Vehall», og Wensaas hadde ansvar for rekvisitane. Wensaas snakka ikkje nynorsk og fekk ikkje vere med og spele. Då Hol fekk sitt første kulturstyre i 1976, vart Wensaas valt til formann, eit verv han hadde i ti år. På denne tida var han også leiar for Hallingdal Fylkeslag av Noregs Ungdomslag. I desse verva var han særleg oppteken av kulturvern i vid meinings. Han fatta også interesse for Sletto-samlinga og deltok saman med biblioteksjef Terje Vindegg og andre i planlegginga for å føre samlinga over til biblioteket i Holet.

Sidan 1972 har Kaare Wensaas vore leiar for Folkeakademiet i Hol. Det har som oppgåve å arrangere kurs, foredragskveldar og andre kulturarrangement. Han var såleis med og arrangerte det første Sletto-seminaret, som var halde på Geilo ved hundreårsjubileet i 1986. I 1994 vart Kaare Wensaas sjølv tilsett i biblioteket, etter at han hadde arbeidd som ungdomssekreter i 12 år. Som bibliotektilsett fekk han ansvar for biblioteket sine kulturarrangement, framleis med Folkeakademiet som «teknisk arrangør».

Ved 110-årsjubilet for Olav Sletto vart det i september 1996 arrangert ei jubileumstilstelling på Bygdahall. Tilskipinga var leia av ein komité med deltaking frå biblioteket, folkeakademiet, bondekvinnelaget og mållaget, men med Kaare Wensaas som engasjert pådrivar. Vidar Bergset og teatersjefen ved Det norske teateret, Svein Erik Brodal, deltok som tilreisande gjester.



Under Olav Sletto-seminaret i 2000 stansa foredragshaldarane ei stund på Sletto-rommet i biblioteket. Dei to som sit fremst, er frå venstre Willy Dahl og Leif Tufte.

Bak står frå venstre: Per Olav Reinton, Vidar Bergset og Jul Haganæs.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

Det var professor Willy Dahl sitt engasjement som utløyste seminaret i november 2000. Der vart spiren til Olav Sletto-selskapet planta.

OLAV SLETTSEMINARET I 2000

Seminaret i november 2000 vart til i eit samarbeid mellom Kaare Wensaas og avdelingsleiaren ved biblioteket i Holet, Marie Skogheim. Mannen hennar er ordførar Arne Skogheim, som også er ein stor kjennar av Olav Sletto. Han tok på seg å leie seminaret. Skogheim har lese frå Olav Sletto sine bøker i Radio Hallingdal sidan midt på 1980-talet. Då begynte han med ei forkorta utgåve av Per-bøkene og heldt fram med soga om Røgnaldfolket. I 2001 begynte han ein ny opplesingsserie frå Per-bøkene, denne gongen frå originalutgåvene. Arne Skogheim har også ei nær komplett samling av Olav Sletto sine bøker.

Seminaret vart ein brei presentasjon av Olav Sletto og diktinga hans. Foredraga var innramma av felespel av Per Lilleslett og av diktlesing av Randi Kock. Innleiingsvis fortalte biblioteksjef Håkon Sukke om bakgrunnen for Sletto-samlinga, og tidlegare ordførar Osvald Medhus tala om Sletto og heimbygda.

Willy Dahl tok utgangspunkt i det vesle stykket «Lovi um elden og røyken», som handlar om korleis ivrige lærarar gjerne legg røyk over den logen som stig opp frå brennande åndsmenneske. Han meinte Bjørnson heldt på å bli offer for denne loven. Det låg alt ei røyksky av skrifter og lærde dommar over den store diktaren, slik at logen Bjørnson slokna. Kanskje kjende Sletto seg som offer for det same? Willy Dahl bad eigaren av Sletto-samlinga legge seg dette på minnet. «Gå ikke løs på bøkene stilistisk og formelt, skriv ingen hyllest til stil og rytmikk og grammatikk. Bøkene står der, de kan alltid kommenteres. Men i det arkivet jeg har sett, ligger det råmateriale til kulturhistorie skrevet på en ny måte. Det forteller noe om det vi kan kalle skriftvilkårene her i mellomkrigsårene og de første etterkrigsårene. Det er et materiale som skriker etter systematisering. Det er ikkje nødvendig i første omgang å skrive biografi, den er for så vidt alt skrevet. Men jeg etterlyser en kulturhistoriker».

Etter innleiingsforedraga følgde ein panelsamtale med nye innleiingar. Jul Haganæs helsa frå Valdres, Vidar Bergset kommenterte alle breva i samlinga, Leif Tufte la vekt på språk og stil, medan Per Olav Reinton framheva Slettos europeiske orientering.

Det var Jul Haganæs som sa dei forløysande orda: «Kan det vere ein tanke å skipe eit Olav Sletto-selskap?» Arne Skogheim følgde opp. Han lova å ta initiativ til å få skipa eit slikt selskap. Han meinte at eit Olav Sletto-selskap kunne bli ein pådrivar i det vidare arbeidet med Sletto-samlinga.

OLAV SLETTOS SELSKAPET BLIR SKIPA

Arne Skogheim kalla inn til skipingsmøte for Olav Sletto-selskapet på Vika velferdsenter 3. mars 2001. Invitasjonen gjekk til deltakarane på seminaret i november året før. 16 personar var til stades. Arne Skogheim opna med å lese utdrag av «Lovi um elden og røyken», henta frå boka «Glør» som kom ut i 1930. Dette var den same teksten som Willy Dahl hadde som utgangspunkt for si innleiing under seminaret i november. Målet for Sletto-selskapet skulle vere å nøre opp under elden, heller enn å legge røyk over Olav Slettos livsverk.

Juel Stubberud frå Kongsvinger var invitert til å fortelje om Hans Børli-selskapet, som var skipa i 1992. Stubberud og Børli-selskapet kan på denne måten reknast som fadrar for Sletto-selskapet.

Arne Skogheim la fram forslag til vedtekter, som vart vedtekne med små endringar. Selskapet sitt formål er å styrke interessa for Olav Slettos forfattarskap, mellom anna ved å arbeide for at litteraturen skal bli meir tilgjengeleg, og at bøkene skal bli meir brukt i skoleveket. Selskapet skal også fremje interessa for Sletto ved å gi ut publikasjonar, arrangere kurs og seminar. Det skal kvart år haldast årsmøte på Olav Slettos fødselsdag 21. juni, eller på nærmeste laurdag. Det er vidare ei hovudoppgåve å ta vare på og utvikle Sletto-samlinga, og sørge for å legge til rette for systematisering og forsking med grunnlag i materialet i samlinga.

Desse vart valde som styremedlemmer: Jul Haganæs, Arne Skogheim, Turid Birgit

Lien, Per Lilleslett, Kaare Wensaas og Kåre Olav Solhjell. Arne Skogheim vart vald til leiar og Turid Birgit Lien til nestleiar.

Sidan selskapet vart skipa, er det arrangert årsmøte med fyldig program både i 2001 og 2002. I 2001 kåserte Magne Myhren om Olav Sletto, før møtelyden drog opp Sletto. I 2002 heldt årsmøtet ei markering ved Slettos grav på Geilo. Selskapet har fått eigen logo, utforma av Trond Andersson, og det blir sendt ut medlemsbrev. Målet er å sende ut eit enkelt meldingsblad minst to gonger i året. Årboka for 2002 er selskapets første større løft. Det store prosjektet, som er å få i gang registrering og forsking med utgangspunkt i Sletto-samlinga, er førebels uløyst.

Olav Sletto-selskapet er registrert i foretaksregisteret i Brønnøysund med nummer 983 109 551. Adressa til selskapet er Olav Sletto-selskapet, Boks 114, 3576 Hol.

Ved årsmøtet i 2002 hadde selskapet 55 medlemmer. Selskapet ønskjer seg fleire, både personlege medlemmer, organisasjonar og offentlege organ. Medlemspengane er 100 kroner.

KJELDER:

*Solhjell, Kåre Olav: Hol i hundre år bind I s 539 flg.
Hol kommunearkiv: Formannskapsarkivet 1965 og 1966.
Olav Sletto-selskapet: Diverse materiale.
Samtale med Kaare Wensaas 4.5.2002.*

Kåre Olav Solhjell:
OLAV SLETTØ, BORTREIST OG HEIMKOMEN

OLAV SLETTØ, EIN GÅTEFULL DIKTAR


Olav Sletto er diktaren i Hol, framfor andre. Han vokser opp på Sletto i det austre dal-føret, og levde pensjonsåra på Geilo i det vestre. Ein lang bok av livet levde han utanfor bygda, og han skreiv om emne som var bygda fjernt. Men det var her han begynte og det var her han slutta.

Det følgjer gjerne noko gåtefullt med ein diktar. Olav Sletto er gåtefull så det greier seg. Likevel har nye gåter vorte dikta til, slik at dikt ikkje alltid kan skiljast frå sanning. Slikt kan skje med personar som skil seg ut frå det vanlege. Mor hans var ei ung, ugift jente som hadde reist utover for å tene. Namnet hennar var Anne Jensdotter Sletto. Ho var berre 19 år då Olav vart fødd i 1896. Johannes Kristiansen Lundeby, ein ung gardbrukar frå Sande i Vestfold, er skriven som far til barnet. Johannes Lundeby døydde ugift i 1900, 38 år gammal.

At faren skulle vere sjølvaste Bjørnstjerne Bjørnson, har Lars Reinton avvist som grunnlause rykte. Folkehøgskolelærar Audun Thorsen, som har granska Bjørnson sine brev, seier det same. Men rykta lever vidare. Også Sletto sjølv og andre i familiien har gitt næring til dei. Og Lars Reinton har i eit radiointervju sagt at det ikkje kan førast noko avgjerande bevis for at Bjørnson ikkje kan vere faren. Det er elles vel kjent at Sletto var ein stor beundrar av Bjørnson og at han ved minst eitt høve fekk møte den store diktaren. Det kan ha gitt næring til rykta at Sletto reiste landet rundt med sitt «Bjørnson-foredrag». Då vart det sagt at Sletto, nett som Bjørnson, var ein av dei største folketalarane i landet. Somme meinte også å sjå at Sletto hadde andletsdrag som minnte om diktaren på Aulestad. Og med alpeluva på var posituren den same.

Kort etter at Olav var fødd, reiste mora attende til Vestfold for å tene. Der fekk ho endå eit barn, Jenny, fødd i 1891. Så vokser Olav Sletto opp hjå besteforeldra Jens og Birgit på Sletto. Veslesøstera Jenny kom også dit. Olav skulle tru at besteforeldra var rette mor og far hans. Han skulle først få vite den rette samanhengen i konfirmasjonsalderen. Han fann det ut før. Men han fekk aldri noko nært tilhøve til mor si. Han møtte henne ein gong i oppveksten. Neste gong han såg henne var i 1915, etter at mora hadde slege seg til på Geilo. Då var Olav Sletto 29 år og landskjend.

I dei sjølvbiografiske bøkene og i oppteikninga han etterlét seg, var Olav oppteken av å finne ei forklaring på korleis det kunne gå til at han, med ein slik bakgrunn, kunne bli diktar. Han leita såleis etter diktarevner i slekta, helst på morsida. Lars



Tunet i Sletto der diktaren voks opp hjå besteforeldra. Hovudhuset er under restaurering.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

Reinton, som saman med Johs. A. Dahle har skrive biografien over Olav Sletto, leita i same lei. Men dei legg også vekt på oppvekståra i Hol og på den opplæringa han fekk i heimen og i skolen. Naturen i Hol er kulissar i bøkene hans, også når han skriv om emne frå Israel og frå Hellas i antikken. Bygda gav han dessutan eit persongalleri som kunne gi personane i bøkene hans karakter. Mange av dei kunne brukast som dei var, utan å dikte noko til. Bøker fekk han låne i boksamlinga, hjå presten og klokkaren, og elles der det høvde. Nynorsk stil lærte han ved å skrive av nynorsk litteratur og ved å lytte til forteljaren Nils Løingslåttun. Det var klokkaren Sjugurd Reinton som tilskunda han til det.

ETTER DEBUTROMANEN DROG SLETTØ UT I VERDA

Vinteren 1902-1903 gjekk Sletto folkehøgskolen på Voss. Der var det særleg norsk-læraren Lars Eskeland som sette spor i utviklinga hans. Hausten 1904 reiste han til lærarskolen på Notodden. Sjugurd Reinton og eit par andre lånte han pengar og kausjonerte så han kunne få råd til å reise. På lærarskolen var livet pensum, og målet var eit papir. Der gjennomlevde han ei personleg krise, medan han streid for å finne framtidssvegen. Læraren hans i Hol var til god støtte for han i denne tida. Gjennom dette mogna det i han ei beslutning om at det var diktar han skulle bli.

Vinteren 1907-08 var Sletto lærar i Vats. Samtidig arbeidde han på den første boka som han fekk trykt, «Dei gamle». Modellar for hovudpersonane er dels henta frå ein gard i nabolaget og dels frå hans eigne besteforeldre i Sletto. Debut-boka hans har så-

leis ei sterk lokal farge, men tek samtidig opp eit allment tema. Dei gamle får døy i fred, etter at dei har gjort opp med medmenneske og forsona seg med seg sjølv.

Etter debutromanen drog Sletto ut i verda. Nokre veker om hausten utfalda han seg i litterære kretsar i hovudstaden. Han fekk gratisbillett til Nationaltheateret, og han gjekk på forelesingar på Universitetet, utan å vere innskriven som student. Frå Oslo drog han til Askov folkehøgskole i Danmark. Det skulle vere ei førebuing til ei stilling som folkehøgskolelærar. Men Sletto braut av i Askov og reiste til København i staden. Der møtte han Sven Moren som inviterte han med på ein tur til Tyskland. På denne måten gjorde han seg kjent med europeisk kunst og litteratur, og han lærte seg herredømme over tysk språk.

Olav Sletto var tiltenkt ei stilling på Olav Langelands folkehøgskole på Fiskum så snart skolen kom i gang. Men så kom det rykte frå Danmark. Det kom fram at han var vist bort frå Askov. «Grunden var hans forhold til de unge Piger, som han rent ud sagt hypnotiserede og kyssede». Han hadde også gjort seg til uvenns med Sven Moren, som nå hjelpte til med å spreie vondt rykte om sin diktarfrende og reisekamerat. Difor vart det inga stilling på Fiskum med det same. Læraren hans i Hol sat i styret for skolen og var med og stengde vegen. Utanlandsreisa fekk også ei anna følgje. Ho gav ny avklaring i den diktarvegen han skulle følgje. Han ville ikkje bli folkelivsskildar frå Hallingdal, slik Sven Moren rådde han til. Han ville skrive om meir allmenne emne. Lesarar vil likevel kunne leite etter emne dei saknar. Sletto skreiv ikkje erotiske skildringar, eller på annan måte avslørte intime sider ved livet til personane sine. Han var heller ikkje oppteken av sosiale emne eller samfunnsspørsmål i vidare mening. Det er den «åndelege» utviklinga til personane sine han vil skildre.

REISETALAR OG FOLKEHØGSKOLELÆRAR

Hausten 1909 vikarierte Olav Sletto ei stund for S. Reinton på skolen i Holet. Samtidig heldt han kveldsskole og underviste i nynorsk. Etter nyttår vart han reisetalar for ungdomslag og folkeakademi. I åra som følgde, fram til 1917, veksla han mellom dikting om sommaren og foredragsreiser om vinteren. Det var hardt å få endane til å møtast. I 1911 gifta han seg hemmeleg med Karin Bryde, dotter til ein skipsreiar i Sandefjord. For å få det til melde han seg ut av kyrkja og gifta seg borgarleg. Fire år seinare melde han seg inn att. Familien til kona hjelpte til så dei fekk bygd seg hus i Asker. Familien skøytte også på inntekta ei tid. Brevvekslinga viser at familien levde med samanhengande pengesorger, heilt til han fekk stillinga på folkehøgskolen på Fiskum.

I 1915 kom Sletto til Geilo for å halde foredrag på Holms Hotell. Då møtte han mor si, visstnok for andre gong i livet. Han såg også til besteforeldra som då budde i Bøkko. Det gjorde han vondt å sjå kor fattigsleg dei levde. Han kjende seg framand for folket sitt nå. Han fjerna seg meir og meir frå heimbygda, både når det galdt diktinga og omgangskretsen. Han kom ikkje eingong heim att til gravferdene då besteforeldra døydde i 1920 og i 1931.

Hausten 1917 fekk han fast stilling som lærar på folkehøgskolen «Heimtun» i



Vinteren 1909/1910 vikarierte Olav Sletto for læraren i Holet. Om kveldane heldt han kveldsskole for eldre elevar. Han underviste mellom anna i nynorsk. Diktaren sjølv sit i midten fremst. Første rekke frå venstre: Sissel S. Tufte (f 1891), Olav Sletto (f 1886) og Ågot S. Reinton (f 1892).

Andre rekke: Erling Medhus (f 1891), Tørleiv O. Nestegard (f 1890), Gudrun S. Reinton (Nestegard) (f 1888), Svein O. Nestegard (f 1879) og Sigurd S. Reinton (f 1894).

Tredje rekke: Marie Sondrol (f 1893), Lars S. Reinton (f 1896) og Margit Medhus (f 1894).

FOTO: OLAV S. REINTON, HOL BYGDEARKIV, 1910

Fiskum. Då fekk han samle seg om det han hadde meint var livskallet: Folkehøgskolen og diktinga. Han vart seks år på Darbu. Då hadde det bygd seg opp motsetningar til styraren Olav Langeland, og Sletto såg seg om etter andre oppgåver. Hausten 1923 vart han styrar på Romerike folkehøgskole på Årnes. Der fekk han tid til å skrive. Kvart år kom ei ny bok. I 1929 vart det bygd ein ny folkehøgskole for Romerike på Sørumsand, og Olav Sletto flytta med dit. Han gjorde teneste der heilt til tyske soldatar overtok lokala i 1940. Då måtte han sjå talarstolen sin sundslegen. I 1941 evakuerte han saman med familien til garden Bingen ved Glomma. Der budde han til 1946. Det året døydde mor hans, og Olav og Karin Sletto flytta til Geilo, der dei tok inn i det huset mor hans hadde hatt.

NY KURS PÅ 50-ÅRSDAGEN

På 50-årsdagen i 1936 skjedde det eit omskifte i Olav Sletto si dikting. Den dagen sette han seg til for å minnast attende til barneåra. Då steig dei fram for han i levan-

de bilde dei menneska han kjende i oppveksten. Utover sommaren og hausten skreiv han ned desse minna i ei «minnebok». Denne minneboka danna i si tid råmaterialet til Per-bökene, der han sjølv er hovudperson. Det første bindet, «Per Spegil», kom ut i 1939.

I arbeidet med Per-bökene fekk han også hjelp av det første bindet av bygdeboka «Folk og fortid i Hol» som kom ut i 1938. Dei fire Per-bökene kom ut i åra 1939-1942. Med desse bökene vart Olav Sletto «folkelivsdiktar», det han ikkje ville bli. Og med desse bökene, der han vende attende til seg sjølv og si eiga bygd, fekk han det endelege gjennombrotet som diktar. Nå kunne ikkje-kritikarane i hovudstaden heilt oversjå han lenger.

Samtidig med at Sletto fekk vidare anerkjenning som diktar, tok helsa til å skrante. I 1940 fekk han eit lettare slagtilfelle, og han hadde hjartefeil og magesår. I 1941 sokte han permisjon frå skolen, og tre år seinare gjekk han av med invalidepensjon. Då fekk han samtidig meir tid til diktinga. Den fridommen dette gav, utløyste krefter til å skrive bökene om «Røgnaldfolket». Under førebuinga til dette verket gjekk han i «ein salig rus». «Fær eg det til som eg no ser det, skal Hallingdal få sin roman», skreiv han i eit brev til Lars Reinton i 1942.

«Soga om Røgnaldfolket», som også kan kallast «Soga om Silju», fekk fem dryge bind. Modell for hovudpersonen, presten Silju, er Erling Grønland, som var kapellan i Hol 1885 - 1886. Dessutan brukar Sletto sin eigen lokalkunnskap med støtte i Lars Reintons doktoravhandling om Villandætta og dei to binda av bygdebøker som då var komne ut. Arbeidet med dei to siste binda av soga om Røgnaldfolket vart gjort etter at han hadde flytta til Geilo. Det høvde godt. For desse bökene handla om den forandringa som kom til bygda med jernbanen og turistnæringa.

DET ER TAPAREN SOM VINN

Olav Sletto måtte tåle kritikk for haldninga si under krigen. Det skuldast ikkje at han beinveges støtta okkupasjonsmakta, men meir at han stilte seg motvillig til delar av motstandsrørsla. Han meinte det var eit «svik av Kristi ånd og av tolmodsløvi» når prestane sette i gang streikeaksjonar. Han meinte motstandsrørsla gjorde gale i å bruke våpen og nytte terror, nett som motstandarane. Det var det same som å «kjaga djeverlen med Belsebub», skreiv han i eit brev til Lars Reinton i 1944. Det var den passive motstanden han gjorde seg til talmann for. Dette synet er også ein grunntone i diktinga hans. Det er taparen som vinn, det er tenaren som vinn siger. Han tala det same den tida han sjølv var på moen i 1910-11. Då samla han soldatane og heldt antimilitaristiske foredrag, noko han fekk skarp irettesetting for av sine overordna.

Fleire av barna til Karin og Olav Sletto var aktive i motstandsrørsla. Stundom kjende han seg som gissel for dei. Det hende han måtte stå med hendene i veret og la seg forhøyre om kva sonen hans dreiv med. Slike opplevingar kunne få han til å velje ei meir forsiktig linje andsynes okkupanten enn han elles ville ha gjort. Tidleg i krigen fekk Sletto diktarlønn. Lars Reinton har klandra han for at han tok mot lønna, og har kalla det hans største mistak. Etter krigen vart Sletto ekskludert frå forfat-

tarforeininga på grunn av det same. Denne kritikken kan synast urettvis. Det var Lars Reinton, som saman med andre, søkte om kunstnarlønn for Sletto, utan at diktaren sjølv visste om det. Søknaden var sendt før krigsutbrotet. Då lønna vart innvilga, var landet okkupert. Men det var ikkje gitt noko anna grunngjeving for kunstnarlønna enn den som var gitt i søknaden.

Samtidig med at han vart ekskludert frå forfattarforeininga, vart han også fråteken retten til å gi ut bøker i eitt år. Dette kjendest sårt. Nå kunne «den merkelege uvilje Oslo litteratane alltid har synt, få karakteren av fedrelandssinn», skreiv han til Lars Reinton i 1948. I 1960 fekk Olav Sletto kunstnarlønn for andre gong, 74 år gammal. Han kjende det som ei oppreising. Då budde han og Karin på Geilotun. Dei flytta dit i 1958, etter at helsa svikta for dei begge.

HOVUDPERSON I EIGNE BØKER

I serien om Olver, som fyller seks bind, er Olav Sletto sjølv hovudperson, utan at bøkene beint fram kan seiast å vere sjølvbiografiske. Dei kom ut i åra frå 1954 til 1963. Dei tre siste kom etter at diktaren hadde flytta inn på Geilotun. Den siste har titelen «På alderstun» og hentar emne frå livet på gamleheimen. Diktaren døydde same året, 77 år gammal. Kona hans døydde to år seinare. Dei er gravlagde på Geilo kyrkjegard.

Olav Sletto gav ut 44 bøker, og han etterlét seg manuskript, utkast og titlar til nes-ten 50 bøker til. Det meste av dette skreiv han medan han reiste som ferdatalar eller ved sida av lærargjerninga. Olav Sletto var såleis driven av ei arbeidslyst og ei arbeidskraft som overgår dei fleste. Av Oslo-kritikarane fekk han aldri den anerkjenninga han venta på. Men heimbygda har vist diktaren ære. Av kommunen fekk han frå 1950 ei lita ærelønn, og han fekk Bragdprisen for kulturell innsats. «Olav Slettos minnesamling» på Geilo bibliotek vart i 1988 flytta til biblioteket i Holsbygda. Oppi i Sletto har kommunen og ungdomslaga i Hol reist minnesteinar ved tunet og på Kambenuten like ved. Bokhandelen på Geilo kjøpte i slutten av 1950-åra restopplaget av Sletto sine bøker frå Olaf Norlis forlag, i alt kring seks tusen bind.

Om Olav Sletto måtte sakne den anerkjenninga han søkte, er han likevel langt frå nokon gløymd diktar. I Norges litteraturhistorie får han omtale over tolv sider. Det er særleg Per-bøkene og soga om Røgnaldfolket som blir løfta fram. Dette er bøker han skreiv etter at han vende attende til tema frå si eiga heimbygd.

KJELDER:

Artikkelen stod først på trykk i Kåre Olav Solhjell: Hol i hundre år. Bind I. Jernbanen og fjellbygda 1900 – 1950 s 539 – 542.
Artikkelen har fått anna overskrift og er litt omarbeidd.

Osvald Medhus:
OLAV SLETTØ OG HEIMEMILJØET HANS

«På Olav Sletto-seminaret den 5. november 2000 deltok to som hadde vakse opp i Sletto, i den same stugu som diktaren hadde trødd sine barneskor. Dette seminaret vart halde i Nerolsviken i Holsbygda. Ein kunne ikkje ha funne noko meir naturleg sted å halde eit Olav Sletto-seminar enn nettopp der. I nabologet her er det tett i tett med hus og stadnamn som ein finn att i Per-bökene og Silju-bökene.»

I mine oppvekst- og ungdomsår var det nok slik at når nabobar her i bygden treftest, gjekk samtalene helst om avling og avdrått. Men så skifta dei samtaleemne. Då Per-bökene og Silju-bökene kom ut, vart dei plutselig «litteratar». Desse bökene vart aldeles ei openberring for mange. Det er lett – eller rettare sagt, det var lett for folk her i Hol å kjenne att mange av personane i Per-bökene. Eg hugsar godt koss desse bökene vart motteknne. Folk som elles ikkje svalla stort om bøker og litterære emne – sat no lange stundi og svalla om det dei hadde lese. Dei lo og gledde seg – det var mest som dei hadde kome att frå ei vellykka oppdagingsferd! Sletto trefte folk heime!

Når Olav Sletto kunne skrive på ein slik måte, må han ha hatt eit godt minne, for det var gått mange år sia dei levde, dei som han skreiv om.

KOR KOM HAN FRÅ?

Mor til Olav Sletto, Anne Jensdotter Sletto, fødd 4. mars 1867, måtte som 18 års jente utover og tene, som så mange unge jenter i øvre Hallingdal på den tid. Anne hadde tenest ved Holmestrand. 19 år gammal kom Anne heim att til Sletto og fekk 21. juni 1886 ein gut, som vart døypt Ola, men i skulen skreiv han seg for Olav. Faren var gardmannsson Johannes K. Lundeby, Sande i Vestfold, fødd 5/6-1862. (Eg hoppar her over det hardnakka rykte om at ein annan var faren, ein av dei største diktarane landet har fostra.)

Familieforholda kom til å spela ei stor rolle i Slettos liv og dikting. Radt etter at Olav var fødd, reiste mora ut på bygdene att, til Vestfold. Olav skulle først tru at besteforeldra var foreldra. Bestefaren var då 46 år gammal, bestemora 47. Når han kom i konfirmasjonsalderen, skulle han få greie på rette samanhengen. Men han fekk greie på det lenge før.

Olav vokser opp i Sletto, saman med besteforeldra, den 5 år yngre halvsyster si, Jenny, morbrørne og morsystrene.

SO MYKJE SOL OG LYS

Brukset Sletto ligg i åsbrøtet ova Holsbygda, 760 meter over havet. Bratt og veglaust var det. Frå Sletto var det på den tid lettare å koma seg på åsen enn åt bygden.



Olav Sletto vokste opp sammen med besteforeldra i Sletto. Fremst: Bestefar Jens J. Sletto (f 1840), Jenny Sletto, som var søster til Olav (f 1891) og bestemora Birgit Olsdotter Sletto (f 1839). Bak: Kari Sletto (f 1877), Olav Sletto (f 1886) og Guro Sletto (f 1869). Kari og Guro var tantene til Olav.

FOTO: E. T. BRAATEN, HOL BYGDEARKIV

Skulevegen til Olav var både lang og bratt. Vinterstid vart det å bruke ski eller vabbe i laussnøen. Men om det var tungvint på mange måtar, ser det ikkje ut som Olav ensa det, eller at dette sit att i minne hans, - det strevsame har visst ikkje gjort noko inntrykk på han. Først og fremst verka naturen sterkt på han og sette uuslettelege merke i hugen hans, skriv Lars Reinton. Naturen viser seg storfelt frå garden Sletto, med veldig utsyn sørover og nordover. Herifrå kunne ein sjå både Oddnakk og Sangefjellet.

Og Sletto skriv:

«Og med gardane kransa oppetter hellingi - og òm og søg - natt og dag ein undertone som minte om orgel - frå Djupedalsfossen og Hagafossen. Inni let ein bekk som risla og rosla bak låven på garden, og gamle ospetre nær husi som skolv og varsla den lange sumar. På hisida husi granskog der vinden gjekk i tak, fall og stigning i all slags ver. Musikk. Alltid musikk.

Slik var heimstaden. Alltid kjensle av at ein budde høgt og såg vidt og fritt -alltid so mykje sol og lys - nær himmelen. Alltid sterkt, rein luft. Alltid høgtid.»

Det slær meg at inntrykket frå heimstaden, der dei «budde so høgt og såg vidt og fritt - alltid so mykje sol og lys -», vart på ein måte eit hovuddrag i diktinga hans.

I den sjølvbiografiske framstillinga «Knudaheibrev» har Arne Garborg skildra sitt heimemiljø med tunglynde og mykje kvardagssynd. Olav Sletto har gjort noko av det same i Per-bökene og Siljubökene. Men for den unge Olav var ikkje dagane oppi Sletto fylte av synd. Meir ulike vilkår kunne knapt nokon gutar ha i sin oppvekst, enn dei som Ådne og Olav hadde, bære fødde i siste halvdel av 1800-talet. På kor sin måte brende inntrykka og opplevingane frå barneåra seg fast i dei unge og mottakelege sinna; bære vart merkt av det for heile livet. I mykje av sin tidlege forfattarskap går det tydeleg fram at Garborg slit med konfliktfylte åndsretningar. Han blir ikkje kvitt tunglyndet heimanfrå.

Med Sletto er det motsett; han fær ikkje vondt når han tenkjer tilbake på Sletto og minnest miljøet i heimbygda. Rolf Thesen seier at det er tydeleg at diktaren med vilje har ynskt å streka under kor friskt dette folkelivet var her, før jernbanen kom.

I «Minneboka» har Olav Sletto gjeve ei skildring av heimemiljøet han voks opp i. «I alt dette voks eg opp,» skriv Olav Sletto, «det var så langt frå å vera primitivt at det nærma seg utbladd og ageleg. Og det same stilfaste og utbladde var det òg i skikkar, sed, umgangstone og samtalemåte.» - No kan det hende at Sletto, når han slik skriv om barndomsheimen sin, bevisst tek med berre det beste.

GLØYMDE HAN BARNDOMSHEIMEN OG HEIMEGRENDÅ?

Ein diktar er ikkje jamt lett å bli klok på. Nemnast bør vel òg at Olav Sletto eigentleg for ei lang tid meir og mindre flykta frå sitt heimemiljø, ikkje berre i sin forfattarskap. Det ser ut som han for ei tid «gløymde» barndomsheimen og heimegrenda. Etter at han i 1908 hadde skrive den første boka «Dei gamle», skreiv han i tidsrommet 1910 – 1939 i alt 25 bøker, fleire med kristeleg-historisk innhald med emne frå



Lærar Sjugurd Reinton saman med elevane på skolen i Holet i 1897, det året Olav Sletto var 11 år.
Første rekke frå venstre: Torstein K. Seim, Pål O. Søndrol, Svein A. Ellingplass, Olav S. Tufte, Ola S. Søndrol, Svein O. Slåtto, Embrik O. Søndrol, Gro M. Bøkko, Guri K. Søndrol, Gudrun T. Sundre og Gro O. Hallingstad.

Andre rekke: Lars E. Rotebakkdokken, Lars P. Nedremyr, Eilev E. Hallingstad, Hans O. Nestegard, Elling T. Berget, Kari S. Søndrol, Anne S. Søndrol, Margit K. Rue og Sigrid A. Smedsplass.

Tredje rekke: Erik S. Tufte, Lars S. Søndrol, Arne L. Elven, Torleiv S. Reinton, Ola H. Slåtto, Hermun O. Slåtto, Gudrun S. Reinton, Birgit A. Hallingstad, Jorann T. Sundre og Sissel K. Søndrol.

Fjerde rekke: Vebjørn A. Rue, Tomas L. Elven, Knut S. Rudning, Elling E. Hallingstad, Elling H. Slåtto (Holshagen), Halvor S. Eikro, Ola O. Ellingplass d.e., Kristi T. Sundre, Margit K. Søndrol og Margit O. Søndrol.

Femte rekke: Ola O. Ellingplass d.y., Olav Sletto, Sigurd T. Sundre, Olav S. Reinton, Karl S. Mølnedalen, Ola O. Slåtto, lærar S. Reinton, Sigrid O. Nestegard, Anne O. Nerol, Haldis S. Hago og Anne O. Søndrol.

FOTO: HOL BYGDEARIV, 1897

tidleg kristen og romersk tid. Olav Sletto tok ein lang sving før han kom tilbake til det heimlege att i sin forfattarskap.

Eva Sletto har fortalt at ho visste ikkje noko om Sletto og besteforeldra der, før plutselig ein dag det kom ei dame heim til dei, og far presenterte mor si for oss ungane. Frå førstninga av 1920-åra og til 1946, då Olav Sletto flytte til Geilo, hadde han ikkje besøkt barndomsheimen sin, det eg veit. Årsaka til det veit ingen, dei kan vera fleire. At Olav Sletto no var kome inn i eit miljø svært ulikt sitt heimemiljø, er sikkert.

I Sletto var det fattigsleg. Gamle-Jens, bestefar til Olav, hadde kør i Sletto frå 1922

til han fall frå i 1931. Gamle-Jens var så snill, fortel Barbro Sletto, han tok ikkje ut heile køret. Han låg og budde uppi taki (på hemsen), der det berre var plass til ei seng, og der det var så lågt under taket at ein vaksen ikkje kunne stå oppreist, sjølv under mørningsåse. Mor kokte særskilt til Gamle-Jens - og flidde han maten frå ste-ga, fortel Barbro.

ARVEN FRÅ HEIMEN

Kva Olav Sletto har fått i arv, er ikkje godt å veta. Far til bestemor hans, Ola Sevatson Svarteberg, «Jalleskulen» dei kalla, hadde diktar-evner. Det finst nokre dikt etter han. Og det er etter han Olav (Ola) vart oppattkalla.

Det var og er visse særdrag i Sletto-slekta, som det kan vera interessant å ta fram ved dette høve. Forfedrane hans på morsida like attende til tippoldefaren, og som alle heitte Jens, var heste- og fehandlarar. Handelskarar var òg to av morbrørne til Olav Sletto, Jon og Jens. På morfar-sida var dei såleis heste- og fehandlarar alle, i stor stil.

Olav Sletto sa ein gong om bestefaren sin: «Han var ein god forteljar – eg håpa eg kan likne han.» Bestefaren, Gamle-Jens Sletto, var flink til å fortelja. Av di Jens ikkje kunne lesa, var hans evne til å fortelje ikkje «forstyrra» av det skrivne ord. Eg lura på om ikkje det medvirka til at bestefar Jens vart slik ein meisterleg forteljar. Og han må ha hatt eit særskilt godt minne, han laut halde greie på alt han skulle handle og ordne for andre då han dreiv med lassekøyring frå Gulsvik. Og av di han heller ikkje kunne skrive, kunne han ikkje stø seg til notat, men var avhengig av å hugse det. Det følgde slikt humør med 'o Jens då han kom på ein kvilingsplass, har ein fortalt som hadde opplevd det. Nemnast må med at bestefar Jens var god til å låte på kjafte, og han vart mykje brukt som fyretalsmann. Det finst atskilleg musikkgivnad i Slettoslekta. Fremst i så måte var morsyster til Olav Sletto, Guro Myrvold. Sjølv spelte Olav hardingfele.

Dette med eit uvanleg godt minne og musikkgivnad er eit særtrekk i Slettoslekta. Men framom alt gjeld dette evna til å fortelje. Eg tenkjer til dømes på dei mange samtalene eg har hatt med syskenbarnet til Olav Sletto, Jens Sletto, f. 1912. 15 timer av desse forvitnelege samtalene er festa til lydbandet.

MI OPPGÅVE VAR AV EIT ANNA SLAG

Eg har teke fram desse glimt for å prøve å dra ei line tilbake til diktaren Olav Sletto.

Ein kan saktens spørja kvifor Olav Sletto ikkje skreiv om fattigsamfunnet, slitet, urettferda som fanst. Det var nok av det òg i denne bygda han vaks opp i, som i samfunnet elles på den tid. Manglar det noko her i enkelte miljøskildringar? Det kan godt hende. Sletto vart iallfall ikkje nokon «sosial-diktar», endå det vart på moten i hans tid. I ein samtale eg hadde med Olav Sletto, fortalte han at den gode venen hans, Alf Larsen, meinte å ha funne ut at han hadde særskilde evner til å kunne skildre det erotiske. – I så fall tok Olav Sletto ikkje dei evnene i bruk i diktinga si. Det var nok heilt bevisst, trur eg.

I 1938 skriv han:

«Kva hadde vore i vegen for at eg kunde ha teke kynslivet til hovudmotiv i mine bøker – eller sosiale – eller i det heile retta meg etter Oslo-kritikken, og fått – dei andre med meg. Berre eitt var i vegen, eg kjende at mi oppgåve var av heilt anna slag.»

Han heldt vegen han valde, endå då kastevindar kom – ja han sto imot også i vedvarande motvind.

Og Sletto skriv:

«Dei idealistiske diktarane visste godt kvifor dei braut med naturalismen. Dei kunne ikkje godta tvangsprgram som naturalismen sette opp: at det i diktinga ikkje skulle vera plass for solskinet, uskulda, lykka.»

Sletto var ein ikkjevalds-talsmann i aller beste tyding. Tenarånde var eit hovudmotiv.

Visst reiste Olav Sletto mykje – også utanlands – og råka mange personar som gav han verdfulle impulsar. Men kanskje var det likevel, når alt kjem til alt, frå heimemiljøet han henta dei viktigaste impulsane og som sterkt forma han som forfattar.

Sletto trudde på det lyse i menneskesinnet. Det positive. Når vi ser oss omkring i dag, skulle det vere rart om vi ikkje kjem på at vi treng nokon som forvarar solskinet, lyset. Vi bør i dag lesa Olav Sletto. Vi treng det.

Jul Haganæs:
GUTEN FRÅ KAMBENUTEN

SLETTOPÅ SKI TIL VALDRES

I den boka om Olav Sletto som kom på Det Norske Samlaget i 1966, fortel dr. philos. Lars Reinton at Sletto ein gong gjekk over fjellet frå Hallingdal til Valdres for å halde foredrag. Det var om vinteren, så han gjekk på ski, og han skulle overnatte på ein gard som låg om lag ei mil inne på fjellet. Men så vart det uver. Det vart snøstorm, og det vart så ille at Sletto til slutt ikkje visste kvar han var eller i kva for ei retning han skulle gå. Og så kom natta.

Om dette fortel Lars Reinton slik: «Han gjekk vill og stridde i fire og ein halv time for sitt liv. Snødrevet slo han i andletet og blinda han, han seig over ende. Smelta snø rann ned etter rygg og bryst. Med nauda kom han fram til folk.»

Reinton fortel ikkje noko om det som hende vidare på denne dramatiske ferda. Så eg veit ikkje om Sletto snudde og gjekk attende til Hallingdal, eller om han fullførde turen til Valdres og heldt det foredraget han hadde teke på seg å halde der. Eg vil helst tru at han gjorde det siste.


TO ÅNDSFRENDAR I VALDRES

Eg må ærleg vedgå at eg kjenner meg som sporf i tranedans når eg skal skrive om ein så stor åndsmann som Olav Sletto. Som sjølve Kambenuten ovanfor barndomsheimen hans, ruver denne diktaren i medvetet. Dette nemnde eg på eit styremøte i Sletto-selskapet, men då sa Per Lilleslett at vi må ikkje la vørtnaden for Sletto bli så stor at vi ikkje vågar å gå nærmare inn på han.

Per hadde sjølv sagt rett i dette. Og når eg no skal sette på prent nokre ord i dette fyrste skriftet frå Sletto-selskapet, så vil eg bera fram ei helsing frå det litterære Valdres og dei åndsfrendane Olav Sletto har hatt der. Eg tenkjer då særleg på Knut Hauge og Trygve Bjørgo. Dei er dessverre borte båe to, men eg veit at den åndelege skyldskapen mellom dei og Olav Sletto var sterkt. Ein mann som kjende Olav Sletto, og som har store kunnskapar om livsverket hans, har fortalt meg at Sletto heldt valdrisen Knut Hauge for å vera ein stor diktar. «Han kan bli ein ny Olav Duun,» skal Sletto ha sagt om denne åndsfrenden sin i Vestre Slidre.

Trygve Bjørgo var ein varsam mann i omgangen med store ord. Men han brukte ordet gigant om Olav Sletto som diktar. For den som kjende Trygve og det han stod for, er dette ei utsegn med stor tyngd og som gir grunn til ettertanke.

I tidsskriftet «Edda» skreiv Trygve Bjørgo ein artikkel om den boka eg alt har nemnt og som har den smålåtne tittelen «Ei bok om Olav Sletto».



Valdresdiktaren Jul Haganæs sette seg i 1997 i Olav Slettos bergstol og tok inn over seg det same utsynet som Olav Sletto gjorde hundre år tidlegare.

FOTO: UTLÅNT AV JUL HAGANÆS

Der skreiv Trygve Bjørgo mellom anna dette:

«I Olav Slettos roman «Stefanus» skreiv diktaren ein stad: «I det ytre er tenaren Stefanus ein tapar, i røynda ein sigervinnar.» Med ein viss rett kan ein seia det same om Sletto sjølv og diktinga hans. Tvilleust var han ein diktar av verkeleg stort format, men kritikarar og litteraturhistorikarar flest godkjende ikkje Sletto før det var for seint til at han fekk nokor særleg glede av det. Uvanleg sterk lyt han ha vore som kunne gå sin eigen veg så lenge og så åleine – ein sjølv-vald einsemdvæg får ein elles inntrykk av – i eit litterært miljø der dei aller fleste smaksdomarar i lang tid må ha vore utruleg tungnæme og stirblinde andsynes Olav Slettos dikting, kva no årsakene kan ha vore til det.»

EINESTÅANDE I NORDEN?

Men det fanst då heldigvis dei som såg stordomen hjå Olav Sletto. Bjørnstjerne Bjørnson og Carl Nærup brukte sterke lovord då han steig fram som debutant berre 22 år gammal. Mellom dei som elles kom til å sette diktinga hans svært høgt, var den svenske forfattaren og kritikaren Henry Peter Matthis som hevda at Slettos romanar med emne frå Bibelen og kyrkjesoga var noko eineståande i heile Norden. Og den svenske erkebiskopen Nathan Söderblom skreiv i brev til Sletto at skorten på godkjennning var noko han kunne ta med ro. Den mannen som hadde skrive Loke-ver-

ket og Paulus-romanane, hadde råd til å vente. For erkebisken var viss på at det måtte koma «stora böcker om honom en gång».

Når det gjeld «Soga um Røgnaldfolket», som mange har sett på som sjølve meisterstykket til Olav Sletto, så har dr. philos. Rolv Thesen karakterisert dette som eit hovudverk i norsk dikting. Og den konservative riksmålmannen Alf Larsen har i det kjende essayet sitt om Olav Sletto, kalla dette verket «et klassisk kunstværk i vår litteratur».

UTSYNET FRÅ KAMBENUTEN

For meg har det etter kvart vorte noko eventyrleg, noko hugtakande og forvitneleg ved alt det som har med Olav Sletto å gjera. For kven var han eigenleg, denne underlege mannen som vaks opp på det vesle bruket Sletto innunder Kambenuten i Hol? Han som hadde lese Bibelen frå perm til perm då han var berre 11 år gammal? Han som kom til å leva eit så merkeleg liv og som vart ein så stor åndsmann og diktar?

Eg er såvisst ikkje den rette til å prøve meg med eit svar på dette spørsmålet. Men eg veit at det som er att etter Olav Sletto, er ein ånds- og kulturskatt av det slaget som det blir meir og meir viktig å ta vare på, i ei opprivande tid der pengane og det materielle får dominere som aldri før. «Vi har ikkje råd til å vera han forutan,» sa Vidar Bergset på eit Sletto-seminar i Hol. Det var sanne ord som det er grunn til å ta opp att med ettertanke.

Ei av Sletto-bökene har tittelen «Skrinet skal opnast um hundre år». Eg vonar og trur at det ikkje skal gå hundre år frå no av før vi for fullt har teke i bruk det som finst i den skattkista som livsverket etter Olav Sletto er. Det er dette Olav Sletto-selskapet skal hjelpe til med.

Ein fin sumardag i 1997 kom kona mi og eg til Kambenuten ovanfor barndomsheimen til diktaren. Det var med ei underleg kjensle av høgtid eg sette meg på den stolen av stein som står der. Bergstolen til Olav Sletto. Der sat han så ofte i barndomen og i ungdomen. Der kunne han få vera åleine med tankane og draumane sine, medan han tok inn det storfelte synet av bygd og skog og vatn, med ruvande fjell i synsrendene. Kanskje var det her dei fyrste, mektige synene braut fram i han. Slik at han i heile livsverket sitt vart guten frå Kambenuten.

Einar Tuft:
OLAV SLETTØ OG UNGDOMSLAGET SAMHALD

KURS I TALEKUNST

Forfattaren Olav Sletto har funne seg ein plass øvst ved bordet. Han tek ikkje av seg den svarte kalotten på hovudet. Lommeuret legg han på bordet. Frå veska hentar han fram skrivebok og blyant. Den nymotens kulepennen hadde han ikkje fått noko forhold til. «Den runde kula rullar i ulike retningar og øydelegg ei elles god handskrift», hevda han.

Sletto tek av seg brillene. Med avmålte rørsler tek han fram lommeplagget og pusser dei før han set dei på att. Han er klar. Med eit stort smil ynskjer han sine 10 elevar velkommen til kurs i talekunst på «Fjellvang». Roleg, klårt, men bestemt vender han seg til dagens «kåsør».

Emnet i kveld er...

KURSET ER I GANG

Til kvart møte skal elevane ha førebudd eit emne til ordskifte. Denne kvelden har Olav S. Aaker kasta seg på «Unytta vasskraft». Store vasskraftreservar i Ørteren og langs «Usteåni» renn unyttta i havet. Dersom Hol kommune bygde eige kraftverk, kunne det på sikt gi både gode innkomer og rimelegare straum, hevdar han. Spørsmålet er relevant nå midt under «Usteutbygginga». Spesiell interesse må emnet ha for dei to kommunestyremedlemmene i studieringen. Kva Sletto skreiv i boka si, veit vi ikkje. Truleg er den i bygdearkivet – under Samhald u.l. Om idéen frå grasrota festa rot nokon stad, veit vi heller ikkje. Men faktum er. I dag sviv turbinane i to kraftverk av vatnet frå nemnde kjelder, og sender elektrisk straum ut på nettet.

Ulike emne vart tekne opp i 10 minuttars innlegg. I det etterfølgjande ordskiftet er det medelevanes tur til å hevde sine meininger, eller stille spørsmål. For å få ein ryddig debatt, hevda Sletto at alle måtte be om ordet.

Kva ein enn hadde fått ut av ordskiftet, var det Slettos oppsummering på slutten av kvelden vi såg fram til. For Sletto tok aldri del i ordskiftet, men fylgte med og noterte flittig i boka si. Det var fyrst då han såg på klokka, at vi visste at dei to klokke-timane var omme. Han gav nokre generelle merknader eller gode råd til framføring og ordskifte. Heile tida ordla han seg slik at dei positive sidene kom fram. Så let han att boka og la pennan bort. Eit ritual som fortalte at han var klar for utdjuping av emnet. For uansett kor godt vi hadde førebudd oss om emnet, kunne han knyte nye ting til. Det var høgskule på sitt beste.

Ein tolvåring som kom saman med far sin, gløymde aldri den spesielle atmosfæren



Som ung var Olav Sletto ein aktiv medlem i ungdomslaget i Hol. Som eldre mann kom han til Geilo og var til inspirasjon for ungdomslaget der. Bildet er frå eit ungdomslagstemne i Hol i 1902. Vi kjenner ikkje namna på alle i bildet, men kan setje namn på nokre i fremste rekke:
Sigurd Reinton. Vidare i første rekke: Pål Tufte, Olav S. Reinton, Ivar Slettemoen, Knut Fossgard, S. Reinton, ukjent, Gunnar Hallingstad, Olav Sletto, Gurid Aaker... FOTO: E. T. BRAATEN, HOL BYGDEARKIV, 1902

rundt bordet. Han lydde med ope sinn, saug til seg miljøet rundt mannen med det milde åsynet. Når mannen snakka, kom smilet fram. Det var då så mange hyggelege ting i livet, lyddes det. Med respekt såg han på mannen som stadig tok av og på seg brillene. Han hadde møtt ordmeisteren Olav Sletto.

OLAV SLETTØ PÅ TALARSTOLEN

På talarstolen var Olav Sletto verkeleg i sitt ess. Orda kom flytande og lett på eit normalisert nynorsk. Han kunne fylle «Fjellvang» med byfolk og sambygdingar. Der trollbatt han sitt publikum. Men han kravde ro i salen.

I eit fullsett «Fjellvang» talar Olav Sletto om olsok. I salen sit forfattaren Henrik Rytter og fylgjer interessert med.

- Bravo, ropar han. Det er nok. Olav Sletto mistar tråden. Snøgt gjentek Rytter den siste setningen. Sletto kjem på sporet att og fullfører si tale om olsok i våre sinn. Vi har vore vitne til eit meisterleg samspel mellom to åndshøvdingar.

Sletto hadde sin eigen teori om taleteknikk. Skulle orda nå tydeleg fram til lydaren i ein stor forsamling, måtte talaren gi orda mellomrom. Elles ville orda stuke seg sa-



Taleringen i Samhald Ungdomslag har møte. Frå venstre: Olav Sletto, Kristian Ødegård, Helga Fossgard, Olav S. Aaker og Einar Tufte.

FOTO: UTLANT AV EINAR TUFT

man og tala ville vera vanskeleg å følgje med i. For å røyne dette i praksis måtte ein etter ein av «elevane» opp på talarstolen og framføre nokre setningar, mens dei hine sto etterst i «Fjellvang» for å høyre. Det var ein nyttig lærdom.

På stortalarane si tid, i førre århundre, fylgde publikum ivrig med. Det var eit sam-spell mellom talar og tilhøyrar. Det kravdes like mykje av publikum som av talaren, skulle ord og vendingar feste seg i minnet. I dagens samfunn er det gått inflasjon i å ha meininger om alt og alle. Tyne ut emnar som dagen etter blir drukna i mykje anna skvalder. Det er sant som det er sagt: «Du skal høyre mykje før øyrene detter av». Verre er det med alt «slagget» den stakkars hjernen skal sortere ut, motteken gjennom både syn og hørsel. Så trøystar vi oss med at «tida er blitt sånn» og trekker på skuldrene. «Det e' ikke vårt bord, lissom». Følgjer med på internett.

Likevel kan det vera von om trenden snu seg. Mange stader synest det å vera ei au-kande interesse for å oppleve ting, idrett, teater- og musikkframföringar «live».

Sletto måtte ha hatt enorme kunnskapar og kunnskapskjelder å ause av. Hans let-te og naturlege måte å kle meiningsane sine i, gjorde han til ein populær talar. Det var ikkje mengdene av ord som telte, men om dei kvar for seg tilførte emnet noko nytt. Dermed er vi inne på hans måte å ordlegge seg på. Dei stutte, skildrande setningane, rytmien.

Endatil folk som til dagleg ikkje var kjend med nynorsk og dialekt, kunne oppda-ge det. Tredje dag påske eit år kom ein Drammens-tannlege inn i bokhandelen på



Olav Sletto på «seminar» på Fagerheim saman med Samhald ungdomslag.

FOTO: UTLÅNT AV EINAR TUFTE

Geilo og spurte etter bøker av Sletto. Han hadde feriert på ein gard i Skurdalen og der funne bøker av Sletto i vertens hyller. Nyfiken hadde han teke til å lesa.

Etter råd frå bokhandlaren kjøper han Per-bøkene og bøkene om Rognaldslekta. - Sanne mine ord, seier han då han går. - Sletto kommer til å bli viden kjent for sin måte å ordlegge seg på. Bokhandelen på Geilo hadde på det tidspunkt kjøpt restopplaget av samtlege Slettos bøker.

Sletto hadde sans for humor i dagleglivet. – Det er så mykje å more seg over. Ein må berre ha evna til å sjå det, kunne han si. Enkle små tildragelsar han opplevde, ville i neste omgang farge personane i bøkene hans.

SLETTØ I HEIMBYGDA SI

Sletto retteleg blømde opp ved å sjå kor godt motteken han vart, då han kom til heimbygda si. Han hadde overteke huset til mor si Anna Sletto Olsen, og flytte inn med kona Karin. Snøgt vart dei eit kjært innslag i «Geilobiletet». På sine godt som daglege spaserturar såg du Karin og Olav iført vid kappe og med kvar sin stokk roleg skride gjennom det vesle stasjonssentrumet. Og vera «på nikk» med dei fleste.

Samhald ungdomslag og bygdesamfunnet drog mange vekslar på Sletto. For folk sette pris på samværet med skolemannen og forfattaren. Før ordet «seminar» var kome i bruk, skipa Samhald u.l. til ei helgesamkome på Fagerheim. Ola Sletto var beden med utan noko band på seg. Det vart ei «panghelg». Olav Sletto kosa seg med

å sjå 30 ungdommar i gang med drøfting av ulike deler av lagsarbeidet. Vertskapet Ragna og Lars Ødegård gjorde på si side alt for at alle skulle trivast. Ved peisvarmen om kvelden tok Sletto oppfordra ordet. Med enkle ord sette han frilyndt ungdomsarbeid inn i ein større samanheng. Odling av eit samfunn tok til med dei små «hjula», du og eg.

Til stemnet i Norges ungdomslag på Geilo i 1962 sette Samhald spellag opp Slettos teaterstykke «Gamle Vehall». Det var tidlegare oppført på Det Norske Teateret. Instruktør Tove Bryn Haaland. – Dette er ikke amatørspill, men i klasse med det beste vi har sett på klassiske teater, utbrøt presten Skiaker etter framføringa. Rosande ord om ei framføring av stykket Sletto av helsegrunnar ikkje fekk sjå framført.

Det var ingen enkel oppgåve å halde ei samtale gåande med Karin og Olav Sletto på same tid. Det var rett og slett ei umogleg oppgåve, samstundes å lyde til den teaterinteresserte Karin og prøve å følgje med i forfattarens interessante observasjonar.

Denne emnekløyvinga var ei naturleg konsekvens av å ha dottera Eva både på filmlerret og teatergolv. Som bokhandlar og litteraturinteressert var nok forfattaren fyrstevaltet. Når sant skal seiast, trur eg Karin prata om teater mest for sin eigen skuld, og venta ikkje nokon opposisjon eller kommentar. Det enda opp med høflege nik til teaterinteresserte Karin og låne øyra til Olavs emnar henta frå bokverdenen.

Dilemmaet løyste vi elegant ved at neste gong vart Ragnhild, kona mi med. Dei to kvinnene prata teater og vi mennene fordjupa oss i bokverdenen. Til samkomene var to Remington skrivemaskiner og store haugar med handskrivne manuskript rydda vekk frå stuebordet. Nå kom hardingfela på veggen til sin rett. Om han nokon sinne tok den ned for å spela, kan eg ikkje minnast. Like fullt fortalte fela om aner med solid bygdekultur som bakgrunn.

Det ein hugsar best både frå heimen ovafor jernbanen og på Geilotun, var den enorme mengde av magasinet Janus. Komen til Geilotun ba han om hjelp til rydding. Bror min Rølv og eg stilte opp. Tidsskrifter skulle sorterast, og ha sin eigen plass. Det gjekk bra ei lang stund til han måtte innsjå at hylleplassen var avgrensa og mykje måtte bli verande i pappasker.

Vidar Bergset:
ODEL OG ÆTT HJÅ OLAV SLETTØ

SKODESPELA

Olav Sletto høyrer til dei forfattarane som har vore i ferd med å hamne i den norske litteraturs gløyme bok. Men no ser det ut til at det har kome ein snunad, og ein kan berre gle seg over at det etter kvart blir gjort ein heil del for at han skal få den plassen han har krav på.

At ein forfattar med hans originalitet og skaparevne, med meisterverk som «Perbøkene» og «Soga om Røgnaldfolket» skulle bli gløymd, det fortel i så fall meir om norske litteraturlesarar og litteraturdommarar enn om forfattaren.

Og elles er han i godt selskap.

I 1920-åra gav Sletto ut ei rekkje romanar med emne frå den fyrste kristne tid, det som Anton Beinset har kalla hans «moralfilosofiske forfattarskap». Sidan 1923 hadde han vore folkehøgskulestyrar, og gjennom mange år hadde han ei dobbeltrolle som skulemann og forfattar, noko som kravde sin mann fullt ut og som sleit sterkt på arbeidskrafta. Då 30-åra byrja, var Sletto etter alt å døme sliten, og i tillegg ikkje så lite skuffa over den handsaming dei leiande bokdomarane og kritikarane hadde gjeve han.

Han gav ut nokre små bøker i byrjinga av 30-åra: «Glør. Smaaord» i 1930, «Dagrit» i 1931 og «Gildet. Ein Bjørnsondialog» i 1932. Men det kom to skifte i diktinga hans i 30-åra. Det fyrste var av mellombels karakter: At han for ein kort periode gjekk over til å skrive skodespel, dei fyrste sidan «Sanddal» i 1910, - det andre var meir djuptgripande: At han vende attende til garden og bygda og heimbygd miljøet.

«Sanddal» frå 1910 fekk han så sterk og negativ kritikk for at det kan vere noko av grunnen til at han let skodespeldiktinga ligge i så mange år. Ein kan sjølvsagt meine at han burde ha teke opp att skodespeldiktinga tidlegare; i alle fall hadde han sterk sans for det dramatiske, noko ikkje minst sterke scener frå «Røgnaldfolket» vitnar om.

Mysteriespelet «Domhuset» («I domhuset» frå «Glør») skal vi sjå bort frå her, endå det truleg er det mest vellukka av spela hans. Den delen av skodespeldiktinga hans som eg vil gå nærmare inn på i denne artikkelen, er dei tre spela han samla i boka «Odel» frå 1934: «Gamle Vehall», «Skrinet» og «Flaum».

OLAV SLETTØ PÅ SCENA

Forleggjaren hans, Olaf Norli, ville ikkje gje ut denne drama-syklusen, med den grunngjeving at «folk ikkje las skodespel». Sletto skrapa så saman pengar og gav ut skodespela sjølv, på Ringen Forlag, med hjelp til salet frå Grøndahl og Søn.

Og Norli fekk visst rett: Det var ikkje mange som kjøpte «Odel», og Sletto brann inne med dei fleste eksemplara.

«Skrinet» og «Gamle Vehall» vart framførde på Det Norske Teatret i 1934 og 1936.

Det står å lese fleire stader at «Skrinet» ikkje hadde nokon suksess, men det må vere ein litt feilaktig konklusjon, som ein kanskje har kome til ved å lese Osloavisene.

A.F. (Arne Falk) i Den 17de Mai var i alle fall av ei anna meining. Han skreiv m.a. (26. jan. 1934): «Det hender sjeldan folk blir so tekne av eit skodespel som dei var paa premieren i gaar.» Om andre akta skriv Falk m.a. : «Og her spelar Lars Tvinde - med god stønad fraa Holter og Drabløs - slik at publikum sit som nagla fast og snautt legg merke til at den overlag viktige kvinnelege hovudrolla blir spela paa grensa til parodien og ofte over grensa.» «Det(te) er ein dramatisk debut av dei sjeldsynne» skriv han vidare. Og han avsluttar meldinga slik: «Det er faa framsyningar som faar slik fagning som denne og baade Tvinde og Sletto fortente det».

Sigurd Eldegard skriv i Den 17de Mai seinare på året: «Den stoda fleire av Oslo-meldarane tok til stykket, var uforstaaeleg.»

Publikum tok i alle fall godt mot stykket, og Sletto skriv seinare i eit brev til Lars Reinton: «Men uviljen mot meg i Oslolägeret slo ut i lys loge i pressekritikken; ein kritikk so usann og illkynt at forfattarar, skodespelarar, lærde og elles andre med namn har uttala protest.»

«Gamle Vehall» vart framført på Det Norske Teatret i mai 1936. Knut Hergel sette i scene og Ingjald Haaland, Lars Tvinde og Henny Skjønberg hadde hovedrollene. Her kunne dei same Oslo-kritikarane få seg til å skrive, (sitert etter Lars Reinton i "Ei bok om Olav Sletto): «Merkelig nok har Sletto og Det Norske Teatret klart å skape en god og severdig forestilling», - «Hergel redder en del.... Fordi det hos forfatteren svært ofte ikke er ekte.» «Svært pent og snilt av Det Norske Teatret å spille dette nye stykket og godt gjort å få så vidt meget ut av det». « – ikke lett å påvise meget vesentlig uekte....aktelsesfull komedie over hele linjen.» (Denne siste kritikaren kunne absolutt ikkje ha vore til stades, for er det noko «Gamle Vehall» ikkje er, så er det komedie.)

Rett skal vere rett: «Gamle Vehall» fekk også utvetydig ros av somme kritikarar, - «men nokon eigentleg suksess vart framføringa ikkje.» skriv Johs. A. Dale i «Nynorsk dramatikk i hundre år». Ein sit likevel att med det inntrykk at publikum likte også dette stykket betre enn kritikarane.

«Flaum» har aldri vore framført på scenen. Den opphavlege tittelen var «Tempo», ein tittel Lars Reinton meinte det burde ha fått, og ein kan utan vidare vere samd i det. Sletto har kalla det ein tragikomedie, og elles kan vel både lystspel og farse og komedie høve på stykket. Olav Dalgard skriv om stykket i «Ei bok om Olav Sletto» (s. 198): «Slettos pessimistiske syn på framtida til det moderne mennesket verkar i

dag meir aktuell enn da stykket vart skrive. Tendensen i «Flaum» har mykje sams med den ironien over samtidsmennesket som vi møter i dagens absurdistiske farse. Som komedie er stykket så velgjort at det hadde fortent å koma fram på scenen.» (Til det kan ein seie at det skulle vel enno ikkje vere for seint å føre fram stykket i 2002. Det er framleis mange nok som kunne ha grunn til å kjenne seg råka!)

Olav Sletto har sjølv peika på den sterke samanhengen der er i desse tre spelstykkja. Han skreiv dei i ein strekk, frå 1932 til 1934, og han har i brev til Lars Reinton slege fast at trilogien ville «gje den indre norske folkehistorie i dei siste 120 åra, ei psykologisk Noregshistorie».

Han har også i dagbøkene sine seinare klaga over at det var så få av dei som skreiv om boka som oppdaga denne samanhengen, at odelen i vidaste forstand var i ferd med å bli «seld». Når ein t.d. les det Johs. A. Dale skriv om skodespela i «Nynorsk dramatikk i hundre år», så finn ein ikkje at han i det heile har vore inne på dette som for Sletto var hovudtemaet. Og når det står om «Flaum» i same boka at «det er (...) eit stykke om reklamens makt og folks umettelege trong til å la seg narre,» så er det vel ikkje feil, men «Flaum» handlar om mykje meir enn det.

Det er noko av føremålet med denne artikkelen å finne litt av den samanhengen som Olav Sletto gjerne ville ha fram.

«GAMLE VEHALL»

I fyrste akt av «Gamle Vehall» er vi på tunet på garden Vehall ein fin vårdag. Tida er ein gong i byrjinga av 1800-talet, men etter at Hans Nielsen Hauge har gjort si gjerning i bygdene.

Den fyrste som har «ordet», er originalt nok, ein ramn som sit i tunbjørka og «pjaatrar haast bel imillom» – som det står i scenetilvisinga. Rose-Knut, som sit i tunet og målar på ei kiste, fører ein «samttale» med ramnen.

Olav Dalgard skriv i «Ei bok om Olav Sletto» (s. 195): «Med denne halvt overnaturlige scenen har nok Sletto vilja markere sin «antinaturalisme» - ei innstilling til kunsten som han fleire gonger gav uttrykk for i samtalar med underskrivne. I dei sosialrealistiske 30-åra verkar denne scenen som eit stykke avleggs romantikk, medan han i dag verkar aktuelt modernistisk. (Skrive i 60-åra.)

Rose-Knut er ukjend i garden, og gjennom opnings-samtalen med husbonden Trond får vi vite litt om både fortid og notid i nokre korte glimt: M.a. om Gamle-Gro som er 105 år gammal og ikkje får døy, som ho seier, men som også er synsk og ser odelsguten Hallgrim på veg heim med ei hestedrift. «Dei eldste blir jamt synske her paa garden», seier Trond.

Det strøymer på med opplysningar: At Rose-Knut held til hjå Kleng husmann, at han hadde teke til seg eit barn som han har hatt med seg til bygda, at Trond hatar folka på grannegarden Myre, og at han, Trond, nett har vore av og rive ned eit dele, ein varde mellom Vehall og Myre. Og så får vi vite at borna til Trond, Halldis og Hallgrim, vanslektar. Dei held lag med son til Torkjell Myro!



Frå framføringa av Slettos skodespel «Gamle Vehall» under ungdomslagstemnet på Geilo i 1962.

FOTO: UTLÅNT AV EINAR TUFTE

Gamle-Gro openberrar at ho og har noko å hemne på Myre-ætta, nærare bestemt på ein gut som heitte Elling og har svike henne.

Samtaljen fortel vidare at kista Kleng målar på, skal vere brurekista til Halldis, dotter på garden. Og at det vesle barnet som Rose-Knut hadde teke til seg, eigenleg er Halldis sitt barn. Rose-Knut stig fram som barnebarnet til Gamle-Gro!

Og sentralt i akta står samtaljen mellom Trond og Torkjell, som fortel nærare om det gamle ættehatet mellom dei to gardane, men som også openberrar karakteren til dei to: Trond, som er steinhard og uforsonleg, og Torkjell, som har vore stri nok, han og, men som no gjerne vil ut av krigstilstanden.

Denne fyrste akta er ei tydeleg innføring i konflikten, legg godt til rettes for det som skal kome i dei tre neste aktene, og kan vel minne litt om ein viss type detektivromanar der det er heilt vesentleg for lesaren at han får med seg alle detaljar i dei aller fyrste kapitla.

«Det tar noko tid med gnag og knirk og spådommar og uvisse før uveret brakar laust,» skriv Johs. A. Dale, («Nynorsk dramatikk i hundre år» s. 140).

Men underskrivne er av den meining at desse talrike glimta attende i tid er heilt nødvendige for dei tre aktene som kjem etter.

Sidan odel er eit nøkkelord, kan det vel ikkje skade å repetere nokre faktiske opplysningar om odelen: Jordeigedom tilhørde etter gammal germansk rettsoppfatning

ætta, ikkje berre den som til ei kvar tid sat på garden. Jorda og garden gjekk i arv til borna etter visse reglar, og det vart også lovfest visse rettar for å hindre at jorda gjekk ut av ætta, som forkjøpsrett og løysingsrett.

Odelsretten er dessutan grunnlovsfest i Noreg.

Odel er i nordiske språk etter tradisjonen eit ord med ein aura av positive tydingar i kring seg: Eigedom, arvegods, fedreheim, fedreland, heimstad, etc. Ordet adel kjem av same rot.

No skal det ikkje her leggjast opp til noko juridisk eller historisk vurdering av odelsretten, heller ikkje den ideologisk/åndelege sida av saka, men det har vore vanleg å framheve odelsretten som noko av det karakteristiske og store ved den norske bondestanden.

TROND VEHALL OG ODELEN

For Trond Vehall er odelen det same som ætta. Og ætta (dei seks ættledane som han stendig talar om) er så avgjerande at han ikkje ein gong reknar seg for å vere ein sjølvstendig person. I «Gamle Vehall» er ætta ein av dei mest avgjerande aktørane. Trond kan fortelje at striden mellom Vehall og Myre er så gammal at ingen lenger veit kva det gjeld. Og når Rose-Knut snakkar om hat, seier han: «Dette er meir enn hat!» «Eg skal seia deg det, Knut, at so sant ein er fødd her paa Vehall, so ber ein vreide imot Myrefolket. Det er noko ein ikkje kan for. Ein er fødd med det.»

Den avgjerande skilnaden på Trond Vehall og Torkjel Myre kjem til syne i følgjande replikkveksling: Trond: «Striden er gammal, den. Eg og han Torkjel har berre arva tvidrøttet – me.» Torkjel: «So burde han Trond og eg kunne stelle det slik at det ikkje arvast lenger nedover.»

Grannestriden – som har vore eit slitesterkt tema i norsk bonde- og bygdesoge – er ikkje annleis her enn i dei fleste andre tilfelle: Trond og Torkjell kan fortelje noko lunde dei same sogene om det som har hendt, men dei tolkar det på kvar sin måte. Når Trond har rive ned eit dele mellom gardane, har han på den måten eigna til seg ein bekkedal. Men den bryr han seg ingenting om, seier han. «Bekkedalen aktar eg ikkje verd ein dalar. For noko so lite slæst eg ikkje, det maa du ikkje tru.» Nei, grunnen er at han vil halde striden levande, no sønene deira har svikta ætta ved å bli venner!

Trond held fram med sitt: «Eg har seks ættleder bak meg. Dei har sin vilje, det veit eg.» Den fyrste Trond Vehall jaga Elling, bror sin, frå garden. Det var eit mistak. Han skulle ha drepe han! Så hadde Vehallsmennene fått fred i gravene sine som andre folk.

Trond høyrest ut som ein heidensk vikingkonge når Hallgrim kjem heim og fortel at han har kome i skade for å stikke Elling Myro med kniv, og han seier til son sin: «Du vann!» Han held fram med at «dette gjorde meg godt.» Og når Elling, hardt såra, blir boren i hus, bryt han ut: «Denne gongen var det me paa Vehall som drog langstraet!»

Stendig fleire hende frå fortida blir mana fram: Den avdøde kona til Trond kan ik-

kje ha hatt det så lett i samlivet. Etter udåden blir Hallgrim borte, og Trond synest Hallgrim er lik mor si, ho fekk det og med «aa gaa burt ifraa alt». Og det er tydeleg at ein gong hadde ho freista å hengje seg på låven, men då kom tenestjenta Guro til og fekk berga henne i siste liten.

Trond får det eine slaget etter det andre, og det hardaste kjem når Hallgrim blir borte. Her greier han ikkje å løyne at han er svært ottefull for son sin og redd for at han kan ha gjort seg noko. Men han tek seg i det og spelar sterkt: «Hallgrim er burte! Han fær slik fram at han gjer meg heilt skræmd - heilt skamfull vilde eg sagt.»

Elling døyr, og Trond synest det er godt at «motgangen glytter paa døri» til Torkjel Myre med. Heller ikkje når det gjeld dette drapet, kan dei einskilde krevjast til rekneskap. Og det er som å lese om notida sine raseteoriar når Trond seier til Torkjell, etter at han har fått full visse om kjærleiken mellom Halldis og Elling Myre: «Ditt og mitt blod skulde blandast! Ja, kva seier du til det? Det skulde vorte ein barneflokk naar eg og du laag i aarane paa deim og sprengde! Troll og ikkje folk! Det kan me daa veta! Men som vel var, det bar ikkje fram.»

(Kva Sletto kunne ha lese om dei nazistiske raseteoriane er ikkje godt å seie, men så seint som i 1932 hadde Alfred Rosenberg i alle fall gjeve ut boka «Der Mythus des 20. Jahrhunderts», og teoriane om den reine rasen hadde byrja å bli utbreidde.)

Når spelet nærmar seg slutten, Elling er død og Hallgrim er borte, og både Kleng og Torkjel går inn på Trond for at han skal gløyme alt det gamle og be Torkjel om tilgjeving, viser han likevel teikn på «veikskap»: «Det torer eg ikkje! Endaa eg kunde nok gjerne ha vilja det.»

Motgangen hopar seg opp for Trond: Det blir openberra at det vesle barnet Knut har hatt med seg, er son til Halldis og Elling Myre. Dei to unge har gifta seg utan at Trond fekk vite om det, og nesten alle dei andre har støtta opp om giftarmålet og hjelpt til, først og fremst Tronds eiga, avdøde kone, men også Kleng og kona hans, Hallgrim og Rose-Knut.

Trond er såra og trøytt: «Svik paa alle kantar! – Og det som no er att av Vehallsfolket er øydelagt! Ikkje merg - og ikkje botn lenger!»

Når Trond får det siste slaget, - når det viser seg at Hallgrim har teke livet sitt, vender han seg - ikkje til Gud, men til garden og ætta : «Vehall, no er det nok snart. Eller skal eg brytast ned?»

MOTSPELARANE TIL TROND

Mange av kritikarane har hevda at «Gamle Vehall» er eit spel om heidenskap og kristendom, og det treng ein ikkje vere usamdi i. I alle fall ser det ut som at viktigaste motspelaren til Trond er Hans Nielsen Hauge. Hauge har reist i bygdene her og etterlate seg ein flokk Hauge-vener som tydeleg er sterkt prega av meisteren sin. Det gjeld først og fremst Kleng husmann, men også Halldis, Hallgrim, Elling, Torkjel og Rose-Knut har vore på møta til Hans og vorte påverka av han.

Kleng husmann er utan tvil den viktigaste av Tronds motspelarar. Han set direkte og indirekte sitt sterke preg på heile spelet. Han har sett seg føre at han vil skape fred

mellom dei to stridande ættene, (eller rettare sagt, det er den avdøde kona til Trond som har naudbede han om det før ho døydde). Når han ser kista som Knut målar på, - brurekista til Halldis - så seier han: «Den kista, Halldis, skal gjera underverk i to ætter.» Ekteskapet mellom Halldis og Elling vil sameine det som var skilt - og gjere slutt på striden, trur Kleng.

Kleng har fått Hallgrim og Elling til å drive hestane i lag over fjellet, han talar ope til Trond og refser han for hardleiken hans, (endå han er berre husmann på garden), og han gjer alt han kan, som den lækjkunnige mann han er, for at Elling skal få leve. Det verste han har gjort, er etter Tronds meining at han har hjelpt til med giftarmålet mellom Halldis og Elling.

Trond bryt ut: «Gudhjelpemeg har ikkje du fingeren med i alt som hender bygdi over!» Og «finn du løynde stigar nokon stad, so ver viss at det er Kleng husmann som har trakka deim.»

Torkjel Myre er nok av eit veikare slag enn Trond, endå om han til sine tider kan verke like hard. Men han kan lære og late seg påverke av det som hender, - og han er når alt kjem til alt den som ser djupast i konflikten mellom dei to gardane. Han ser tvert igjennom snakket til Trond, om ætta som vil at dette skal skje: «Ingen ting maa koma! Det er rols og røde, Trond!» «Ingen ting skal! - No maa du slutte med slik talebruk, Trond! (...) Kan du meine at son din og son min maatte gaa mot kvarandre med kniv? Er det utenkjeleg at dei kunde styrt braasinnet um dei hadde vilja - og det hadde lært?» Men dei har ikkje lært noko anna enn ovmod, hat og fiendskap. Var det då noko rart at det gjekk som det gjekk?

Torkjell vedgår at han har delteke i kappinga og striden mot Trond og Vehall i «rein faafengja», han ville ikkje vere den som gav seg, eller som skulle heitast redd, men han er klar over sine eigne motiv, og han ser djupt inn i Tronds tankar: Det var det personlege nederlag Trond leid då kjærasten hans valde Torkjel i staden for han, som var den viktigaste grunnen til hatet hans. «Eg tok Herborg fraa deg, og so kom Vehallsvreiden!»

Eg ser på motspelarane til Trond som ei gruppe, for det er etter kvart tydeleg at nesten alle dei andre står i motsetnad til han. Berre Gamle-Gro sit fast i ættesamanhengen i sitt hat til Myre-folket, men det syner seg at også ho har sine personlege grunnar. Også ho løyste seg i si tid så sterkt ut frå ætta sine krav at ho kunne bli glad i ein gut frå Myre. Når ho finn att barnet sitt - som er både av Myre-ætt og Vehall-ætt, kan ho roleg døy.

Og det som kanskje burde slå Trond Vehall, er at nesten alle personane i dramaet er av Vehall-ætt. Dei har berre ikkje garden å støtte seg til, og her er vi attende til omgrepene odel. Odelen omfatar både ætt og gard. Det hjelper ikkje å vere av Vehall-ætt når ein ikkje har garden, med alle sine tradisjonar, i all sin halv-guddomlege samanheng, å vise til. Rose-Knut er ikkje stort, som berre kjem frå «ei stugu».

I siste scena forlet alle Tronds motspelarar Vehall og går til Myre, med båra og Ellings lik, men også med det vesle barnet. Trond vil ikkje ein gong følgje ut på hell-la, men blir ståande att meir einsam enn nokon gong.

Trond Vehall kan bli kalla ein representant for heidenskapen, ein forseinka viking som framleis heng fast i blodhemnen sin logikk, - eller vi kan sjå på han som eit uvanleg usympatisk menneske, så einvis og hardsett i sitt ovmod og sitt hat at han nesten ikkje er sann.

Men han er truleg mest ein sjølvbedragar, ein mann som forklarar alle sine handlingar ut frå ætta og garden sin vilje, som skyt seg inn under denne viljen og brukar den som orsaking for alle sine handlingar i staden for å ta personleg ansvar. Han meiner seg å vere eit reiskap til å knuse alt som reiser seg mot Vehall. «Mennesket spaar, men Vehallsætti raar,» seier han, og har dermed heva ættesamanhengen opp til det guddomlege.

Endå om han får oss til å fryse etter ryggen, så må vi medgje at han har store dimensjonar.

Kor representativ han er for den ættefaste norske storbonden fyrst på 1800-talet, skal eg ikkje ta stilling til her, men vi skulle tru at han hadde ikkje så få frendar.

Det han ikkje ser eller vil sjå, er at det no finst ein sjuande og åttande generasjon som i framtida kan skape eit nytt og annleis Vehall.

«SKRINET»

Hendingane i dette dramaet er lagde til storgarden Berg på ei austlandsk flatbygd i vår tid, heiter det i tilvisingane. Heile handlinga går for seg på ein kveld og ei natt.

Scena er ei heilt anna enn i «Gamle Vehall». Det er selskap, vi ser duka dessertbord, med vinkaraflar og fruktskåler, og vi hører tonar av eit jazzorkester innafrå ei av stovene.

Etter ei lita replikkveksling mellom Arløg, yngste dottera på garden, og agronomen Hovi blir vi presenterte for hovudpersonane, Solve Berg og Gunn, kona hans. Vi får vite at Solve er ille plaga av svevnøyse, og han verkar trøytt og deprimert. Gunn fortel at det er nett ti år sidan bror hennar miste livet og vart rana; han var postførar, og ein stor pengesum han hadde med seg vart borte samstundes. Skrinet som heile stykket dreiar seg om, vart også borte då, men no har ein av drengene funne det att under stabburet. Ein skjønar at fru Gunn har plaga seg med dette spørsmålet om broren og det bortkomne skrinet i alle år som har gått. Tor, bror hennar, fall ut av ein båt då ulukka hende, og Gunn forhører svigerson sin, lensmann Husum, om kva som eigenleg skjedde.

Asle, odelsguten på garden, kjem i diskusjon med Hovi om drifta av garden og klagar over kor gamaldags faren er. Altfor snill er han og, han har til og med teke seg av enkja etter Tor postmann og dotter deira og late dei få bu på garden. Han kausjonerer og skriv på for folk som skal ha lån, og han er som ein far for heile bygda. Ja, han har endå til meint seg til å gje pengar til eit Folkets Hus for arbeidarane på fabrikken, fortel Asle. «Men daa slo eg i bordet», seier han. For han er stortingsmannsemne for bondepartiet, «og arbeidarane gaar paa meg som ville dyr.»

Asle er i det heile misnøgd med tilstanden på Berg: «Ja, slik er det her: Nytt og gammalt um ein annan. Heile huset innreidt etter mynster fraa hovudstaden. Men er her

gjestebod, daa fløymer her paa gamaldags vis med mat og drykk som levde me paa Harald Haarfagre si tid. Jass-orkester paa ein kant. Og dei heilage tre kongane med glitr og stearinlys paa hin.»

Under eit spel som blir framført (og som tydelegvis er tradisjon under dette gjesteboden på Berg) lyder det eit skrik og eit fall, og så viser det seg at det er Solve Berg som er nedslegen. Og seinare: At det er kona hans som har slege! Ho har midt under festen berre vore oppteken av det som hende for ti år sidan, «og so mykje menneske var eg, at eg slo knyttneve mot heile grendi, (...) Du er bygdi, du. Du fekk slaget.»

Gunn har fått det for seg at dei pengane Tor, bror hennar, miste livet for, låg i dette syskrinet som no er attkome. Dei får omsider låst opp skrinet. Og det er tomt. Men Gunn skjønar, og har truleg skjøna lenge, at det er Solve som er mordaren.

Så tilstår Solve for doktor Bratt at det var han som drap og rana Tor postmann.

Solve fortel at far hans, som alle rekna for å vere ein rik mann, ikkje åtte noko då han døydde, anna enn skuldbrev som sonen plikta å betale. Like før Solve skulle gå frå garden, gjorde han udåden.

For Gunn, som ikkje har visst dette, blir tilståinga ein lette og ein lækjedom. No må dei andre i familien få vite det, men Asle er redd for at dette vil hindre han i politikken. «Her skal far gaa stad aa bli tullande gal. Og so skal det gaa ut over meg. Og nett no - daa eg treng alt slag medvind. Er det ikkje som fanden og!»

Doktor Bratt seier at Solve ikkje er tilrekneleg - han er sinnssjuk!

Men no vil Solve sone straffa. Han er ikkje sjuk! Han er klår i tankane som aldri før, seier han. Doktor Bratt gjev seg ikkje, og til slutt gjev Solve etter. Men han vil ha eit «styre» på tre mann som skal ha overoppsyn med garden og sjå til at den ikkje blir forringa, - noko Asle ikkje er blid for. Og han vil bu i eit kammers på garden der vindauge skal utstyrt med jarnstenger, så han kan tru han er i eit fengsel. Når han er død skal dette romet tømrast att. Ingen skal bruke det, og det skal heite «skrinet».

Men det blir ikkje noko av alt dette, for spelet sluttar med at Solve sig saman og dør.

MANGE PENGAR OG STOR GARD

I «Gamle Vehall» er det heile tida snakk om ætta. I «Skrinet» er det knapt nok snakk om ætta i det heile, men så er vi også i ei anna tid. Hendingane er lagde til storgarden Berg «i vaar tid» - ei tid som kan vere i 20- eller 30-åra i førre hundreåret.

Det kan gje ein viss bakgrunn å vite om dei overhendige spekulasjonane under og etter fyrste verdskrigen, då rikfolk, både bønder og andre, spekulerte seg til raka fant, og då det for dei nyrike og velberga ofte var snakk om å legge om livsstilen: Å ape etter byens skikk og kaste vrak på nedervd levemåte og tradisjon.

Ein må også ha for auge dei vanskelege tidene først i 30-åra, då mange bønder måtte gå frå gardane sine, og tvangsauksjonar i mange bygder høyrdde til dagens orden.

I nokre replikkar i tredje akt openberrar Solve Berg kva han i si tid arva frå far sin, som gjekk for å vere den grunnrike bonden på Berg: Ikkje ei krone i banken; heile rikdomen var berre ei løgn. Han arva ein grå konvolutt med åtte skuldbrev i! Så hei-

ter det om far hans: «Men han levde og døydde i den glansen mange pengar og stor gard gjev ein mann her i bygdi.»

I staden for «ætti», som går att gjennom heile «Gamle Vehall», er det her snakk om mange pengar og stor gard. Og når det i «Gamle Vehall» er klart at hendingane i dramaet for ein stor del er styrde av ætte-samanhengen, er det like klårt at den status som ligg i å vere rik og velberga er ein determinerande faktor i «Skrinet». Det er dette hovedpersonane i «Skrinet» byggjer si velferd på, kvar på sin måte. Solve hadde stått andsynes den ulukka at han skulle töme fjøs og stall - selje skogen og garden - kvitte seg med arvesølvet og flytte bort frå Berg med kone og born. Det kunne han ikkje, og så drap og rana han Tor postmann. Og ranet gav han pengar nok til å halde opp myten om det rike Berg i folks medvit, samstundes som han lånte folk pengar og hjelpte dei fram og var eit godmenne som folk snakka om og såg opp til. (Ein treng kanskje ikkje vere psykolog for å aue at hans vonde samvit og hans trøng til å sone var ei drivkraft i desse gode handlingane.)

I «Gamle Vehall» er vi m.a. vitne til ein seremoni med lys-kveikjing og lys-bering for å hindre at Gamle-Gro skal gå att. I «Skrinet» blir det framført eit spel om dei tre vise mennene som seiest å vere ein gamal tradisjon, men elles er menneska på Berg ikkje så mykje tyngde av tradisjonen.

Ein skal kanskje ikkje legge så stor vekt på den «moderne» matstova på Berg med lysekroner og dessertbord, og jazzorkesteret i den andre stova, når ein leitar etter den rolla ætt og odel spelar i samanhengen, men det gjev likevel ein viss peikepinn om ein kultur som er i ferd med å misse festet i det gamle og som enno ikkje har fått noko feste i det nye. Denne «mellom-tilstanden» er noko av det typiske i dette dramaet. Nokre sitat kan verke klårgjerande. Asle: «Han far kan drive ein storgard, naar det fær gaa paa hans eigi vis. Men det maa gaa so midtvegs millom gamal maate og ny. Slik er han i alt.» Og vidare: «Segjer ein det som far, at garden skal samle kapital, daa blir skogane eit fond for garden. Til seinare tider. Paa sin maate er det klokt. Men det er gamaldags. Garden skal yte mest mogeleg til han som driv, løne han for aaret so langt garden evlar. Men far, han er til for garden si skuld, han - Nei. Naar eg slepp til, skal Berg-skogen gje pengar. Kontante pengar!» Hovi: «De er forretningsmann. Men ein god bonde er noko meir. Han er som ein Vaarherre for den jordi han eig.»

Det som for doktor Bratt vitnar om «ætt og odel» på Berg, er møblane i «Veslebygningen»: «Ja, alt her i romet – sofaen der, armstolane der, omnien – alt spelar same koralen. Det er dette her som talar um det store Berg. Det gamle bondesætet.» Ja, Solve har til og med ei seng som prins Oscar I har sove i! (Då nærmar vi oss turistattraksjonane i «Flaum».)

Dr. Bratt er ein moderne mann. Han har truleg god greie på Freud og andre psykologar. Og når Solve Berg talar om samvit, forsikrar Bratt at dette Solve skuldar seg for, aldri har hendt.

Solve: «Og dokteren kan med frelst samvit segja det? Elles so reknar no du, dokter Bratt, at samvitet finst ikkje lenger. Bratt: Med beste samvit segjer eg det.»

Litt seinare: Solve: «Dokter Bratt. Kva var det du sa um samvitet – der inne paa

kontoret? Var det avskaffa, sa du? Bratt (skriv): Nei. Det var kome under dokterhand, var det eg sa.»

Så nokre ord om spelet med dei tre kongane. Det høyrest alvorleg og godt innstundert, med hornblåssarar som blæs når «stjernemannen» kjem inn og seinare ein gong for kvar av dei tre kongane, med obligatorisk skåling og vakkert utkledde kongar, - og har sikkert hatt omhugsamt innstuderte replikkar. Men dette spelet, som utan tvil har hatt eit seriøst og religiøst utgangspunkt, endar denne gongen i hemningslaust skryt av Solve Berg - og i fylleprat frå stjernemannen si side. Det religiøst/høgtidelege endar i ein farse.

Det er lite truleg at Sletto har ført inn dette spelet (som lett kan kjennast som noko uvedkomande og utapåklistra i dramaet) berre for at det ein augneblink skulle bli så mørkt at Gunn kunne avlevere slaget mot mannen sin utan å bli sedd. For meg står det heller som at meininga med spelet ligg i det symbolske, ei understrekning av at det alvorlege, ansvarsfulle og omsorgsfulle som trass alt har funnest i mange av dei gamle tradisjonane, har smuldra opp og mist si meining – og endar opp i farse og fyllerør.

Både «Gamle Vehall» og «Skrinet» endar tragisk. Men ein ser ein tydeleg skilnad: Når dei hardt prøvde personane i «Gamle Vehall» forlet scena, skjer det trass alt med hovudet høgt, medan dei attverande i «Skrinet» i siste akt er ein gjeng med krøplingar i etisk forstand, anten det no er Bratt, fru Gunn, Asle eller Husum vi snakkar om. Den einaste av dei vi har respekt for i siste instans, er mordaren, Solve Berg. Som i «Gamle Vehall» er det også her i «Skrinet» ein del samanhengar som synest uklåre, og som Sletto burde ha framstilt meir eksakt. M.a. kunne ein ha ønskt nærmere presisert kva som var grunnen til at Solve Bergs far hadde mist alle pengane sine. Kanskje var det spekulasjonar? Men det største brotet hans var at han ikkje let familien og etterkomarane sine få del i den vanlagnaden han og garden hadde kome ut for. Solve Berg sviktar også, - endå om han i rett forstand tek det som ein mann når det ingen veg er utanom.

Båe kunne ha handla annleis. Men det er truleg ikkje nok her å snakke om berre individuell skuld og straff, - i eit miljø som er gjennomsyra av idealet «mykje pengar og stor gard».

«FLAUM»

Dette spelet skil seg sterkt frå dei to fyrste, i og med at det er ein farse. (Tragikomedie kallar Sletto det.)

Alle tre aktene går for seg i og ved Haug pensjonat. Det heile startar i resepsjonen, der den unge Hellen passar telefonen og pratar med professor Dyrland, som er gjest på pensjonatet. Tanta til Hellen, frk Swartz, som har budd i Amerika, er svært streng og vil verje Hellen mot ansvarslause unge menn, bl.a. Bent, som er son til vertsfolket og som no kjem att frå byen der han har vore arbeidslaus skodespelar.

Hellen får telefonar frå journalistar og andre som har høyrt at det skal vere sett ein sjøorm i Haugsvatnet. Brått dukkar Bent opp, og får ein frisk og humoristisk prat

med Hellen, der han m.a. får vite at Haug pensjonat har 12 gjester til sine 75 senger. Bent klandrar far sin, som han meiner er treg og fantasilaus. Men no skal han bli hotellvert!

Lars Haug fortel korleis tilstanden er på pensjonatet etter at han har bygt ut frå 30 til 75 senger, fått matsal til 150 personar og laga park og tennisbane og sett opp badehus. Det kom ein veg inn andre dalen, og konkurrenten Ringheim hotell tok alle gjestene.

Så får brått frk. Swartz, Lars, Bent, Hellen og Dyrland verkeleg sjå sjøormen i vatnet, og Lars blir fortvila: «Me kan stenge Haug pensjonat um aatte dagar, Bent. Ingen torer bli buande her lenger - etter dette.» Med same kjem journalist Jensen frå Aftanbladet som og får sjå vedunderet, - og Dyrland har sine teoriar om at denne ormen er ein ætting av den gamle Pythonomorpha, som eigenleg skulle vere utdøydd for tusental år sidan.

Bent trugar seg til å overta leiinga på pensjonatet i tre månader, og han har mange planar, m.a. om filmopptak og nakenkoloni. Haug meiner at Bent har gjort pensjonatet til eit teater.

Ein av gjestene heiter Hans Traa, og er ein av Bents gamle vene. Snart blir han mistenkt for at det er han som har sett Bent på ideen med sjøormen, ja, det blir til og med påstått at han er sjøormen! Hotellverten på Ringheim byrjar også å vanke på Haug pensjonat, og det er truleg han som står bak denne «avsløringa» av Hans Traa.

Frk. Swartz har frå byrjinga vore svært skeptisk til Bent, men når han kjem og byd henne jobb som oldfrue på pensjonatet og hovudrolle i filmen som skal spelast inn, byrjar ho å mjukne.

I byrjinga av tredje akt er vi midt inne i eit filmopptak. Inne i salongen held dei på med ein dansekonkurranse, der prisen går til det paret som held det gåande lengst. Det går etter kvart prestisje i nasjonskampen, og folk byrjar å vedde. Tyskarane syng «Hitler-songen», og Bent og journalist Jensen held fast på at det norske paret vil vinne, - medan frk. Swartz meiner at det amerikanske paret bør vinne kampen.

Frk. Swartz har elles store planar. Ho fablar om å bygge ut Haug pensjonat til eit vintersentrums for Europa, men då må amerikanarane vinne konkurransen. Dei vinn også til slutt, og frk. Swartz byd til å kjøpe pensjonatet. Lars Haug slår til, Hellen og Bent trulovar seg, og Bent, som har fått brev om fast tilsetjing på teatret, blir overtala til å ta over som hotellvert i staden, for det er det han er best til. Lars Haug vil bygsle seg ei tomt av frk Swartz der han kan halde seg fast når farten blir hundre kilometer i timen, seier han.

HUNDRE KILOMETER I TIMEN!

Fyrste gongen det er snakk om garden i «Flaum», er når vertinna, fru Haug, talar om dei därlege tidene for pensjonatet: «Nei, etter Ringheim hotell kom, var det som det døydde ut her på pensjonatet. Garden kan me heller ikkje tala um, han driv me ikkje lenger. Har ikkje hatt tid til det.» Resultatet er at garden har forfalle.

Dette kan vere soga om mange gardsbruk i Bygde-Noreg. Dei byrja å leige ut rom

for reisande, eller turistar, gjerne fordi dei trudde på lett-tente pengar. Dei syntest lett-tente, i alle fall når dei samanlikna med å vri levemåten ut or mager jord i bratte bakkar og kanskje i strid med hypotekbanken, i eit evig slit nesten døgnet rundt. For somme vart turistane eller dei reisande eit bra tilskot til levemåten, for andre mislukkast det, og nokre få var så dugande eller så heldige at gjesteromma vart til pensjonat og hotell, medan garden etter kvart spela mindre rolle, og dei kanskje kvitta seg med han.

På Haug har dei også hatt eit lite, koseleg pensjonat og drive garden attåt. Men så har krava vorte større, dei har bygt ut, og det har vorte for mykje for den seine og noko omstendelege Lars Haug, som dessutan har samvet. Bent vil gå inn i konkurransen med Ringheim utan samvet. «Dette samvetet hans far kan du tru har kostar pengar for oss!»

For personane i «Flaum» gjeld det for ein stor del å ta stilling til sensasjonen. Lars Haug synest dette med sjøormen er noko tull, og han vil ikkje ein gong gå til glaset for å sjå på han. Fru Haug blir halvredd og synest Haugsvatnet har vorte illkyndt med eitt. Dei sit fast i det gamle, stakkar.

Men journalist Jensen og frk Swartzner diktar sjøormen større enn han er, og prof. Dyrland vil byggje «ei merkeleg gogn av staal» og fiske sjøormen levande, og dyret skal i tillegg også fredast!

Bent vil nytte ut sjøormen for alt han er verdt, men han er også klar over at den eine sensasjonen må følgje den andre. Når sjøormen ikkje viser seg meir, må det kome stendig nye spektakulære tiltak. Han ser framleis på seg sjølv som skodespelar, og gjestene er eit publikum som gjev trampeklapp til kvar ny suksess.

Både Bent og frk. Swartzner viser seg, glimtvis, å eige større innsyn i samanhengane enn ein skulle tiltru dei. Lars Haug har m.a. gjort den røynsle at lordane som han hadde som gjester den tid pensjonatet var lite og koseleg, vart borte då han moderniserte og bygde på. «Og so vart dei burte, dei andre au,» seier han. Men frøken Swartzner har svar: «De bygde burt det gamle som var her. Og det moderne – det finn ein alle stader, Haug.» Og Bent kan seie følgjande: «Her let dei far min søkkje ned i gjeld og sut – just fordi han var den einaste vert i landet som ikkje fuska! Den einaste som æra og akta sine gjester! Men han skulde sitja med tome hus, han ja. - Nei, eg skal bende publikum! Det bannar eg paa!»

Sensasjonsavisene er sjølv sagt også innblanda. Journalist Jensen har ikkje råd til at sjøormen skal bli borte: «Jamvel um eg visste at Hans Traa har spela sjøormen, eg slo det ned! Eg kalla det lygn for all verdi! Eg vart landskjent paa sjøormen, eg. Og det skal staa ved makt!» Til slutt blir alle samde om at sjøormen skal «få leva». Både dei og Haug pensjonat treng han.

Ein kunne utan tvil, ikkje minst i våre dagar, skrive avhandlingar om det keisame sett opp mot det spennande, og i kampen om publikum vinn (sjølv sagt) det spennande. Dansetevlinga var først tenkt som ei tevling i dansekunst. Men så fekk amerikanarane viljen sin: Så vart det ei tevling i timer og minuttar, - om kven som kunne halde ut lengst, og så vart det i tillegg ein nasjonskamp, med alle dei over- og under-

tonar ein slik kamp lett kan få. Når så Amerika vinn nasjonskampen, er frk. Swartzner viss på støtte til dei storfelte hotellplanane sine.

Odelen blir det ikkje snakk om før i slutten på farsen, for her dreiar det seg om å få Haug pensjonat til å overleve, og seinare om å få suksessen til å halde ved. Når frk Swartzner vil kjøpe heile pensjonatet, er Lars Haug som vanleg audmjuk og lite kravstør: «Femti prosent av det eg sjølv har kosta det. Og endaa kjøper De dyrt! Slik er ti-dene, frøken Swartzner. Og endaa sel eg dykk heile min odel! Frk. Swartzner er raus og betalar hundre prosent!

Bent let det heile gå like lettvint: «Nei, handel skynar eg meg ikkje paa. Men odelen var ogsaa min. Og han kan du gjerne faa.»

Til slutt, når flaumen har teke alle saman, og alle er blinda av dei storslegne framtidssplanane, renn ringen i hop: Odelsbonden Lars Haug vil bygsle seg ei tomt av frøken Swartzner, som ved hjelp av amerikansk kapital no er eigar av heile pensjonatet.

NÅR SAMVETET KJEM UNDER DOKTERHAND—

Olav Sletto har i skodespela sine vist at han meistrar både tragedie og komedie. Om trilogien i boka «Odel» når det siktet målet Sletto nemner i brev til Lars Reinton: «Å gje den indre norske folkehistorie i dei siste 120 åra, ei psykologisk Noregshistorie», kan vere eit anna spørsmål. Truleg var det målet litt for høgt, og ville ha vore det for kven det skulle vere.

Men han har levert tre velskapte skodespel som ikkje har fått dei sjansane dei burde ha fått på norsk scene, og han har, som i sine episke verk, vist ei sterkt skapningsdannande evne, stor sans for å byggje opp ein hendingsgang mot eit klimaks, og ein replikk-kunst som ikkje mange norske forfattarar har gjort han etter.

Odel og ætt er den raude tråden gjennom dei to første skodespela og er også sterkt til stades i det siste, mest på grunn av sitt fråver.

Eg vil ikkje ein augneblink mistenkje Olav Sletto for at han i «Gamle Vehall» på nokon måte går god for Trond Vehall med si ættdyrking og si nådelause blodhemn-innstilling. Men han syner fram eit samfunn som også dyrka fram slike menneske som Trond Vehall. Så ekstremt kunne det vere, men vi må også merke oss at så å seie alle personane i spelet står for andre verdiar enn Trond.

Av kvalitetane til dette samfunnet har vi bl.a. ein sterkt sjølvstende- og fridoms-trong og ein sans for eige verd som ikkje berre var egoistisk prega, men som gjorde at den norske bondestanden i åra etter Svartedauen overlevde på ein heilt annan måte enn t.d. den danske.

Bøndene i «Skrinet» har mist mykje av den fridomen og det sjølvstendet dei hadde ein gong. Etterapinga av det nye og det som kjem utafrå slår oss alt frå første scene i første akt. Pengane spelar stendig større rolle. Det har vorte framheva at Solve Berg framleis var så vyrk for odelen og ætta at han tok livet av svogerens sin for å berge garden, - men for meg står det slik at denne gjerninga meir gjaldt den personlege æra og prestisjen enn det gjaldt ætt og arv.

Solve Berg viser seg likevel å ha mange av dei gamle kvalitetane. «Far er til for gar-

den si skuld,» meiner Asle. Og når Solve i siste akt er klar til å ta straffa for det uverket han har gjort, står familievenen dr. Bratt klar med den store bortforklaringa: Solve er sinnssjuk! Og alle hans næreste grip halmstrået, kvar ut frå sine ulike motiv.

Personleg opplever eg det slik at det er fyrst når eg les «Flaum» at det heilt går opp for meg kva verdiar som ligg til grunn i dei to fyrste skodespela. For her – midt i karikaturen – som kanskje ikkje er så mykje karikatur når alt kjem til alt, slår det oss kor mykje av det grunnsolide i det gamle samfunnet som er i ferd med å gå tapt. Her møter vi suksess-jakta, ansvarslösya, tilbedinga av det uekte, løgna, overflate-livet, det hesblesande markskrikerske, rotlösya, etc,etc.

Det siste skjønar vi kanskje endå betre enn dei gjorde det i 1934: Odelen står også for det å høyre til ein stad, å vere knytt til noko og nokon. Det kjem vel ikkje innunder dei etiske spørsmål, men det høyrer til det å vere menneske.

I «Flaum» blir odelen bokstaveleg talt seld, og Lars Haug vil sitje på bygsla si og halde seg fast medan han ser på det stendig aukande tempo i det menneskelege høpehav.

Elles er det mi meining at teatra før eller seinare – og som ei hylling til Olav Sletto – må setje teaterstykka hans på speleplanen.

LITTERATUR:

Olav Sletto: Odel. Ein drama-syklus Ringen Forlag 1934

Johs A. Dale/Lars Reinton, red.: Ei bok om Olav Sletto, Det Norske Samlaget 1966

Johs. A. Dale: Nynorsk dramatikk i hundre år, Det Norske Samlaget 1964

Avisartiklar:

A(Arne) F(Falk) i Den 17de Mai 26.januar 1934

Sigurd Eldegard i Den 17de Mai 6. oktober 1934

Ragnvald Vaage i Unglyden nr. 40, 1934

Åsmund Sveen i Den 17de Mai 10. mai 1936

Olav Brusletto i Unglyden 12. september 1936

Leif Tufte:

UTANFOR ALLMANNAVEG: OM OLAV SLETT OG «UTKANTLITTERATUR» UTE OG HEIME

SPRÅKLEG OG KULTURELT MANGFALD

Det meste skulle vel etter kvart vera sagt om den viktige rolla bøkene til Olav Sletto har spela når det gjeld å taka vare på og å forsvara språket og kulturen i heimbygda. I den samanhengen tenkjer ein sjølvsagt framfor alt på «Per-bøkene» og «Soga om Røgnaldfolket». Kan hende er dette bevaringsarbeidet ei vel så viktig side ved diktargjerninga hans som alt det andre han har gjort. Og det har sikkert minst like mykje å seia no i dag som då bøkene hans vart til. Det er dette spørsmålet eg her vil freista å sjå litt på i ein noko større samanheng enn det ein til vanleg gjer. For ei gongs skuld kunne det vera forfriskande å ikkje berre trakke rundt i dei gamle spora, der vi støyter på så mange skrømt frå diskusjonane om norsk(e) språk. Det kan vera verdt å minne om at det vel knapt finst det landet i verda som ikkje har sine språklege mindretal av ymse slag og sine meir eller mindre fredelege oppgjer i dei situasjonane det kan føre til.

Etter kvart har ein for alvor fått augene opp for kor verdfulle dei små språksamfunna og dei mindre kulturane i verda er. Samstundes vert presset frå hovudspråka og dei store kulturmaktene stendig sterkare. Mange av språka i verda kan rett og slett verta borte, og dialektane er sjølvsagt endå meir utsette i så måte. Vernet av det språklege og kulturelle mangfaldet har difor trengt seg meir og meir på. Ja, mange er det no som meiner at spørsmålet om dei tungemåla i verda som stendig vert meir truga, står fram som ei av dei viktigaste miljøsakene i tida. Det er soleis all grunn til å minne om det ordførarane i Hallingdal slo fast so kraftig og velforma i eit føreord til Kjell Venås si bok om hallingmålet «So sea me her» (andre utgåva 1997): «Dialekten er vårt fremste tilskot til det språklege og kulturelle mangfaldet i verda». Betre let det seg vel ikkje gjera å få fram kjernen i det dette handlar om.

Det er stadig viktigare at me minner kvarandre på dette. For oss her i landet har det nemleg vorte ein sjølvsagt ting – ein menneskerett som det vel heiter i dag – både å skrive, få gjeva ut og å lese bøker i den språkforma me helst vil ha dei. Men ser me oss lite grann om i den store verda, vil me snøgt oppdaga at det slett ikkje er nokon sjølvsagt ting at skrivande folk frå «utkanten» kan få ut bøkene sine i den språkforma dei vel sjølve. Dei som riksnormalen av ein eller annan grunn ikkje ligg så godt til rette for, vil difor kan hende ikkje nå fram til eit publikum i det heile. Det vil stutt og brutalt seia at mest alle andre stader i vår del av verda ville det ha vore beint fram umogeleg for ein forfattar som Olav Sletto å få bøkene sine ut slik han helst ville ha dei forma.

UTKANTLITTERATUR I MOTSETNAD TIL FLEIRTALSTYRANNIET

Det ligg soleis ei stor utfordring i det å freiste å kaste lys over nokre av dei spørsmåla som har med ymse variantar av det vi her vil kalle «utkantlitteratur» å gjera, anten det no er frå den geografiske eller frå ei anna side. (Det finst ikkje nokon fast merke-lapp på slik litteratur, og eit namn må som kjent barnet ha.) Sume vil kanskje mislike denne nemninga og finne noko nedsetjande ved henne. Men her er ho tvert om tenkt som eit heidersnamn, som går på det som står i motsetnad til fleirtalstyranniet, særleg når det gjeld val av språkform.

Det viktigaste spørsmålet i vår samanheng blir difor dette: Korleis kjem desse forfattarane, som lever i ei eller anna form for språkkloyvd samfunn, seg ut av problema når det gjeld val av språk og forteljemåte i bøkene sine? Dette gjeld sjølvsagt ikkje minst for romanforfattarane, dei som vi her vil leggje mest vekt på. Døme på dette vil det vera naturleg å ta frå det norske språkområdet, der det som kjent er fleire vegar som kan føre fram til lesarane. Men til samanlikning og utdjuping av problema vil det òg vera nytig å trekkja inn døme frå andre kulturar. Ikkje minst er dei fransk-språklege områda interessante i så måte. Dette gjeld ikkje berre for hovudlandet Frankrike og dei landa i Europa som har innbyggjarar som talar fransk, til dømes Belgia og Sveits. Tilhøva i Canada og på dei Karibiske øyane i Amerika, der fransk språk og variantar av det òg er i bruk på ymse vis, er særleg opplysande i ein slik samanheng. Kjennskap til språktihøva innanfor den fransktalande - også kalla frankofone - delen av verda gjev i det heile eit godt grunnlag for å få innsikt i dei problema det gjeld om her.

SPRÅKLEGE MINDRETAL I FRANKRIKE

Det er mangt godt å seia om dei store kulturlanda. Men dei steller som regel ikkje serleg bra med ymse typar mindretal dei har innanfor grensene, og aller minst då dei språklege. Frankrike er i så måte ein av dei därlegaste i klassen. Dessutan har den historiske utviklinga ført med seg at landet har uvanleg mange og store språklege mindretal. Det kan difor vera greit å ta til med eit stutt oversyn over dei områda der fransk språk anten er morsmålet eller eit viktig bruksspråk, og då ofte i tevling med andre.

Når det gjeld sjølve heimlandet, må vi attende til det 15. og 16. hundreåret for å finne den sokalla Renessansen, som skapte grunnlaget, ikkje berre for dei store nasjonale kulturane på det europeiske kontinentet, men òg for dei tilsvarande nasjonal-språka. Men den store framgangen for fransk språk og kultur i dei neste hundreåra, som strekte seg langt utanom landegrensene, hadde sin pris. Den gjorde at det berre er rester att av dei andre språka som òg hadde vakse fram på fransk grunn. Mellom dei finst det òg eit anna romansk språk i Sør-Frankrike som har ei særleg ærerik fortid. Dette gjeld oksitansk, som var det språket dei gamle trubadurane brukte i mellomalderen. No i dag finst dette språket berre i form av oppsplitta dialektar. Dessutan er det også i Frankrike fleire andre mindre språk, som framleis delvis er i bruk, så som bretonsk i Bretagne og baskisk nær grensa til Spania. At dette ik-

kje er nokon uvesentleg sak, fortel dei siste statistikkane. Framleis har så mykje som ein firedel av alle franske barn i dag foreldre som snakkar til dei på eit anna mål enn fransk, anten det no er ein lokal fransk variant eller eit framandspråk. (Desse opplysingane er henta frå avis «Le Monde».)

For alle desse områda gjeld det at dei lokale språka og kulturane som er knytte til dei, kjem därleg ut i eit så sentralisert land som Frankrike. Serleg etter den store revolusjonen i 1789 har dei styrande oppfatta det slik at sterke lokale einingar, ikkje minst dei språklege, vil vera eit trugsmål mot nasjonalstaten Frankrike. Når det gjeld sjølve det franske riksspråket, er det som ein massiv blokk som stengjer for dei dialektane som er knytte til det. Det dei ute i periferien har å fara med når det gjeld ordkunst, har difor hatt vanskeleg for å nå så langt som til Paris. Jamvel i romanar frå bonde- eller fiskarmiljø er det sjeldan forfattarar har våga seg lenger enn til å fargeleggja riksspråket varsamt med lokale særmerke. I dei siste tiåra har derimot nye språklege variantar frå storbymiljøet, slang og særspråk av ymse slag - på fransk kalla «argot» – kome inn i litteratur, film og avisspråk. Dette er innslag som har gjeve nytt liv til eit språk som hadde stor trøng for friskt blod. Men fornyinga kom altså først frå sentrum og ikkje frå periferien, slik det jamt har vore tilfelle i så mange andre land.

UTKANTLITTERATUR I SVEITS

Det er i romankunsten det er lettast å fylgja med i brytningane mellom sentrum og periferi med omsyn til det språklege uttrykket. Då er det mest å henta utanfor sjølve Frankrike, og serleg i andre verdsdelar enn vår eigen. I dei fransktalande delane av Belgia og Sveits derimot har forfattarane i hovudsaka halde seg til språket og stilten i den franske riksnormalen, som i det store og heile har rådd grunnen heilt til våre dagar.

Men også i desse to landa finst det nok dei som har hatt draumar om andre måtar å skrive på enn den mest tradisjonelle. Ein av dei som merkjer seg ut i så måte er romanforfattaren Charles Ferdinand Ramuz frå kantonen Vaud i Sveits, som var aktiv som romanforfattar i første halvdelen av det 20. hundreåret. Han høyrd heime i eit område av det sokalla Suisse romande, med landbruk og turisme som viktige næringssvegar. Dei meir enn 500 000 innbyggjarane i Vaud-kantonen er kjende for å bruke ein sermerkt dialektvariant av det franske språket. Men korkje geografisk eller historisk har denne delen av Sveits nokon heilt naturleg tilknyting til Frankrike, endå om fransk alltid har vore morsmålet der. Altså hadde Ramuz inga binding til det som er nasjonalt fransk, men berre til sjølve det franske språket. Og heller ikkje på det punktet utan etterhald. Den rådande varianten av fransk språk var for han eit kunstprodukt som hadde vorte dyrka fram i den klassiske perioden, og som hadde stivna i ei perfekt akademisk form, det vil seia skulefransken, «le bon français». Såleis vert talespråket for Ramuz det eigentlege språket, sjølve hjartespråket, det han vel som det litterære verktøyet sitt. Endå om han hadde beste sort utdanning frå Paris og var ein lovande forfattar, våga han seg til å gjera tankane sine til røyndom. I slutten

av 1920-åra skriv han til dømes eit langt brev til forleggjaren sin i Paris, der han utdjupar tankane sine om eit nytt skriftspråk som enno ikkje finst: «Tenk om eg kunne skrive dette talemålet, tenk om eg kunne nytte dette språket vårt i skrift. (...) Eg har sett på papiret eit språk som enno ikkje har vore brukt på den måten». Han legg til at han har gjort dette av kjærleik til og truskap mot det som for han er sant og ekte, og som han har sams med dei han ferdast i lag med der oppe i alpefjella.

Ramuz drøynde altså om å få til det som som Olav Duun og andre norske forfatarar også var opptekne av på den tida. Olav Sletto på si side gjorde som vi veit same tanken til røyndom eit par ti-år seinare med Per-bökene. Men når sant skal seiast, måtte Ramuz nøye seg med å ikkje nå så langt som det han hadde hatt lyst til. Om det var fordi han ikkje makta det eller ikkje våga det, er ikkje godt å vita. Det han tenkte på å få til med dialektgrunnlaget sitt, var truleg i alle høve noko ingen før hadde drøynt om på franskspråkleg grunn. Det hører med til denne historia at kritikarane som melde romanane til Ramuz, syntest at han var uredeleg. Dei meinte at han så langtfrå var nokon bonde, men derimot ein studert mann som burde veta korleis ein skulle skrive. Han skulle ikkje lata som om han var nokon annan enn den han var. Soleis vart han skulda ikkje berre for at han skrev «dårleg», men òg for at han «gjorde det med vilje»!

Det er umogeleg for den som ikkje har fransk som morsmål å gi ei rettvis vurdering av nyansane i språkbruken til Ramuz som romanforfattar. (Det gjer det ikkje lettare at han kan stille opp med samla verk på 23 band!) Men det er i alle høve sikkert at han ikkje beinveges kan samanliknast med Olav Sletto. Når det gjeld til dømes bruken av dialekt og dei historiske føresetnadene for det, er stoda so ulik i dei to tilfella at det ikkje er rettvist å setja dei to opp mot kvarandre. Men det er sikkert at Ramuz hadde visjonane og at han kom eit stykke på veg med det han hadde sett seg føre. Meir skal ein vel ikkje forlange.

Heller ikkje vart han nokon Ivar Aasen på sveitsisk grunn. Til dømes syner han mindre interesse for rettskriving og arbeidet med sjølve språket. Derimot er han svært oppteken av ting som den rolege rytmen i Vaud-dialekten og alle pausane i samtalens, noko som er så særeige for fjellbøndene han skriv om. Det han ser ut til å leggja mest vekt på er soleis samspellet mellom det som vert sagt og alle dei trekka i språket som gjer farge til utsegnene. Dessutan er haldninga og identitet noko som er viktig for han. Han vil utfordra dei som bur i det fransktalande Sveits til å finne ut kven dei er i høve til Frankrike og Europa elles, og til å lata det verka inn på språket dei brukar. Som personlegdom var han slett ikkje lik på nokon av våre heimstadiktarar. Til det var han for mykje oppteken av dei mørke kreftene i samband med både natur og menneske.

UTKANTLITTERATUR I TIDLEGARE FRANSKE KOLONIAR

I våre dagar fornyar det franske litteraturspråket seg frå meir eksotiske kjelder, noko som vil gje omgrepene «utkantlitteratur» ei ny og utvida mening. Det har i det siste kome friske vindar frå dei spreidde restane av det franske imperiet, som finst i alle

delar av verda. Rett nok oppførde dei første generasjonane av forfattarar som kom frå dei tidlegare franske koloniane, seg som dei flinkaste gutane i klassen. (Dette var før jentene ga seg med i laget). Dei skreiv eit klassisk språk som ikkje på nokon måte sto tilbake for det franskmennene sjølve brukte. Eit døme i så måte er den tidlegare presidenten i Senegal, Léopold Senghor. Han hadde utdanninga si på høgaste nivå frå Paris og vart ein av dei store lyrikarane på fransk språk. Men endå om han brukte ei språkform på line med dei store klassiske føredøma, var han heller ikkje redd for å trekkja fram det som var særeige afrikansk. Seinare har Ahmadou Kourouma frå Elfenbeinskysten med stort hell kokt i hop sitt spesielle brygg av tradisjonelt fransk romanspråk som er sprita opp med seiemåtar frå det afrikanske bambara - språket.

Men det var frå den nye verda – frå Nord-Amerika og Dei Karibiske øyane – at den viktigaste språkleg-litterære inspirasjonen skulle slå inn over dei franske strendene. Den fyrste av desse bylgjene kom frå det franskspråklege Canada, og då serleg frå den provinsen som heiter Québec, der eit fleirtal er fransktalande. Lenge var desse «amerikanske franskmennene» for det meste til forundring og til lått, fordi dei snakka og skreiv eit fransk som slett ikkje fylgte normene i heimlandet. Delvis fordi språket var gamaldags, delvis fordi det var for mykje påverka av amerikansk. Men smått om senn fekk sjølv franskmennene smaken på denne blandinga av gamle seiemåtar og hypermoderne amerikansk.

Samstundes hadde det vakse fram livskraftige kulturmiljø på øyane i Karibiahavet: Martinique, Gouadeloupe og andre. Dei fann grobotn i spenningsfelta mellom sine eigne kreolske språk og dei som kolonimaktene hadde med seg då dei kom. Resultatet vart ei rad med bøker som til saman skapte grunnlag for ein særeigen blandingskultur med både opphavleg kreolske element og dei som den franske kulturen har tilført dette området. Og språket hadde altså fransk som basis. Men det vart ein fransk som er mykje ulik det europeiske grunnlaget. I endå større grad enn i Québec tok han opp i seg eit heilt arsenal av gammalt spåkstoff som har nedfelt seg i det karibiske kreolspråket. Ja, så stor framgang har denne litteraturen hatt at i 1992 hende det noko som hadde vore heilt utenkleleg berre stutt tid før: Patrick Chamoiseau frå Martinique fekk det året den gjevaste franske romanprisen, «Goncourt-prisen».

FELLES TREKK VED ALL UTKANTLITTERATUR

Dette er berre nokre døme på korleis omgrepet «utkantlitteratur» i fransk og annan samanheng har fått heilt nytt innhald i dei seinare åra. I staden for fjellbønderne som hjå ein Ramuz og ein Olav Sletto, eller av namdølene som hjå ein Olav Duun, er det no høve til å bli kjent med folket på grasrota i Karibiahavet. Men på same måten som dei gamle heimstadvariantane frå Europa gjorde det, vil også dei nye som trenger på, gjera den europeiske kulturen rikare og meir variert.

Noko av det som er mest interessant, og som er sams for gammal og ny «utkantlitteratur» kor det enn er i verda - ja eigentleg for all forteljande litteratur - er korleis forteljaren tek stode til det han fortel. Kva legg han merke til og kva går han hus forbi?

Er han sjølv ein del av miljøet han skildrar, eller er han ein tilskodar eller ein framandkar som berre fer framom? I mykje av den eldre litteraturen er det den siste typen som er den mest vanlege. Forteljarar av dette slaget dukkar helst opp når eit land eller ein landsdel skal «kartleggjast», som det gjerne heitte før i tida. Desse oppdagara-ne av nytt land vil gjerne fortelja til andre om alt det nye og merkelege dei ser. Som rimeleg kan vera er det etter kvart mindre av den slags forklarande tillegg i den nya-re litteraturen.

Eit velkjent døme finn vi i det andre kapittelet i Bjørnsons *Synnøve Solbakken*, som tek til slik: «Kirken står i bondens tanke på et højt sted og for sig selv, fredlyst med graves højtid omkring, messens livlighet inne...» Dette er innleiinga til ei heil lang lekse, der det vert kasta lys over mange sider ved kyrkja som bygning og institusjon. Dette er med andre ord ei heil sosiologisk utgreiing som ingen i dag ville finne på å ta med i ei slik forteljing, men som slett ikkje var eineståande på den tida. Mest vanleg var det å flette inn i teksten stutte opplysningar og kommentarar om skikkar, levekår og levevis, reidskap og køyredoningar. Men etter kvart har både forteljarane og lesarane trøytna på slike påheng.

Innslag som dette kan eg ikkje minnast å ha lese korkje hjå Olav Sletto eller hjå Olav Duun. Forteljarane i bøkene deira er ikkje tilskodarar, men deltakarar som lever i eitt med miljøet dei er del av. Den slags kommentarar er heller slett ikkje vanlige hjå sveitsaren Ramuz. Dette dømet frå ein av romanane hans synest vera meir som ein glipp enn som ein vane: «Desse sledane var noko dei brukte på dei skrale vegane sine, der ikkje noko køyretøy med eller utan hjul på kunne våge seg til å fara.»

UNYTTA RESSURSAR I UTKANTLITTERATUREN

Meir enn noko anna er likevel ordkunsten sjølve livsnerven i litteraturen. Det er difor heilt avgjerande for all utkantlitteratur at han fungerer godt på det planet. Når det gjeld til dømes Olav Sletto, er det ingen fåre i så måte. Det synest både kritikarar og lesarar elles å vera samstemte om. Han er vel òg den som oftast vert nemnt saman med Duun, som døme på vellukka skrivekunst som ikkje står attende for nokon. Skrivegleda, rytmen og muskaliteten i språket skulle vera sterk nok til at ikkje berre dei som kjenner hallingmålet godt kan lata seg fortrylle.

Sjølv med så gode føredøme som dette kan ein vera redd for at dialektfarga litteratur vil verta mindre vanleg i framtida, etter kvart som talemålet vert meir og meir likt alle stader i landet. Men ein kan òg leggja merke til at nettopp nokre av dei fremste forfattarane vi har, vågde å utnytta på ymse vis dei ressursane som finst i dialektane. Alf Prøysen er eit sjølvsagt døme på meisterskap når det gjeld gjennomført bruk av det heimlege. Det same gjeld Olav H. Hauge, når han spelar på dialektstengene.

At det framleis finst store unytta ressursar i den litterære bruken av dialektane, får vi prov på i ei fengslande novelle av Hans Herbjørnsrud, som har tittelen *Kai Sandemo* (I samlinga *Blinddøra*, 1997). Dette er soga om ein mann som vert skulda for å ha teke livet av bror sin. Han slår seg ned i Danmark, og heile novella er forma som eit brev han seinare skriv til forfattaren og grannen heime i Noreg for å gjera

greie for det som hende. Det interessante i denne samanhengen er at storparten av historia er skriven på dansk, som stykkjevis òg er gamal bibeldansk, før ho mot slutten går over dels til meir tradisjonell nynorsk, dels til reinspikka dialekt.

Kan noko slikt som dette vera innleiinga til heilt nye og spanande måtar til kunstnarleg utnytting av dei språklege ressursane vi har i samspelet mellom dialektane og riksnormene?

Per Olav Reinton:
UTSIKTEN FRA HOLSÅSEN

DET GÅR AN Å SE LANGT FRA SLETT

Da jeg besøkte Sletto-rommet over biblioteket i Hol, så jeg at forfatteren av Per-bøkene, hjemstavnsdikteren, hadde et utsyn som favnet en stor og intellektuell verden gjennom litteraturen. Det er ikke en kuriositet at et av hans første arbeider er et essay om Tyskland. Det er antagelig karakteristisk - kanskje ikke bare for Olav Sletto, men også for det miljøet han vokste opp i.


På ett av de eldste fotoene jeg har etter min far, poserer han med et alvorlig ansikt under en myk filthatt over en godt tilknappet frakk på en gate i Berlin. Bare de myke linjene i ansiktet og datoen bak på fotoet viser at det er bildet av en ung mann. Bildet er datert 1922. Det var da han begynte sin utdannelse. Han begynte den med en reise til Tyskland. Det eneste håndfaste resultat av danningsreisen jeg har, er et eksemplar av Nietszches «Der Wille zur Macht», satt i gotisk skrift, som tidlig pirret min nysgjerrighet.

Norske kunstnere reiste til Tyskland for å lære å male, som Adolf Tidemand, som bodde i Düsseldorf og skildret den norske bondens liv, eller for å skrive norsk musikk, som Edvard Grieg, Johan Svendsen og den langt yngre Geirr Tveitt, som alle studerte i Leipzig. Med tanke på hvor høyt dannelses og utdanning sto i kurs i Hol i tida etter 1900, med folkehøyskolene og den frilyndte ungdomsrørska, er det naturlig at Tyskland trakk.

Nordmenn var vel ansett. Tyskerne romantiserte nordmenn, med utgangspunkt i det norrøne. Selv i dag spilles Richard Wagners versjon av Sigurd Fåvnesbane, den store operasyklusen Nibelungenringen, over alle verdens operascener. Norrøne motiver florerte i malerkunst og dikting og i musikk. Norske forfattere, som Henrik Ibsen og Arne Garborg, var like store i Tyskland som i Norge. Keiser Wilhelms gave, i form av en statue av Fritjof den frökne ved Sognefjorden, er et fysisk spor etter det som tiltrakket og bandt landene sammen. Statuen er ingen kuriositet. Den er hva den er: et monument.

Det norrøne bandt Norge og Tyskland godt sammen. Båndene finnes både i diktning og musikk. Slik Geirr Tveitt signerte mange av sine verker, blant dem balletten «Baldurs draumar», med tonene e-d-d-a, slik levde Den Gamle Eddas figurer i flere av Olav Slettos første verk.

Den tyske okkupasjonen av Norge mellom 1940 og 1945 har kastet en skygge over de sterke båndene som var. Men det skal ikke hindre oss i dag fra å se hvor mye de to



Utsikten fra Slettokamben på Holsåsen.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002


landene har betydd for hverandre, og hvor naturlig det var for unge menn å begynne sin utdannelse med en reise til Tyskland.

Det var det Olav Sletto gjorde også. Men få har, som han, skrevet en krønike om sitt møte, slik han gjorde i «Um Tyskland» som kom ut like etter krigsutbruddet i 1914, da Tyskland var helt på toppen verden, og svært synlig over Holsåsen.

Den siste Hohenzoller, Der Kaiser, Wilhelm II, var en rask, intelligent, energisk, selvbevisst, impulsiv og forfengelig mann allerede da han ble kronet i 1888 - 29 år gammel. Han elsket å opptrer offentlig, hvor han ubeskjedent sto fram som Guds venstre hånd - og han opptrådte like godt på engelsk og fransk som på tysk. Han foreleste over vitenskap, industri, historie, arkeologi, teologi og de skjønne kunster - på tre språk - og uttalte seg så freidig at det ga gjenlyd verden over. Det var hæren og marinen som var hans største interesse. Etter seieren over Frankrike i 1871, var det Storbritannia som skulle utfordres. Hohenzoller Wilhelm ga Tyskland en ny retning etter Bismarck. Tysklands visjon, under Der Kaiser, var Weltpolitik.

Tyskland vokste voldsomt etter seieren over Frankrike og samlingen under Bismarck. I året 1900 var Tyskland blitt Storbritannia jevnbyrdig etter de fleste av tidsens mål. Årsaken var den utstrakte bruk av den vitenskapelige metode, som ble anvendt i alle produksjoner og på alle nivåer. Tysk ble synonymt med kvalitet. Den militære seier over Frankrike ble akkomagnert av en økonomisk seier, og forankret følelsen av å være overlegen. Etter 1900 la tyskerne seg oppi alt.

Der Kaiser sa: «Jeg håper det blir det tyske Vaterland forunt å bli så forent, så mektig og så dominerende som det romerske verdensriket en gang var, så når det en gang ble sagt *civis romanum sum* så vil vi i framtiden høre *Ich bin ein deutscher Burger.*»



Olav Sletto fikk sine første inntrykk fra Holsbygda, godt avgrenset av fjell og fjord. Likevel er et av han første arbeider et essay om Tyskland. En kan se langt fra Holsåsen. FOTO: OLAV S. REINTON, HOL BYGDEARKIV, 1914

Uansett hvor i verden du var, så skulle riket beskytte deg. Det er det samme som president Bush sier et hundre år etter: et angrep på en amerikaner er et angrep på USA. Slik lyder en stormakts ord.

Valget i 1907 gjaldt Weltpolitik. Sosialdemokratene var opprinnelig anti-imperialister. Det tapte de så mye på, at de ga det opp. Der Kaiser fikk det som han ville.

Samtidig var det krav om demokratiske endringer, og en del reaksjoner på den ta-bloide keiser. Men det var Wilhelm som var sjef. Da Bethmann-Hollweg ble utnevnt til rikskansler, markerte han at lojaliteten hans lå hos Der Kaiser, ikke hos Reichstag.

Det var dette Tyskland Olav Sletto kom til i 1914. Han begynner sin krønike fra Berlin slik:

«Du kjem her fri og framand, og kann gaa og sjaa paa byen som noko heilt nytt for deg. Du har synet ope.»

Det første han ser, er forskjellen på vest og øst:

«Fyrst starvar du daa gjerne uti vestkanten av byen, der er so trygt, der har rikdomen bygt seg fredsame eignehus og hagar. So gaar du etterpaa ute i austkanten kannhende, og du vert noko ottefull her, for her held trædomen heime.»

Det er ikke bare en forskjell mellom rike og fattige, men mellom rikdom og trældom. Det er ikke bare en forskjell han ser, det er en relasjon. Det Olav Sletto ser, ble sementert av det som siden skjedde. Øst og vest ble forskjellige verdener, og det var allerede tydelig da Olav Sletto satte sin fot der. Med industrialiseringen vokste det fram et proletariat, som fikk Berlin til å renne over i politisk kaos og kunstneriske vågestykker ti år etter. Olav Sletto så trældommen i øst.

Berlin er «ein sterk tokke av stein, graatt, og røyk.»

«Ikkje møter du svip av tysk aand og hand, ikkje ljoske av nærskyldt haatt og tanke. Det er stort og hardt og sjælelegt framandt det aller meste. Det er det materielle og mekaniske arbeid, som her stirrer paa deg med heile sin vekt. Og det er umaatelegt so tungt det verkar.»

Det var ikke dette han ventet. Han fant ikke spor av Goethe og Schiller, Lessing eller Winckelmann, Karstens eller Semper, alle personligheter som det var gjenskinn av i Holsåsen. «Det er stort og hardt og sjælelegt framandt det aller meste.»

Og så stiller han det store spørsmålet: Hva vil dette føre det tyske folk fram til?

Jo, sier han, aller først fører Berlin det tyske folk til Preussen.

«Det kan tykkjast so med same, at dette er gale sagt, men røyndomen slær til. Heile sambandsriket søker Berlin, blandar samstundes blod med det sterke, harde Preussen so innerlegt som raad kan vera til det. Gaar so ut i storverdi.»

Kulturlandskapene i øst, så vel som det glade Bayern, var hypnotisert av preussernes makt. Både Bismarck og hohenzollerne var preussere. Men «Preussen lyfter ørnermerket yver Tyskland, og lærer riket aa vinna rom og fyrste rang med jern og blod.»

Hovedbudskapet som det tyske folket får inn, gjennom kunsten og gjennom skolene « - - Det er at tysken maa vera ei militærmakt, det er voner og ord om eit Stor-Tyskland, det er at germanar-rasen skal sitja paa verdens domstol, og framleides slik.»

Han merker seg at det utenpå huset til Hamburg-Amerika Lina står: «Unser Feld ist die Welt!»

Landet er sultent på jord, på plass til sine framstormende millioner, på makt til å bestemme i alle deler og hjørner av verden hvor en tysker setter sin fot. «No kann officerkasten klæda folket i den prøyssiske jarnskjortå mest so hardt han lyster. Bakanum staar alle profetar av den ævige krig - og forsvarar og lovsyng.»

Den beleste Olav Sletto kan fortelle at det i de siste åra er kommet 30 større og mindre bokverk som hylder krigsånd og maktpolitikk. Bøkene selges i mange oppslag. De sier alle at Tyskland må ta seg til rette i verden. Et keiserrike var ikke nok. Tyskland må skape et tysk cesar-rike, et Stor-Tyskland. Han observerer hvor vitenskapelig argumentasjonen er i sin form. Det blir vitenskapelig bevist at tyskerne er overlegne. Noen legger til en religiøs og mystisk dimensjon. Krigen er gudsdommen mellom rasene, en krig germanerne er kallet til å føre. «Reknar ein umfram desse bokmenn og vitskapsmenn alle bladskriv og fyredrag i same leidi no dei siste aar, daa fer ein til aa skrimsla kor militærdrive Tyskland i grunnen er, kor ofse mykje arbeid og uppeggiing det ligg under kapprustingi.»

Han ser en halvt religiøs maktdrøm vokse fram i Tyskland. Hohenzoller-familien var i ferd med å ta steget fra keiser til cesar. Men om hohenzollerne lyktes med det, ville det være en ulykke, skriver Olav Sletto. For cesar-ånden tilhører en tid vi gjerne skulle ha sett bak oss.

Han ser heller ikke noen redning i den tyske sosialismen, for den har måttet gi etter for hohenzoller-ånden. « - men motdrifti, uppskuvet fraa folkedjupet er også

sterkt. Det er motsetningar, kraftgir i dette folket, og ubrukte krefter. Det er det ein ser med forvitna.»

Det finnes en god og en dårlig nasjonalisme, skriver Olav Sletto. Den gode nasjonalismen er kjærlighet, bygd på respekt for sær preg. Den onde nasjonalismen er bygd på hovmot. Tyskland har «ureina nationalitetstanken for seg.»

«Tyske menneskje kann staa der aa mismæta det mennelegt serbygde i andre. Men dette er raatt.»

Han finner nasjonalismen i tysk drakt både farlig og reaksjonær. Dette er rått! Nå vil tyskerne bygge et stor-germansk makt-rike. Det nye riket blir et tyrann-rike til skade og til fall, skriver Olav Sletto i 1914. »Skal tysken atter kunna reisa det minnestore og varande, slik som det ligg i hans traa, daa maa han ikkje forherda seg i havansykja og vaapnepolitikk.»

Dette var sterkt og klar tale. I boka «Um Tyskland» skriver Olav Sletto at rasismen og materialismen ville ende med forferdelse. Det var ikke alle som mente det i 1914.

«Um Tyskland» får et visjonært preg, om vi sammenlikner Olav Slettos essay med det Norges daværende statsminister Gunnar Knudsen sa sommeren 1914, nemlig at den politiske himmel, verdenspolitisk sett, var mer skyfri enn på mange år. Der Kaiser var beundret i Norge, og mange misunte landet en slik ledelse. Helt fram til 1916, da England begynte å få et overtak, fikk tyskerne all fisk som ble eksportert fra Norge.

Norge hadde vært selvstendig i ni år, og hadde liten erfaring med utenrikspolitikk. Men det satt altså noen på Holsåsen og fulgte med.

Olav Sletto bruker mange samtidige franske kilder, når han vurderer Tyskland og tyskerne. Men han står på samme plattform som Goethe og Schiller. De skrev noen metriske epigrammer som heter «Xenier» med felles fjærpenn. Et av dem heter «Tysk nasjonalkarakter», og lyder slik i Andre Bjerkes gjendiktning:

*«Akk, dere tyskere håper å forme et rike - forgjeves.
Form dere selv til å bli friere mennesker først!»*

Arvid Møller 2002:

OLAV SLETTØ KASTA FYRSTE ROMANMANUSKRIFTET OG UTSETTE DEBUTEN I SJU ÅR

Medan eg enno var elev ved landsgymnaset på Voss, tok eg ein dag tog til Geilo for å interviewe Olav Sletto for Gula Tidend. Han heldt då til, saman med kona si, på sjukeheimen på Geilo.

Forut for intervjuet brevveksla eg med Sletto, og i eit brev dagsett den 1. juli 1957, nemnde han at forlaget «ville ha ny bok um Olver no til hausten, so eg er nøydd nytte sumaren til å gjera reide manuskriptet. Det er elles ein stor hugnad for meg å arbeide med dette», skreiv han.

I brevet sa Olav Sletto også at det vert påstått «ymse gonger» at han debuterte så tidleg som i 1901. Men, seier han, «det kjem truleg av ei munnleg segn: Eg fekk nemleg 18 år gammal godteke ein liten roman av eit Osloforlag, men drog boki attende av desse grunnar: Boki vilde ha kome i handelen umlag samstundes som eg gjekk inn på ein høgre skule. Eg visste at eg hadde fått gå under namnet «Forfattaren» millom medstuderande, og det vilde ha rykt tilhøve i skakk lei. Dernest rådde ein eldre Oslodiktar meg til å debutere nærare 25 års alderen, for talentet gror best i unge år i full anonymitet. Det sannaste som kan segjast. Då eg var 21 år, fann eg at den rosande kritikken romanen hadde fått, den kvilde på ytre ting. Indre set var boki umogen og emnet ikkje nytta. Eg la papirbunken i ein kuffert. I stadenfor å gjera boka ferdig i all audmykt, forkasta eg sakene i eitslag overmot.»

I eit nytt brev i februar 1958 fortalte Olav Sletto at han hadde «vore sengeliggjande sidan sist i desember, er no nett komen upp...»

Eg hadde hausten før skrivi om «På høgt berg» i Bergens Arbeiderblad, og Olav Sletto bad meg sende han meldinga – og, dersom eg skreiv om siste boka hans, også den.

Til sist i brevet skriv han: "Takk skal De ha for velvilje. De har som eg forstår sans for bøkene mine, det tener Dykk til ære, og det gled meg.

Eg er sers glad at eg har fjorde delen av Olver ferdig, og kan sendast til forlaget um eit par dagar. Må De ha det godt i alle måtar.

*Hjarteleg helsing
Dykkar Olav Sletto.»*

Arvid Møller 1960:
**MYSTIKAREN OG VISMANNEN HAR
FÅTT KUNSTNARLØN**

Olav Sletto skriv på ny bok – tykkjer ikkje dei unge forfattarane skriv godt nok. Han er 74 år gammal no, og bur på gamleheimen på Geilo Olav Sletto, men enno er det ei bjørnsonsk reising over den gamle diktaren. Augo blinkar kloke og gode bak brilleglasa, og rett som det er skyt dei prosjektilar av intelligens mot deg. Det er noko heilt, ukløyvt og ekte bygdenorsk over Sletto der han sit godt innpakka i ullteppe og trøyer, for han er ikkje lenger den spretne hallingen i sitt indre. Men av sinn er han evig ung, alltid med ein sviande morosam replikk klar, - dersom det skulle verte bruk for han.

No har han endeleg fått diktarløn, den høgste utmerking ein skribent i vårt fattige land kan få, og heile dalen gled seg over at han Olav endeleg har fått det han verkeleg fortente.

- Sjølv sagt er eg glad for denne kunstnarløna, for det kan gjere slutt på det ikkje alltid morosame ordskiftet om meg, seier Sletto, og etter det eg har høyrt har innstillinga gått samrøystes gjennom alle instansar, og nettopp difor er det morosamt å ta imot ho, og det er også ein styrke for folk som seinare vil gå i same leida!

- Men korleis byrja det?

- Jau, eg har alltid hatt stor interesse av det skrivne ord, og eg minnest at då eg var fem år, sat eg i ei steinrøys like ved garden og skreiv av ei gammal reknebok. Dette var lenge før eg hadde noko meining om kva som stod i boka, men då eg var åtte år skreiv eg mine første ting. Eg kjende alltid ei utruleg glede ved dette, for ordet har alltid hatt liv for meg, smiler Sletto.

- Og korleis gjekk det seinare?

- Då eg var tolv år minnest eg at eg sat i ei bjørk og las "Rosmersholm" av Ibsen, og eg tykte etter kvart at Ibsen slett ikkje var borte, blunkar den heidra diktaren. Eg las også mykje av Jens Tvedt i den tida, og dette har nok verka godt inn på min stil. På denne tida var det også ein mote å kunne sitere Peer Gynt, og bygdeguttar med ikkje alt for mykje i hovudet siterte ofte lange stubbar frå dette dramaet, for det var måten å hevda seg på i dalen i den tida. Sidan heldt eg på å debutera som 18-åring, men det vart no ikkje, lukkelegvis, sjølv om eg, då eg fann att noko av dette første store manuskriptet for nokre år sidan, tykte det var retteleg godt.

- Har De hatt noko spesiell meining med diktinga Dykkar?

- Nei du, det har eg ikkje, eg har berre vilja gje bilet. Heller har eg aldri misjonert, men eit diktbilete kan sjølv sagt synest som eg har hevda eit visst livssyn, - utan at eg har tenkt på det, og mi åndsutvikling har fylgt den same lina, utan brot.



Bildet viser Olav Sletto på arbeidsrommet i eldre år, omtrent på den tida han fekk besøk av Arvid Møller, som skreiv for Gula Tidend.

FOTO: HOL BYGDEARIV

I dag er Olav Sletto sterkt engasjert av katolsk religion, og kringom i stova hans flyt det av bøker. Ikkje så å skjøna at der er uryddig, men det vitnar om at her bur ein mann i hardt arbeid, og på bord og stolar ligg det handskrivne manusark til det femte og siste bandet i serien om Olver. - Den boka skal forresten kome til neste haust, er meininga, og etterpå vil han skrive ei rein memoarbok, dersom han får ha helsa, fortel han.

- Kva har så inspirert Dykk, Sletto?
- Bygda har gjeve meg mykje, og serleg har eg fått mykje gjennom folkemusikken, og fela har fylgt meg trutt gjennom heile livet, smiler han.
- Ja, du kan tru det er hyggeleg her når Olav tek fram fela om kveldane og spelar for meg, skyt fru Sletto inn.
- Kva tykkjer De om den «moderne» litteraturen?
- Ja, sant å seie tykkjer eg ikkje det er rare greiene. Det er som om dei aldri lenger kan utarbeide ein ting, dei utnyttar ikkje det som ligg i stoffet, og dei komponerer slett ikkje riktig. Eg for min del har alltid hatt stor interesse for det formelle ved skrivinga, og eg har serleg studert komposisjon og stilkunst. Dei som skriv no veit for lite, og dei les for lite, meiner eg. Sjå berre på «tullebukken» Sandemose, - det er mykje banalitet ved han, og Falkberget fortel no så langdreve at det står i fare for ikkje lenger å vere kunst. Sjur Bygd er heilt øydelagd på Kinck, medan eg tykkjer vestlen-

dingane bør gjere noko for å gje Olav Hoprekstad den plass han verkeleg fortener i vår bokheim. Han har verkeleg oppnådd det eg alltid har streva etter, nemleg å gje interessant folkelivsskildring gjennom sine skodespel. Slik har også eg arbeidd for å berge noko av det som var usynleg skapt gjennom bygdekulturen.

- Har så målet valda Dykk store vanskar?

- I grunnen ikkje. Mange har nok meint at eg burde ha skrive på bokmål for å nå fram til fleire med diktinga mi, men eg har sagt at dei får lese meg dei som vil, og skulle dei finne noko i det, vil det ikkje vere noko hindring at det er nynorsk, meiner denne «luraste luringen i Noreg», som ein diktarbror ein gong kalla han.

Olav Sletto er ein skapande kunstnar som har lært den sjeldne kunsten å skilje mellom filosofi og dikting, og enno vil det gå lang tid før han legg pennen frå seg, for hallingdølen er hardbalen og seig som det landskapet han lever i, sjølv om revmatisme og hjarteinfarkt har veikt han noko.

Artikkelen stod første gong på trykk i Gula Tidend 12. mars 1960.

Poststempeldato:
3/ 07.

Noroddien i juli 1906.

Skrive i desember 1906

Kjære larar!

Det var kjarkome aa fau brevet ditt.

Før slike som eg kjenner deg, og seit korleis du vil meg
vel og kjenner meg òg treilt baade i godt og vondt, so
var det noko min enn bare eit kniv. - No er det oga
ikk, at du hev vore den som alltid hev laate gjeve meg
naad og hjelp, naar so hev truaigst.

Ellen eg angras mest likevel at eg skreiv
til deg slike som eg gjorde. Oled litt umtanke ~~ha~~
eg vel heller ikkje gjort det. Ellen slike som det var
til, so var det i ei stund eg kjende meg oppriuen
og tyngd, - i ei soveri stund ein kann segja att ein
er i angst. Eg hadde for lite no til aa fortelja
visket eg vituag. Og at du maatte verda følen under
meg ikkje. Eg minnest lite dessverre korleis brevet
mitt lydde, men at du maatte ta det som du gjord
var nok berre rimeligt.

No _ il eg daa freista aa fortelja um meg

BREV FRÅ OLAV SLETTØ TIL S. REINTHON 1904 – 1919

Avskrift av Kåre Olav Solhjell 2002

Desse breva finst i Sletto-samlinga i Hol bygdearkiv. Dette er berre ein liten del av ein omfattande korrespondanse. Årbøkene frå Olav Sletto – selskapet vil trykke fleire delar av brevsamlinga i kommande utgåver.

FYRST VIL EG NEMNA «NORSKDOMSLAGET» VAART

Notodden lærarskule 11 – 12 – 1904

Herr S. Reinthon

Alt stend vel til med meg. Helsa hev eg, mathugen og arbeidshugen, og trivst framifraa. Det gjeng med hug alt saman.

No skal eg fortelja litt um livet her paa skulen. Fyrst vil eg nemna «Norskdomslaget» vaart. Det er ikkje anna enn me bøndene som hev slike hugmaal, som meir norskdom, kann ein vita, byungdomen hev det rett ikkje med aa brenna og vera varm for noko sovore – ikkje for noko i det heile, trur eg – undateke misjonen. Me bondeungdommen hev daa slege oss i lag for aa verna um vaart, ogso i den meinings aa arbeida for det her paa skulen, og seinare i livet. Maalet for laget er: meir norskdom, og aa verna um dei gamle gode skikkjar og klædedragter, aa minka straumen til Amerika, og aa fremja avhaldssaki i landet. Det er mykje, mykje meir som stend i loverne vaare, men det her nemnde er daa av størst vigt. Her paa skulen fær ein nok ikkje tak til aa gjera so mykje nett, men denne lovnaden gjeld for livet seinare naar ein kjem ut av skulen, liksovel, og det er det, som vil bera frugter. Ein er daa ogso lem i den broderring, som vil noko godt for folket dei liver imillom. – Du skulde sjaa naar me er samla; dei fleste noko tunge, med sterke fastlaga andlet, og alvorsfulle; dei gjev den tanke at naar dei fyrst vil noko, so sig dei paa til dei ogso naar noko.

I gaarkveld hadde me Blixkveld. Aartun tala um Blix og hans liv – hans historie. Haugstad um salmane hans, og um norsk kyrkjesong i det heile – norsk folkekirkje. So var det fleirrøystes song, spel av piano og fela. Det var ei gild stund. Eg hadde skrive eit dikt til Blixkvelden. Dersom «Holingen» gjeng skal eg senda det heim.

So hev me two slags avhaldslag: foreiningi og losjen. Losjen er av «væsen» utanlandske, som noko slags frimureri. Alt skal ganga so løyndomsfullt for seg, innafyre létnedørar. Og so hev dei ei slags uniform paa. I losjen er mest alle lærarskuleelevar.

Eg for min part likar ikkje dette slags «væsenet». Eg veit at skal ein naa noko, so lyt ein gaa ut til det aalmenne folk, og ikkje paa ein sovoren stormannsleg maate steng-



*Olav Sletto slik han såg ut ca. 20 år gammal.
Bildet er truleg teke i ein sommarferie medan han var heime frå lærarskolen på Notodden.
Foto: E. T. BRAATEN, HOL BYGDEARKIV, CA 1905*

ja seg inne. Likeso veit eg ogso, at ein ikkje er fødd med kunsti i det arbeidet heller, men maa læra arbeida paa klokaste maaten, læra aa naa til hjarto. Og i foreiningi er eitt eller fleire foredrag til kvar gong. Seminarlæraren Vik er formann. Gymnastikklærar Østtveit er nestformann. Det er gode arbeidskrefter.

Ja, no er eg pengelaus, og maa soleis beda um aa faa tilsendt meg noko. Du spør um det er bank her. Jau, det er det. Det er kanskje klokast, og minst bry ogso, um du, som du sa, vilde senda alt, og eg so sett det inn i banken. Det kann du gjera som du meinar.

Du lyt helsa dei der sø. Hels han Olav. Han er vel formann i ungdomslaget han.
Hjarteleg helsa! Din Olav Sletto

DET ER VERKELEGT SOM EIT VENDEPUNKT I VAAR SOGA NO

Notodden, 5te mars 1905

Kjære lærar!

Det er lenge sidan eg skreiv sist, men du lyt orsaka meg. – Helsa hev eg, og hev havt heile tidi, so at eg hev vore sers heppen. Og arbeidet gjeng med lyst. Heppen er eg ogso med alt mitt stræv, so eg vert baade glad og sterk ved det.

Eg vil gaa yver til aa tala um det som sterkt rører meg i desse tider, og som visst rører dei fleste sinn i landet, og fær so mange til aa hitna i harm og til aa gløda av elsk til Norig, - eg meinar denne vanden me er uppe i politisk. Det er verkeleg som eit vendepunkt i vaar soga no. Eisovoren stor stund, for Norigs folk, som ber so mykje i seg, kva kant det ber paa. Ingen hev vel rett greida paa kva som kann etter fylgja, hev me ikkje no ungt mod og offerhug og ein vilje, kanhenda dei som kjem etter oss som no lever, aldri kann vinna det atter. Men samlar me oss – alle, til ein vilje, urædde, offerhuga, med tru til Gud, so vinn me trygd for landet vaart, trygd aat oss sjølve og vaare born, og trygd for framvoksteren gjennom lange tider. – Og det er det som gjev mod, at folket, som det ser ut til, verkeleg stend meir samla, verkeleg kann meir einast i det aa hevja seg fraa denne politiske vanheider. – No tykkjer eg verkeleg at eg øygnar livsteikn, grorgjém i lufti yver landet. Kann me no slaa igjennom politisk, med heider og æra, sterkt, traust, som det sørmer seg nordmenn, so vil me veksa oss større og sjølvstendige. Daa fær me vyrnad for oss sjølve og vaart eige. Daa vil me veksa heil, paa vaart eige kulturgrunnlag, og ikkje lenger turva kallast eit dansk-svensk-norskt folk. Den som kunde faa liva den dagen, – men eg veit at eg kann arbeida for at den dagen kjem.

No fær det syna seg kva folkehøgskular, ungdomsarbeid, og folkeskuleundervisning hev magta i vaart folk. No fær det ogso syna seg kva for menn me hev ved roret, syna seg um denne vaar tid hev fostra seg dei menn ho treng um. Og det fær syna seg meir. – Aartun sa i ei tale i gaarkveld, at det folk som kann ofra sitt raude, varme hjarteblod for fædralandet, for si eign og si æra, det folk kann Gud brukha i si tenest. – Det fær syna seg um Norigs folk er funne verdig – kann brukast til aa gjera eit stort arbeid for Gud millom andre folk. Det fær syna seg, um det hev nokon grunn for seg

det Grundtvig fyrst orda fram um, og saag so klaart i aanden, og som saa mange hev fenge syn paa, og tru til – seinare, at Norge hev ei stor uppgavaa millom dei andre folk aa gjera i framtidi, at det norske folk kann vera som salt i mannalyden i Europa yver.

I grunnen er det ikkje so myrkt. Det hev ofte jamenn vore verre for det norske folk. I 1814 var det noko anna, skal eg tru. Nei, finst det ei grann gamall nordmannshaatt att i oss, so reddas me ikkje no. Og det tryggaste er no aa vita at Gud er attaat. Norig hev ingen erobringssplanar, det vil hevda sin rett som folk millom andre folk. Det meinar eg maa tekkjast styraren yver alle rike.

Aartun sa i gaar kveld i ei samtal eg hadde med honom um desse ting, at berre no denne 19 mannsnemndi kunde leggja fram planarne snart, og me so fekk eit ministerium som vilde gjera noko, so vilde det gaa – no med folkeavstemmingi er so sterkt uppe. Det er ikkje bra at folket skal gaa i spaning so lenge, sa han.

Det er underlegt nok. Me hadde fest i gaarkveld. Lærar Vik heldt festtalen. Og kva tala han um? Jau, han tala um dette djupe karakterdrag hjaa nordmannen, at han er so lett til aa austra seg upp i strid innbyrdes, og som i heile vaar soga hev lege i vegen for samlingi, - og um unionen. Han for sin part hadde vel høyrt lovprisingi av all den velsigning som skulde fylgja med unionen, han hadde røkt etter i vaar nyare soga, at han kunde finne den velsigningi, men han fann ingen velsigning, utan all den mein som er lagt i vegen for vaar utvikling. – Det skal mod til aa segja sovorne ord paa eit kristelegt seminar, verkeleg tala politikk. So det syner seg at det vaknar.

No lyt eg tenkja paa aa slutta. Eg sender denne blanketten, som eg vel kannhenda hev gløymt burt for lenge.

So er det mammon. Det skulde vera bra aa faa litt pengar, ja, kunde det høva seg so snart. – Hev no byrja med aa halda meg sjølv heil kost, vonar det skal verta bille-gare.

So er aa helsa til likt og ulikt i ungdomslaget, og avhaldslaget ifraa meg. Vonar lagt gjeng godt.

Hels Olav, og huslyden din!

Og sjølv maa du vera so mykje hjarteleg helsa ifraa meg, likesom er ogso takkar for alt stræv du hev havt, og vil koma til aa hava for mi skuld.

Hels dei der sø.

Din Olav Sletto

VART DEN MEGTIGASTE MANN PAA HEILE NOTODDEN DAGEN 17DE MAI

Lærarskulen 21. mai 1905

Kjære lærar!

Det er lenge millom kvar gong eg skriv, men du lyt orsaka.

Her er vaaren komen, med blomar og gras og grønt lauv, og alt som til høyrer. Det er so fint her no, at det er reint mykje.

Koss hev de der heime festa 17de mai? De hev vel havt fest, spaar eg. Her hev det

vore gildt, med barnetog og vaksnemannstog, og fest, og talor og fyredrag av dugande menn. Men eg for min del var den som laut liggja i selen, og faa til mest alt, so eg er mest uppgjev no etterpaa. Men glad er eg, for di at eg hev gjort noko godt. Eg fekk det herv aa vera formann i festnemndi her for skulen, og som formann laut møta i ei sams nemnd laga av utsendingar fraa alle foreiningar og lag her paa staden, frisinha – og kristelegt ungdomslag, avhaldslaget, arbeidarforeiningi, losjen, og lærarskulen, og vart so der formann atter, og fekk soleis aa gjera med alt, vart den megtigaste mann paa heile Notodden dagen 17de mai. Ha ha! No tok eg dette upp som eit hædersarbeid, eg, og lovde med meg sjølv, at hadde eg fenge dette ansvarsfulle arbeid, so vilde eg taka det med alvor upp, og med ansvarskjensla fylla kravi so godt som eg kunde. Dette, og at det no denne gongen er slik ein stor syttande mai, gjorde at eg lagde meg so heilt inn i arbeidet, at det var lite eg las dei dagarne. Det nyttar ikkje aa faa noko til aa gaa utan at ein sjølv arbeider det ein magtar og vel so det. Dei fleste i komiteen var trauste arbeidsfolk, bønder. Men det hende den dagen me baka lefsor, og flysja og mól jordeple, at sume vart gløymsken og hugste ikkje paa aa møta fram, med grovarbeidet vara. Det er rart.

Men det gjekk so det var smurt, og alle dreivst av den tanken aa faa laga «Seminarfesten» um til folkefest. Det var noko nytt. Daa kom det kritikk, kann de tru. Dei aristokratiske av seminaristarne, byjalet, var som galne. Det hadde alltid vore «morosame» festar fyrr, no vilde det verta «skandale», tenk folkefest! pøbelfest vilde det verta. Festnemndi var som ein mann, og rett som det var, tala einkvan av oss under arbeidet kor stor denne tidi var for Norig, og kor stor 17de mai var dette aaret, og harmast yver, at dei som vilde verta lærarar skulde ha so mykje aandløyse, daudkjøt, og narreskap aa dragast med, og tanken vilde me føra fram. Alle lærarane hadde me med oss. Det er rart naar det er liv. – Eg var ikkje høgføtt daa eg imillom so mange hundra framande og fine folk kom paa staden og toget skulde ganga, og eg var den som kommanderte dei alle. Men eg byste meg til, vart modig, og téla i korttrøya mi, med saumakaste og rosaplegg, ikring, og kommanderte – og alle lydde meg, og alt gjekk godt. Hauge heldt tale for dagen, og den var megtig. - So tok festen paa. Eg var endaa so modig at eg heldt innleidingstale, og las upp eit digt. Festen gjekk godt, alvorsam og innhaldsrik. Folket var uppglødde. Fyre festen spaadde mange so ilt, no er det ikkje anna enn lovord aa høyra. Hauge gav festnemndi og festen det ord, at alt i hop var ei æra. Du kann tru me var glade. Det er ikkje so greidt ved eit kristelegt seminar. Det er mange som fører pietisma med, og trur at det er kristendom.

Eg fortel so mykje um dette, fordi eg trur du hev moro av aa høyra.

Eg maa ogso fortelja, at eg hev fenge høyrt og set two merkjelege menn. Den fyrste er prestelærar Støylen. Det var ein fin, lerd og stor mann, ei megtig personlegheit. Han var stor som talar! Djup, kristeleg, og folkeleg. Den andre er Peter Hognestad, ein gjæv mann.

Storkulten Viggo Ullmann skal koma og halda two fyredrag um vaar nasjonale framvokster um 8 dagar. Det vert gildt.

Ja, ja, no lyt eg tenkja paa aa slutta. Fraa no og til me er ferdige vert det ei annsam tid; me skal hava ein upptakingseksamen.

Men det lyt eg fortelja: No i utgongseksamen for tridje klasse skreiv 20 baae stilarne paa landsmaal, 10 skreiv baae stilarne paa rixmaal, 6 skreiv ein paa kvart maal, saa landsmaalet gjeng sin sigersgong stødt og godt. Det maa staa vyrnad av slik ei sigersmagt.

Eg kjem vel til aa øyda litt meir pengar enn det eg hev fenge, men det kann eg meldaa naar eg treng dei.

Hels i Sletto, Haugen, Ola bror din, og ungdomslaget og avhaldslaget.

No hev eg eit kvart igjen so skal eg paa songmøte. Kl 6 avhaldsmøte, kl 7 avhaldsfest og pakkeaugsjon. Eg vonar at det gjeng bra i alle lagi dykkar. Hels Olav naturlegvis.

Eg hev skrivi so slurve at det er ei skam, men eg hev ikkje tid til aa gjera det folkelegt i fraa meg.

Hjarteleg helsa: fraa Olav Sletto

TIL LUKKA MED DET FRIE NORIG!

Notoddens seminarium 12/6 1905

Ja, i dag er det kvitsunndagen

Kjære lærar!

Ja, i dag er det nøgdi av sol og blomar og grønt gras, av blikrande lauv, og fuglesong i allan skog. Notodden ligg so ven. Det er slik stemning yvar alt i dag, so mykje der ute som stend i pakt med det yngste og beste i meg sjølv; dei djupaste tonar, dei finnaste broddar av tankar, dei dimmaste skrimsel av syner, som hugen min eig, vert borne ut av glade fuglemaal og i summ og tjot av humlor og myhank og allslag fylgle. Og alle desse liter, og former paa blomar, og vokstrar! Og so denne tidi me liver i, so stor og herleg som ho er, og djupt aalvorsam. At eg skulde faa liva i slik ei stor tid paa alle maatar, hev eg rett aldri trutt. Men fyrr eg sjølv visste so stod me midt upp i det.

So roleg som folket er no, so interesserte, og heilhuga, og liksom berre ein vilje.

«Til lukka med det frie Norig! No treng me meir enn nokor tid fyrr aa beda: Gud signe vaart dyre fedraland», skreiv presten Hognestad i ei helsing til Rangstad. So ljost torde han tru paa dette, og sjaa paa dette. – Norig er sterkt, det ser me alle, og kjenner det, med. Og neimenn fær eg meg til aa tru anna, enn at me no gjeng fram til noko betre for oss – til eit fritt Norig. Vaarherre hev ikkje raad til aa tyna det norske folk, men han vil tugta og uppseda oss, og hjelpa oss fram, so det norske folk vert det han hev tenkt det til.

Den stygge kongen, du! Det var vænt nok av stortinget, aa segja at me vil høgagta han i alle dagar, i brevet til honom, men det norske folk vil styggjast ved hans aatferd no, og ikkje høgagta han, men svivyrda han. Han hev det fortent. «Broderfolkets vel» ja. – Kanhenda det vert so, likevel, men mot hans vilje.

Ja, no er det spaning.

Men – koss tek folket paa dette her heime? Det finst vel ikkje noko høgreparti i gammal aand no lenger, ikkje skræmer dei vel med krig, som fyrr dei hev gjort so ofte. Skyttarlaget gjeng vel godt? Det er vel glød der heime og.

Ja, so lyt eg tenkja paa aa slutta.

Den mammon eg treng, ja.

Du vert vel fælen reint no, daa atter skurar etter pengar, etter 50 kr. attpaa alle dei andre kronone. Eg skal ikkje undrast paa det. «Eg er ikkje dum fant til aa øyda pengar!», sa han ein full mann her ein dagen. Det same kann eg segja. Eg øyder fortare enn eg tener, ja. Fortenesti er liten. – Men – det er sjeldan eg brukar sjampanje til middags, ja, brukar helst billigare vinsortar, heller ikkje likar eg aa liva dyrare enn ein vanleg stortingsmann, so til kvardags daa. Nei. Men det raklast til so pengar maa ein ut med lell.

Undrast um ikkje maten er meir enn halve føða?

Ja, siste juni hev me avskilsfest. Hev du høyrt um dei i Sletto hev bruk for meg til sumars. Eg lyt nemleg tenkja paa aa tena klæde paa kroppen. Um ikkje dei hev arbeid for meg, so kann hende du hadde eitkvart. Det fær me daa tala um naar eg kjem heim att. – Eg hev skrivi svært stygt, daa eg hev lite tid.

I marginen: Helsaat Sletto. Han hev vel ikkje ærend til Gulsvik gammelen; i den tid eg kjem, so seint utpaa.

Hjarteleg helsa!

Din Olav

DU FÆR JAMMEN HAVA MYKJE STRÆV OG UMSUT FOR MEG

Sletto 26. august 1905

Min kjære lærar!

Eg meintest koma nordyver i dag endaa ei gong – eg var nedanfor i dag tidlegt med snaasset eg hadde, som Stein Villand skulde ta, - men no kvier eg svært fyrr vegen, daa eg tenkjer meg til aa koma so langt som aat Skurdalen i dag. Det harmar meg dette at eg ikkje skal faa beda skikkeleg velliva med dikkon. Men eg veit, at dei ynskje de hev vilja sagt meg i høg mæle, um eg hev kome, dei vil fylgja meg like fullt og like sterkt, - like varme. Eg veit at de ynskjer meg lykke til. – Og eg veit og kjenner med meg: eg maa ynskja signing og lukka yver deg og ditt stræv til døyandagen din.

Du fær jammen hava mykje stræv og umsut for meg. Men eg vil ikkje eingong snakka um det. Slikt noko er ikkje uppvege med takk i neven og litevetta umtale so upp i augo. Det maa attergjeldast paa den visi, at ein uppdreg seg sjølv, ofrar seg holden og heil til det ein brenn for, og vigjer sitt liv so elden brenn for det beste, det høgste det største. Dette er ein fullgild takk for eit menneskje si tiltru og kjærleik. Gjeve so Gud meg kraft til aa gjeva den takken. Daa kanhenda vilde rik velsigning kryna ditt stræv for meg, og mitt liv verta til signing.

Det er rart segja heimen farvel. Eg kjenner det sterkt. – Livet eig sut og sakna og

sorg. Eg kjenner det. Livet eig røyster, lokkande, daarande, voner, lette og ljose som hugsviv, og sterke som tru, - livet eig syner. Dette kjenner eg sterkare enn. Ja, livet eig traa, og livet treng daad. Eg maa reisa.

Liv vel! Hels Olav og alle!

Reisepengar hev eg og litt til, so du treng inkje senda fyrr ut i september ein gong.
Hjarteleg helsa!

Din Olav Sletto

«ØKONOMISK STILLING». 0 UPP OG 0 I MENTE

Lærarskulen 21. september 1905

Kjære lærar! Takk for sist!

No hev eg vore sjuk og til sengs vel ein 8 dagar. Er no paa fot atter, og paa skulen, men er so veik vorten at det er taa lagi. Var for hard med meg i sumar, Gu'betre. Fælande ansamt!

Eg sender eit skjema, vil faa deg til aa fylla ut. Eg lyt faa det att rett snart. 1ste vika i oktober skal dette innleverast. Det er med pengegreia, ser du.

Sjaa her er du snill:

«Faderens stilling». Han er arbeidsmann.

«Økonomisk stilling». 0 upp og 0 i mente, veit du.

«Foreldrenes indtægt». Tja. Er vel vonleg ikkje stor, arbeidarforhold maata!

No nok! Resten greier du.

Ja, vil du vera so snill aa gjera dette, var det svært bra.

Du sender vel litt skillingar med svaret?

No kann det ikkje verta noko brev av. Ikkje tid og ikkje – kraft.

Hels der ø.

Helsa de alle og du sjølv so mykje ifraa meg!

Olav Sletto

DEN STORE LYGNI, SOM HEITER KONGEN

Notodden 20de november 1905

Kjære lærar!

Du maa endeleg orsaka meg, at eg ikkje hev skrive eit skikkelegt brev til deg, etter at eg reiste heimanfraa. Det er ikkje som det skulde vera av meg dette. – Eg hev nok tenkt paa det, veit du, men ikkje er det nok med tanken berre – i brevskriving heller. No ja! Nok um det.

Bra liver eg, det skal vera visst, so bra, at eg kraanar, segjer dei. Og det er ikkje verst.

Arbeid er her nøgdi av, og vel so det, som du veit. Berre ein hadde skallen soleis laga, at han rømde og heldt paa alt han fekk, so ein til eksamen berre kunde løda

upp, som or ein tunnesekk, daa var det ingen vande. Men no er det so, at faae eig ein slik ein.

Og so hev me fengje konge, ja. Braak var det fyre valet, og endaa meir vert det vel, Gu'betre – etterpaa. Ja, ja. Norigs folk var endaa ikkje komne so langt, at dei kunde kasta den store lygni som heiter kongen. Paa toppen set dei han, ja, ein mann utan ansvar, set han der til aa skriva namnet sitt under det, som landets styringsmenn hev arbeidt saman. Jublar gjer dei mot det hoffliv, som vil koma, og som vil skapa ein heil her av bukkande menn paa friarfot, - paa friing etter aa koma med i glimen og glitren, og etter aa faa magt, og faa seg ei god kjøtgryta. Naar ein tenkjer paa dei, og alt dette andre, so kann ein harma seg sjuk.

Men – det kann verta godt. Det kann verta framifraa godt. Og det lyt ein vona. Peter Hognestad maala no endaa det ut, skal du tru. – Men so kom Ullmann og synte kva kongen var, og synte kva utvikling er, ned gjennom heile soga. Det var noko det.

Men dersom kongen trør folket for nær, soleis at han steller seg i brodden for eit parti, som vil norskdomen til livs, - for er det utrulegt? – ja daa maa det vel syna seg, at det er merg i bønderne.

Eg veit ikkje korleis du ser paa dette synsmaalet. Men ei skam var det for Hol, at det berre fanst 32 som svara nei.

Lærarane her er kongsmenn, anna enn ein. – Det skal vera fridag den dagen kongen kjem, hev eg høyrt. Ja, ja.

Heime driv de vel ungdomslaget og avhaldsmøti so det staar etter. – Det trengst sanneleg baae slagi. Eller so kjem jarnvegskulturen til aa kjøva alt me eig av gammalt.

Ja, lukka med arbeidet!

Nei, eg lyt nok slutta denne gongen.

Ja, det er sant. Eg fekk 50 kr. i stipendum.

Naar eg treng pengar skriv eg.

Hels der so! Og elles alle!

Huslyden din og du sjølv mykje helsa fraa meg:

Din Olav Sletto

Aa jau. Vil du vera so snill aa senda pengar innved joli, so var det bra.

DU FÆR IKKJE VERTA LEID AV AA HA UMAK FOR MI SKULD

Notodden 1/3 06

Herr S. Reinthon!

Liver bra. Men mykje aa gjera. Sit no paa skulen og skriv. Maa orsaka at dette brevet ikkje vert langt.

Det kom brev fraa Jorde til meg i gaarkveld. Men daa eg lite skynnar meg paa desse ting, og vel heller ikkje kann so mykje gjera heller, so sender eg det til deg, som visst kann greia dette.

Eg lyt daa beda deg vera saa snill aa ordna dette for meg. Du fær ikkje tidleg verta leid av aa ha umak for mi skuld. Men betre vert det ikkje for det um eg ber meg illa.
– Eg legg brevet inni.

So maa de liva so indarlegt vel og bra alle der heime. Vonar de alle liver godt, hev helsa og altsovore.

Ungdomsarbeid og avhaldsarbeid driv de vel berre so det stend etter.

Hels Olav og heile huslyden din! Hels dei der sud i Sletto.

Hjarteleg helsing! Dykkar Olav Sletto

VEDLEGG:

Fra Overretssagfører J. Jorde. Næs, Hallingdal den 21/2 1906.

Til Olaf J. Sletto, Hol.

De varsles herved om at betale renter og afdrag af samt omkostninger paa
Deres laan i Næs Sparebank til bankens kasserer inden 14 dage.
Ærbødigst J. Jorde.

DET VAR PENGAR EG SIKLA PAA

Notodden 11/6 06

Herr S. Reinthon.

No er det midt i fælaste eksamensstrevet. Hev no att berre nokre faa dagar, til den 19de, so upp i geografi, og so slag i slag det eine etter det andre.

Hev liti tid. Me lyt svalla so mykje meir naar eg kjem heim.
Det var pengar eg sikla paa. 40 kr hadde eg tenkt. Ha, ha!
Kanhenda at eg vert her paa elevstemna.
Ja, ja, du fær ikkje verta leid meg.


Hjarteleg helsing! Din Olav Sletto

DU VEIT KORLEIS EG ALLTID HEV BORE PAA DIKTARDRAUMAR

Notodden sundagskvelden 4/11 1906

Kjære lærar!

Eg hev ikkje skrivi fyrr til deg, og det er mest stygt av meg, men eg lyt segja som sant er, at det er med vilje gjort. Eg hev nok havt stor trong til aa takka for godt samvere i sumar var, takka for gjestmilda dykkar, venskapen og godviljen de alltid synte meg. Men daa eg ikkje hev det gjort, var det mykje for di eg vilde senda eit brev med. Og skulde eg noko brev faa til, laut eg for det fyrste ha noko aa skriva um. – No var her so mykje nytt aa koma inn i, nye fag, og nye lærarar, so det ikkje med ein gong var gjort aa ha alt paa det reine. Og no vil du orsaka meg, det er eg sikker paa, og elles vera lika blid.



Klokkar S. Reinton på kontoret i skolehuset i Holet. Herifrå førte han korrespondansen med Olav Sletto.

FOTO: OLAV S. REINTON, HOL BYGDEARKIV CA 1910

Me hadde lærarskifte i stor stil fyrststundes i haust. Dei gamle vilde finna sine kjøtgrytor andre stader. Sendstad slo sitt paulun upp i sjølvaste Kristiania. Og ein gong kvar maanad kjem han hit til Notodden, skal sjaa yver rekningarne vaare. Den som lærar vart i hans stad er ein som gjekk ut her i fjar! Han er ein ungdom, men flink. Aartun, som eg sytte mest for skulde reisa, stullar daa som prest i Sætersdalen. Ein gild kar var det, og gav meg meir enn eg veit aa segja og takka honom for. Difor høvde det just at me kunde faa ein glup kar att i staden, slik som me fekk han i Severin Eskeland. Det er eit menneske ein maa lika. I lag og læte er gudande lik bror sin han

Lars. Stor og væn og kjekk med ein diger haarmanke. Ein som hev vyrnad med seg. Frisinna, og verkeleg ein mann, greid og storlægd i alle ting. Norskdomsmann, men klok og maatførleg so han vinn godhug for sitt livssyn. – Eg hev i honom ikkje berre funne ein lærar, men ein ven. Og det ein slik ven, at det sprett og knuppast og gror i meg, og eg mognast i hans samvere.

Um meg sjølv maa eg fortelja noko, som du skulde vore den fyrste til aa vita. Og sjølv hadde eg meint aa koma paa svall ved deg um det i sumar. Men det vart meg umoglegt. Du er den som kjenner meg best av alle menneskje. Du maa gjeva meg raad.

Du veit korleis eg alltid hev bore paa diktardraumar. Det hev vore det eg for meg hev sett som det største: verta diktar. Dei hev gjort meg mykje godt. Kom eg so her paa lærarskulen – upp i so mykje nytt og inn i annsamt arbeid, og eg slo dette gamle vekk, og fekk det vekk. Vart aldri plaga av skrivehug. Alt som kom diktingi ved tottest meg gildt, sjølvsagt, og lesa diktatarne var mi gleda. Men so i fjar etter jol fekk eg ei uro i meg. Tankarne byrja meir aa draga den leidi. Eg vart uppriven, ulukkeleg og tungsint. Alltid uglad, aldri fornøgd um eg las paa leksorne og arbeidde meg i hel mest. Gjekk slik som um eg alltid hadde noko aa trega paa, som gjorde eg noko vondt. Nærerne laag eg mykje vaken. Kom eg so heim i sumar. Arbeidet og staaket var vekke. Tanken fekk arbeida som han sjølv vilde. Eg kom paa den staden der eg hadde vakse upp. Stilt er det der uppe i skogen og utsynet er so stort. Eg tok til aa laga eit skodespel i tankarne. Aa skriva – det vilde vera aa koma reint paa rak, eg kjende det. Eg ha vilja kome til aa øydelagd all mi kraft. So kom eit tungsinn – og eg hadde no inkje til aa døyva det med. Eg tok til aa skriva som ei plan for slik som eg totte det maatte lagast, og let det so vera med det.

Men daa eg kom til aa spryrja meg sjølv kva eg skulde verta i verdi, kom eg inn i det tyngste eg enno hev vore uppe i. Eg kom i naud. Den største naud! Eg kom ut etter med ein lovnad: Anten staa og vinna, eller falla og verta ulukkeleg for diktardraumen min. Daa var det nokon dagar eg var som umskapt. Livet mitt hadde uendeleg verd. Eg kjende krefter i meg. So kom magtløysa der etterpaa, tungsinn, tvil – og paa same tid ei faafengeleg sjølvtru som sume tider raar. So kjem all verdsens ting innpaa meg. No er det slik at eg trur eg tærest upp. Eg er so sorgmoda, unøgd, innestengd, storstenkt, magtlaus og arm. Eg raar snart ikkje med meg lenger. – Arbeidshugen aukar med dette. Skulearbeidet maa gjerast, so kjem det eg maa lesa utanum til beinfram utvikling for meg, og til aa gjera meg gladare. Men du! Det er det verste. Kann hende at eg svik baade meg sjølv og dykk som hjelper meg fram. Men eg orkar det ikkje paa annan maate.

Dette vilde eg nemna for deg. Kva skal eg gjera?

Og so pengar igjen.

Hels Olav og alle dei i Sletto.

Kjærleg helsing fraa din Olav

S. Reinton svarar.

DU HEV EI STOR GJERNING AA GJERA

Hol 12/12 06

Kjære Olav!

So skal eg freista aa svara paa brevet ditt.

Fyrst og framst vil eg daa segja dette: Du lyt spara paa krefterne dine, for du hev røynt deg for myket og er nerveslitен. Eg kjenner meg so godt att i myket av det du fortel um deg sjølv. Det skal mindre til enn livspursmaal til aa føre ein inn i nød. Berre smaatri kann auka seg upp, til alt tykkjest vera imot ein og alle utvegar stengde. Um netene kann ein liggja vaken lange timarne og talmast i verste naud over smaae ting, plaga seg sjølv og tærast burt. Du, kor vondt eg stundom hev lidi paa denne maaten. Etterhandig fann eg lette ved aa tenkja: Du hev daa sett so ofte no, at dette er berre «nervøsitet», so det ikkje er so illa som det ser ut for deg. Stundom etter ei slik liding kann alt sjaa for ljost og bra ut: du sjølv, alt er so bra. Eg nmemner difor: Les berre det som hører til leksorne, og tak alt so let, som du kan, lat arbeidet i norskdomslaget og slikt nokot faa kvila, ut i frisk luft, radt du hev eit bel, sug inn styrke for sjel og kropp. Fær du ikkje sova, eller vert det vondt for deg elles, so tala med doktoren. Eg tenkjer, han vil segja som eg. Men dette maa du gjera for det er din plikt a verna um helsa di.

At diktargaava er given deg, hev lenge vore klaart for meg, og at du nettupp der vil faa ei gjerning aa gjera i livet, det er mi faste tru. Men eg meiner (med mit vesle vet paa den ting), at diktaraanden ikkje er noko «svermaraand», men ein aand som gjev rum for alm. folkevet og folketanke, t. d. dette som du og eg hev voret inne paa, at skal du kunna verta ein full dugande reidskap i denne aanden si tenest, so maa du faa lærdom og daning, og aanden lyt komanderast til aa venta, til du er ferdig og kann segja: ver so god, no stend eg til tenest! At dene aanda der uppe i heimen din med dei vide og fargre utsynir, kann sprengja hardt paa eit «utvalgt redskab», det er lett aa skyna og likeeins at det maa vera eit litet hugnaleg arbeid aa segja til honom: du lyt venta. Men at du gjorde rett i aa gjeva eit slikt svar, det er sikkert og visst. At du kjenner deg som hadde du gjort noko vondt, kann ikkje vera berre av nervøsitet. Eg veit ikkje um du tenkjer deg dette aa gjera deg ferdig med skulen og etterpaa t.d. taka huslærarpost hjaa Gjelsvik, som aa svika diktarkallet. Det nemner du visst ikkje. For meg stend dette som rette og beste vegen for deg. Du maa sjaa aa verta glad over dette, ikkje mismæt, at du skal faa koma til ein mann som G. Den lovnaden du nemner, aa staa, eller verta ulukkeleg, torer eg ikkje segja nokot um, daa eg ikkje veit um eg skynar deg. Svika diktardraumen din, maa du for alt i verda ikkje, men etter det eg veit, kann du holder ikkje trengja aa vika fraa den planen som er lagt for diktargivnaden si skuld. Men her kann sjølvsagt vera andre umsyn som eg ikkje skynar. Mi meining er difor: Hald fram som du til denne tid hev stande, og du vil med dine gode evner og det kall du visseleg hev faatt til aa gaa i diktaraanden si tenest, verta

ein lukkeleg og bra mann og til signing for federalandet og det norske folket. Du hev ei stor gjerning aa gjera. Ditt liv hev verkeleg «uendeleg verdi». Dette er mi likeframme meinung. Men du veit at i diktarspursmaal er eg mindre enn ein «lægmand».

Gløym no ikkje det fyrste eg nemnde, dette med helsen.

Med ei varm og kjærleg helsing.

Din ven S.R.

EG HEV FENGE MI VESLE LIVSGJERNING

Notodden i joli 1906

Kjære lærar!

Det var kjærkome aa faa brevet ditt. For slik som eg kjenner deg, og veit korleis du vil meg vel og kjenner meg òg heilt baade i godt og vondt, so var det noko meir enn berre eit brev. – No er det ogso slik, at du hev vore den som alltid hev laate gjeve meg raad og hjelp, naar so hev trungest.

Men eg angrar mest likevel at eg skreiv til deg slik som eg gjorde. Med litt umtanke hev eg vel heller ikkje gjort det. Men slik som det bar til, so var det i ei stund eg kjende meg uppriven og tyngd, - i ei sovori stund ein kann segja at ein er i angst. Eg hadde for liti ro til aa fortelja vislegt og vitugt. Og at du maatte verta følen undrar meg ikkje. Eg minnest lite dessverre korleis brevet mitt lydde, men at du maatte ta det som du gjorde var nok berre rimelegt.

No vil eg daa freista aa fortelja um meg sjølv, rolegt og meir i samanheng. - Ein skulle ikkje bryda annan mann med dette vesle som ein tykkjer ovrar seg hjaa ein, og som ein kjenner brydda so smaatt innars inne. Men det er no eingong so, at ein kvar traar etter aa tala ut um det som for honom er stort og underlegt: denne skaping og vokster i hans inste menneskje. Og naar ein daa attaat veit, at den ein talar til vil høyre paa og stend ein so nær at han kann fegnast til liks med ein sjølv, og endaa der attaat er den eldre og mognare som kann gjeva raad, so er det lisa i det og opna sin hug. Og det gjev styrke.

Det er vel so, med den som ei livsgjerning hev fenge, anten ho er stor eller liten aa sjaa til, at han ei tid fær kallet, og kannhenda paa same tidi ogso tvilen og suti og vanmodet som med fylgjer. Han fær ganga igjennom mykje baade av lyftande gleda og sterke livstru, og tungsam gru og kjensla av magtløysa. Han fær mykje uro og bryting i sin hug i den tid han skal formast og lagast til ein reidskap, hagleg og lagleg, for den vilje som livet raar. Soleis hev det vore med dei fleste, so vidt eg veit.

Eg hev fengje mi vesle livsgjerning. Eg trur paa det. Eg hev fenge eit lite rike der eg skal vera kongen, og der eg skal gjera kongen sine verk. – Um dette riket, um dette kongedømmet hev eg drøymt fraa liten av. Og bygdt det i draumane mine so stort, so underfagert i glans, og i venleik so rikt som berre ei barnesjel kann gjera det. Stunda hev eg so mang ein gong etter aa gjera kongen sine verk – etter riket. Men kvifor, hev aldri stae meg klaart. Eg visste bere at eg hadde hug. So kom det yver meg ein gong, at eg no var vald til aa vera denne kongen. Og eg kjende ei stor sigrande

magt i meg og ikring meg ved det, kjende kraft som braut, evnor som brann, kjende meg sæl og sigersterk.

Men vera konge er nok ikkje berre maktkjensla. Kongen hev ansvar, han hev store krav aa fylla, han skal vera den langsynte, sterke som skal føra folket frametter. – Eg var ikkje so mykje konge eg, at eg ved dette som kravdest vart glad og sterkt. Eg vart sorgfull. Men so er det rare: voni um eingong aa naa fram dukkar upp att, jamt og samt.

Ja, her hev eg brukta eit bilæte. Eg hadde ikkje tenkt fraa fyrst av dette aa gjera, men tal beint fram. Likevel skal dette faa staa daa eg ser at eg hev fenge fram det eg vilde.

Dette her hev alltid vore meg ei kjelda til aalvor i mi livsføring. Det hev vore mi ballast kann eg so trygt segja. Stort hev det vori det som eg vilde naa, og at eg skulde naa det – ja, var fødd til det, hev eg trutt. Dette hev gjeve meg eit vaksemanns syn paa meg sjølv og kjensla av verd, og paa same tid ei kjensla av ansvar. Men dette hev også gjort at tanken, den arbeidande tanke, alltid hev sysla med ting i den same lei-di. Høve fekk eg svært gode til aa utvikla meg i ei leid. Slik som eg daa no stend her – paa den utviklingsstad og med den utvikling eg no hev – eg maa vedgaa at eg er einsidig utvikla. Nokre evnor og spirevoner hev fenge den vyrdslig som til trongst – men paa kostnad av andre.

Er no dette bygt paa ei innbillung, vil alt snart ramla. Det vil syna seg at evnorne naar ikkje til naar verket skal gjerast. So hev eg gjenge feil og skusla meg bort. Ligg det til grunn eit livskall, eit serdrag i mitt vesen, ei sers evna som foldar seg ut og veks etter si eigi lov, og etter handi meir og meir vert den samlande pol i alt mitt hugdrag – so er eg sæl at den evna hev fenge rom og rett. Daa hev eg ikkje styrt meg sjølv, men vorten leidd og driven fram. Men kven kann til kvardags tru so store ting.

Kva skal eg gjera?

Gjennom vonde stunder og tivil og strid hev eg funne liksom ei plan. Den held eg meg til. Dette hugdrag hev teke magta fraa meg, eg maa vedgaa det. So let eg meg heller driva. Men driva og driva er to reint ymse ting. Ein kann drive med vilje og viljelaus. Eg vil driva med vilje, eg vil ro meg fram og av all magt so mykje som moglegt sjølv vera med aa styra. Eg vil arbeida mot dette mitt maal, og samla meg kring dette; og opnar meg heilt for livsens sol og regn og trur paa groen. Med andre ord: eg vil taka hand med mi utvikling. Ikkje berre drøyma, stunda og traa, men taka livet og ansvaret med livet paa meg.

Det eg fyrst og framst maa sjaa til er aa trygda mi eigen utvikling. Eg gjeng paa skule at eg ved det kann vinna ein plass i samfundet, der eg stend som uafhengig mann med open veg til vidare framvokster. Det maa vera grunnen aa byggja paa – lenger og vidare. Eg kann aldri koma vekk fraa skulearbeid og skulepligt so lenge eg paa skule gjeng. Men eg kann hevja skulearbeid og skulepligt saa høgt at det beint-fram tener det eg til sist vil naa. – Ja, du veit skulearbeidet kann tena soleis likevel um eg aldri det ringaste umakar meg med aa hevja det, med di det legg det allmenne grunnlag. Men det kann ikkje tena nok og godt nok. Dei evnor hjaa ein som framum andre maa bera livsverket, bør ha den største vyrdslig, og maa, skal voksteren

verta naturleg. Og fær ein det, og kann ein lata all øving av dei andre evnor og alt kunnskapsstoff tena dette eine, so vil det som eg ovanfyre sa: skulearbeid og skulepligt beintfram tena det eg til sist vil naa.

Men so ser me: vil ein meir paa vaksen manns vis sameina og saman mengja alt det einskilde ein paa skulen fær til eit syn, vil ein take det inn i seg, eller rettare sagt, maa taka det inn i seg fordi at han hungrar, - han er so ulukkeleg at han kjem utum det som me vanleg kallar skulearbeid. Det er det rare. Og dette er det som dømer denne vaar skuleordning. – Men i honom er det vorte eit liv som krèv og hungrar og tyrstar. Han gløymer det mindre for det store. Han veks.

Eg er ikkje sers plaga av skrivetrong. Eg kjenner so altfor vel at eg ikkje er ferdig til det aa skriva. Hev ikkje slik hast med det – naar eg hev flust anna aa gjera. Men synsringen min heldt paa aa vidar seg ut. Eg hev fenge som ein glytt inn i tankeheimen. Og det som set uro i blodet er trongi etter aa trengja lengre inn, etter aa sjaa det som eg ikkje hev set, etter aa faa ljós yver det som tykkjест ikkje noko ljós aa eiga. Dette er det som mest valdar sjukdom, som eig liksom slik hast, som fell so lenge til aa bia paa. Og so modløysa daa, og stundesløysa, men ofte ogso finnargleda og arbeidsgleda.

Du spør um eg soleis hev meint det, at eg for diktingi skuld vil ofra alt anna – no med det same. Nei so menn. Eg kjem til aa gjera mine ting som eg hev gjort, og vonleg betre.

Ein som tenkjer seg til aa verta diktar skal so mykje raad er slaa bort det som hev med det aa gjera. Og so ein vakker dag han hev so aa pusla med, kann han setja seg til med penn i hand og bjoda diktaraandi: ver so god! Soleis paa lag forstod eg deg i brevet ditt. Men eg maatte nok vedgaa med meg sjølv at eit sovore geni hev aldri eg vore, og vert det ikkje heller. Noko anna so tungt vil det koma til aa gaa for meg – um eg nokon gong naadde litt paa veg. Fyrst maa eg faa eit livsinnhald, trur eg, ved studium av menneskja og livet, og ved tileigning av tankar og ved aa læra loverne for sjølve kunsti aa kjenna, og aldri leggja dette til side, men halda paa so det plent gjekk meg i blodet, vart min natur – og meir og meir. Læra aa sjaa, og læra aa forstaa. Det er tingene.

Dette brevet hev jamen lenge vore under arbeid. Det hev kome so ovlegt mykje ivegen, so eg ikkje hev fengje skrive.

No sist hev eg vore i Bø paa eit maalstemne der. Hovden var der, heldt preik og festtale, og var paa høgdi av seg sjølv. Eg tala mykje med honom. Han skulde daa vera ein av deim som hev naatt upp – høgt upp. Han skulde vel vera glad. Men nei. Han kjenner seg stengd, fær ikkje luft nok og ljós nok. Evnorne brenn. Planerne veks seg sterke og store. Men han fer ikkje tid til – eller høve til aa hamra ut og gjeva form. Han hev hus og heim og huslyd, og eit prestembæte som krev for mykje av hans arbeidskraft.

Ja ja, tenkte eg, alltid mykje aa vilja, men lite aa faa naa, alltid dette ævelege gil

mellan idealet og det verkelege liv. Den same song og tone gjeng gjennom alt menneskelivet. Eg vart slett ikkje upplyfta av det.

Takk daa at du hev lese so langt dette brevet, som er so mykje um meg sjølv – og berre um meg sjølv.

Hels Olav og alle elles.

Hjarteleg helsa!

Din Olav Sletto

Ja no brevet er ferdig er det nyaarseftan.

Godt nyaar!

S. Reinton svarar:

HALD FRAM SOM DU STEMNER

Hol 19/1 1907

Kjære Olav!

Jau, i kveld lyt eg ta meg tid til aa skriva nokre ord. Hev vore so ansam heile tidi etter joli. Mange takk skal du ha for det lange gilde brevet. No trur eg at eg forstod meinungi di og eg er fullt ut samd med deg.

Fyrste brevet forstod eg paalag so: Aa nytta diktargaava er mitt livskall. Men skal eg kunna gjera det, er det eit stort spurlag um eg kann halda fram, som tanken hev vore, med skulearbeid osb. Eg trudde plent du tenkte paa aa slutta. Difor skreiv eg som eg gjorde. For etter mi røynsle kunne dette so godt koma av formyket læsing. Sjølvsagt hev eg aldri meint at ein som tenkjer seg til aa verta diktar, skal saamyket raad er slaa burt det, som hev med det aa gjera, og so ein vakker dag setja seg ned og bjoda diktaraandi: ver so god. Kva er diktargivnaden? er det ei sers evne den einskilde er fødd med? Det og, kann hende. Men er det ikkje fyrst og framst eit indre liv, eit aandleg liv? Jau, visst. Men daa er det vel og so, at dette maa veksa, og dertil treng det umlag det same som alt anna liv. Eg tykkjer skyna so godt det du skreiv um, korleis skulearbeidet og skulelærdommen her beint fram kjem til næring for dette liv. Javist gjerer han so og maa so gjera. – Likevel kann vel «omstendighederne» vera slike at ein bør gjera som eg skreiv. Det er sume høve i livet daa det er ret aa setja seg paa svultekur ei tid. Men og sjølvsagt berre ei tid. Eg trudde du trong ein slik kur, men etter siste brevet dit trur eg visst eg tok imist baade av sjukdomen og medisinen. Og vel var det. Kva skal du no gjera? Ja, paa det spursmaalet kann eg ikkje svara betre enn du sjølv gjer i brevet ditt. Hald du fram som du stemner.

Her lever me som vanleg. Olav er ikkje sterkt, men gjer daa arbeidet i heradskassearposten. Helkaas er formann i ungdomslaget her no. Um otte dagar skal me ha avhaldsfest i Hovet. Dr. Bruun og ein arb. form. Næs skal tala.

Din S. R.

PUNGEN ER TOM

Notodden 4/3 1907

Beste lærar og ven!

Liver bra. Mykje aa gjera, men eg varnar um krefterne so godt eg kann, for helsa lyt vera det fyrste.

No hev eg just site og høyrt Oskar Jæger, professoren, halde fyredrag um folkeforsikring, og er heilt trøytt. Kann ikkje no skriva som helst eg vilde.

Takk for brevet eg fekk fraa deg, og for dei raad og den rettleiding du gjennom det gav meg. Det skal rett verta moro aa koma heim til sumaren og tala meir um det – tala um det.

Det eg no beint fram vilde, var aa fortelja at pungen er tom. Ja, det er nok so. Og eg maa krevja. Men det tukkar no vel hardt burtyver til at det kann verta meir ende paa no snart – gjeng alt vel.

Det er jammen rart at 3 aar mest skal vera lidne. Eg hadde aldri tenkt dei skulde kunne gaa so fort. Skal ein koma i hug kva ein kann ha samla inn og bygt opp denne tidi, so er det visseleg lite, tykkjест det. Men skal ein gjera det so vert ein sorgfull, og det hev ein i grunnen ikkje raad til. Det er visst likast aa berre stemna fram.

Ja, ja. God natt! Hels alle.

Hjarteleg helsing! Din Olav Sletto

IKKJE ALTFOR HØGT AA FLUGA

Notodden 14/5 1907

Gode ven!

Du spør i eit av breva dine korleis det kjem til aa gaa med posten hjaa Gjelsvik. Ja, eg veit ikkje. Eg segjer no som eg sa heime i summar, at eg trur det ikkje fyrr enn eg ser det. Det var altso tala so millom Aartun og Gjelsvik, at eg, dersom eg vilde, skulle læra upp borni hans eit par aars tid. Eg sa at det hadde eg stor hug til, og meinte at noko hepnare snaudt vilde bjoda seg fram, - av arbeid. Aartun trudde det same av di at daa opna det seg veg so merkeleg lagleg til aa utvikla seg vidare for meg. Og dette er ganske sikkert, sa han. Ja ja. Sidan tala Aartun ved Gjelsvik igjen. Ja, Gjelsvik hadde ikkje eigentleg tenkt, at det skulle verta dette aaret (altso til aars), han havde tenkt so smaatt paa aa senda guitarne sine til Sætersdalen eit aar først.

Nokon greid greia hev eg ikkje paa dette. (Gjelsvik hadde fyrste gong det var paa tale, skyna det so at eg skulle gaa ut eit aar seindre.) Kva hev eg aa gjera? Jau, lesta ingen ting høyra fraa meg fyrr eksamen er teken. Daa skal eg skriva til Gjelsvik, fortelja at det er eg som hev vore paa tale, og korleis han vil. Det gjeld so mykje aa spela si rolla godt, maa vita.

Forresten meinar Eskeland at det kanskje ikkje var so heldig som det kann sjaa ut for. Ungarne er nokon føle villstyringar. Og det vilde verta mykje aa gjera, so tidi til sjølvstudium vart heller liti.

Dessutan so er det planar uppe, som ogso dei krinsar um meg og mitt. Det hev

vore paa tale millom Gjelsvik og Eskeland, aa faa meg til aa driva skule for ungdommen – maalskule eller paa lag som ei folkehøgskule i mange maatar. Dette vil segja: Dei vil faa i stand noko kveldskular, som er soleis at ungdomslagi raader yver dei. Fagi er norsk og histori og fyredrag. Desse skal flytjast, soleis at dei kunde verta eit kurs paa 1 maanad paa kvar stad. Betalingi vilde verta svært bra. Eg kom til aa faa so ein 2 – 3 maanadskurs eller so. – Dette skal daa storting slaa fast og yta pengar til. Eller verkeleg maa eg segja, at dette hev eg ikkje for vel greida paa. Um det alt er ordna veit eg ikkje, eller um det verkeleg vert, veit eg heller ikkje. Vert det aalvor av, so er eg fløygd, for daa vil dei hava meg til.

Dette vil Eskeland helst. Men fyrst laut eg gaa gjennom eit lite kurs i norsk og oldnorsk, som ogso vil verta laga, kjem desse skulane i gang. – Vart dette, (og vert det ikkje i aar, so visst sikkert nok eit anna) so vilde eg med eingong koma inn i det som eg hev min styrke i, faa arbeida der, og soleis trygda min seinare vokster paa dette grunnlag som eg til denne tid hev lagt. Dette ville daa, segjer han, leida paa vegen til det som lyt vera livsmalet for meg, folkehøgskulen og diktingi. Kom desse planane i stand, so laut eg driva med det eit aar eller høgast two, og so reisa ned til Askov paa skulen der ein vinter eller two og lesa soge og sprok. So heim igjen og taka folkehøgskulen upp, eller um eg skulde vinna fram med det andre, so det.

Altsaa dette er ikkje berre planar, men heller lange og vidsveimde planar, som reknar med aar. No lyt eg spyrja: Kva skal eg betala rentor og avdrag og maten i munnen med? Faa meg noko aa gjera! Eg vil altso faa meg skulepost, um dette glepp, og hev han paa varastyre. Kjem desse planane paa, so naturlegvis vil eg helst dei, og tek vikar. – Altso, ikkje alt for høgt aa fluga, men heller styra so mykje raustare og sikrare paa, naar vengene fær magti og fridomen. Eg hev for mykje av drøymaren og lykkejegeren i meg, men og freistar aa vera baade var og vetug no utetter, av di eg so vel veit at eit rikt arbeidsliv maa ha grunn og byggja paa. Og arbeidaren sjølv maa ha vakse heil vokster fraa roti av. Og sjølvarbeid og signing maa verka det alt saman. Endaa eg nok maa segja som sant og røynleg er, at endaa hev eg so mykje uro og gjæring, at arbeidet meinkast for meg, og eg maa kjempa meir enn dei fleste veit av.

Du, skal tru eg skal ha nokon tanke paa posten i Sudhovet?

Dette som her er nemnt um desse skularne, maa du ikkje nemna ved nokon. Det maa vere løynleg oss imillom. Det vert so lett prat. Og vart det ikkje, vart det også prat.

Din Olav Sletto


HELS DEI I SLETTA AT EG HEV STADE TIL EKSAMEN

Notodden 13/6 1907

Gode ven!

Kann no meldat at eg hev stade prøva. Men hev ikkje vore noko heppen just.

Landsmaalstil: godt, rigsmaalstil: godt. Rekning: antagelig. Einaste trøyst er, at dei



Utsyn over Vats frå Varaldsetberget. Vinteren 1907/08 var Olav Sletto lærar her. Her skreiv han den første boka si, «Dei gamle».

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

fleste andre ogso var ikkje rett svineheldige – og mange mykje uhepnare enn eg.

Hev no vore uppe i munnleg kristendomskunnskap. Eg gjorde det etter mi meinings – svært godt. Men vart nedarbeidt og fekk ikkje meir enn «meget godt». So vart eg sint som ein tyrk, gauv paa bestyraren og skulda han og cencoren for at dei hadde dømt meg urettferdig. Bestyraren skamfull og nervøs og ulukkeleg. Eg kravde aa faa – berre aa faa vita grunnarne for at dei slo meg ned – av cencoren og honom sjølv. Ingen grunnar kunde han gjeva. At dette skulde koma for sensoren sette han seg mot. – Paa resten fortalte han at han hadde ikkje vore med aa slege meg ned. – So er ingen ting meir vorte av det. Eg kann ikkje plundra med dette, so at eg øydelegg heile eksamen for meg. Men kva er grunnen? Jau, hev aldri smoge for dei, aldri vore eller er vakt, for fri i tanken.

I dag vore upp i instruktion, tok «godt».

Og so pengar!

Eg treng fleire enn nokor sinn fyrr. Du vil visst tykkja det er for mykje. Men – no

er det alle desse eksamensmaterialutleggi, so sløydmaterialutleggi, so hev eg kjøpt nokre hjelpebøker, so skal eg hava meg ei brok og eit par sko, so mykje at eg kann koma heim, og reisepengar.

Eg hev rekna ut 100 kr. Kannhenda at eg ikkje eingong hev so mange i banken no. Du lyt vera so snill og ordna dette for meg – paa ei eller onnor vis.

Jaja. Eg er baade sinna og modlaus yver denne evige motstand og luregreida eg vert ute for. Eg vert so uroleg i tankane. Men rett og rak og sann! Det er dygdi lell! Kannhende eg likevel til slutt vinn paa det. Eg stend forresten ikkje aaleine, ein stor part av kameratarne held med meg.

Eskeland hev vore her no, og vil roa meg til, segjer at det gjer ingen ting for mi framtid dette um dei arbeider meg ned. Han held paa ogso aa vil faa forstaaing millom meg og Hauge paa Hauge sine vegner.

Hels dei i Sletto at eg hev stade til eksamen. Hels alle. Liti tid!

Helsing!

Din Olav Sletto

DER LUKKA SPILAR TRENG IKKJE VITET VERA MED

Gvarv 19/8 1907

Kjære lærar!

No er eg paa Gvarv. Alt stend vel til. Her er ei mengd lærarar av baae kyn. Og alt er som du nokk kann tenkja, framifraa gildt. Mykje er det aa læra; fyredrag reint forvitneleg; gjæve folk aa vera saman og røda med. Det er fest – reinspikka fest. Skards pædagogiske fyredrag er reint storfelte aa høyra. Naadland, Eskeland, Irgens. Eg er eit lukkelegt menneske som fekk koma her. Og det ser ut til aa verta til velsigning for meg. Eskeland er min gode ven som fyrr. Skard – er min ven. Eg trur eg fullt kann tenkja det. Han hev vitja meg paa hybelen, samtala med meg hev han gjort i friminutta, er elskeleg mot meg. Naadland – syner meg verkeleg stor vyrdnad, held meg, ser det ut for, som eit bra menenske. Frøken Irgens, ho er verdensdame, - ho hev vist meg «opmerksomhed». Ho vil tala med meg tids og ofte. Og i morgen – opna meg aatgang aat eit gildt selskap millom Gvarvbuarn gjorde ho, og det var berre 3 – 4 av heile kurset som fekk denne æra. – Slik stend mine kort. Eg er glad – ikkje faafengeleg glad – men takksam glad. Eg er merkeleg heldig.

Og i gaar fekk eg eit brev i posten. Eg opna og saag paa underskrifta: «Vyrdsamt! Sven Moren.» Nei, men kva kann det vera?! Jau, Trysil vilde faa i stand maalskular – prof. Gjelsvik hadde gjeve Moren det raad aa spyrja meg um eg vilde koma som lærar dit burt. 2 – 3 timer dagen, og «me vilde sjølvsgå betala so De var tent med det soleis». Ein 3 – 4 maanar minst. Du verdi! Kva kunde eg betre ynskja. Der lukka spilar treng ikkje vitet vera med. – No hev eg skrive att. Tek med glede imot! – Ja, er eg ikkje ein lukkefugl! Dessutan hev eg nesten i handi fleire kurs. Um ei tid vert eg fastsett som reiselærar av Gjelsvik. Eskeland sa: «det er ganske tryggt det», sa han. Gjelsvik kjem kanhenda til Telemark fyrr enn eg reiser herifraa, so fær eg svalla med

han. Eskeland skriv til ymse vyrde menn her og der og fær dei til aa ordne maalsku-lar og aa taka meg som lærar.

Det gjeng so greidlegt for meg at eg mest stussar. Eg vert glad og modig. Men sant aa segja, eg maa stansa og tenkja yver kva som i grunnen er meint med all denne hep-pa, kva skal eg sjølv betala det med? Orkar eg sigla som dei ventar mitt skip fram? Aa! Vaarherre lyt ein verkeleg lyda til i medbør og. Eg ser paa dette, som paa alt anna, at det er ei styring. Eg skal faa verta ein arbeidsmann i folket snart!

Liv vel!

Naar kurset er ende kjem eg heim – berre vera ein dags tid med Eskeland og faa raad og hjelp og arbeidsplanar til min eigen skule.

Det er sant!!! Helsingar fraa Skard! Han hugsar deg vel!

Send 10 kr. – dersom at du ser dei kann rekke fram til den 24de – var du snill.

Hast! Orsak!

Hels alle! Hjarteleg helsa! Din Olav Sletto

LIGGJA ROLEG OG ARBEIDA PAA BOKI MI

Vass, Jolefian 1907

Hr. S. Reinthon

Takk for sist og glad jol! Du og dine!

No er eg vassing, og det likar eg godt. Naar so skulde vera at eg ikkje ut i verda skulde faa sleppa, so var det kann henda best at eg hamna her. Her er ro og gode da-gar, og lite av det som kann lokka ei ung sjæl ut fraa dygdi sin breide veg. Her er ein løynd og aaleine – med seg sjølv og sine ærgiruge planar. Her kann eg skriva Gudskelov.

Det er det daa og eg vil no i jolehelgi. Eg vil liggja roleg, og arbeida paa boki mi.

Eg hev vore heppen aa fengje kveldsskule. No kann eg, gjeng alt vel, tena 105 kr ved sida av. Og det ser eg meg mun i. – Dessutan var det dei eldre her i bygdi og Christie som la seg i selen fyrst og fekk ungdomslaget til aa røra med det. (Av politiske grunnar.)

Eg hev halde fyredrag um H. N. H. Eit fyredrag i Leveld um framgangsarbeidet i samfundet. Desutan eit fyredrag i ungdomslaget her.

Ungdommen her er det godt to i, og kjem han berre paa los so vert det nok liv. 3dje dag skal me ha pakkeauksjon. For dei pengarne me daa fær inn skal me halda fest for dei gamle. Dessutan skal me ha kveldsskule i romhelgi.

Bøker stend eg ikkje ibeit for. Her er tre boksamlingar: I N. og S. Vats og Leveld – nye framifraa bøker. Garborg, Kjelland, Lie sine, og alle verki deira. Og likeeins av dei andre. Og nye og gamle landsmaalsbøker. Dessutan vil Christie laana meg det eg maatte ynskja fraa hans bokhylla.

Eg hev teke posten paa konstitution aaret ut, - til vaaren. Folket vilde faa meg fast – so vidt eg skynnar. Men eg vil ha næste sumar aa spikulera i. Danmarkturen fær eg ikkje av hovudet.

Eg vert tidlegt ferdig med skulen her. Skal tru det kunde gaa an aa faa framhaldsskule i Hol til vaaren?

Fraa Sundre fekk eg bod um eg kunde halda maalskeid der etter jol. Men eg sa nei.
Signerik jolehelg! Godt nyaar!
Hjarteleg helsing! Din Olav Sletto

EG ER GLAD!

Kristiania 22/10 1908

Gode Reinthon!

I all hast!

Liver bra. «Morer mig grusomt». Høyrer fyrelesningar, hev gjesta bibliotek og kunstsamlingar. Er i teateret kvar einaste kveld mest. Er no vorten kjend med Krog, teatersjefen, og gjeng fritt paa alle forestillingar – paa beste plass. Les korrektur paa boki mi.

Hev mykje aa gjera. Er særstak heppen. Hev stifta kjennskap med mange kunstnarar og andre gjæve folk her inne.

Eg er glad!

Ein kann høyra fyrelesningar fritt, lesa boksamlingane fritt. Det er utifraa lett aa vinna kunnskap her. Alle raar meg fraa aa reisa til Danmark, av di at eg utan utlegg kunne lesa fritt ved universitetet. Ja, hus og mat laut eg nok halda meg, men er lovt det billig.

Kva skal eg gjera? Gjev meg ditt raad snart paa timen.

Hjarteleg helsing!

Din Olav Sletto

Adr. Olaf Norli, Universitetsgt. 24. Kristiania.

EG ER GLAD BOKI FÆR ROS

Askov, Danmark 21/11 1908

Gode ven!

Takk for brevet!

Eg liver bra her paa Askov! Det vert visst gildt. 250 elevar.

Eg er glad at boki fær ros. Berre no mange vilde kjøpa henne. Kann du ikkje paa ein eller annan maate faa tinga burt 20 – 30 stykke? Tal um det same ved jordemor. Ho vil visst gjerne hjelpe til. Eg tenkjer paa honoraret maa vita.

Ja, Bjørnson var gild – og docent Collin ikkje mindre. Her i Kjøbenhavn gjekk eg også fritt i teatri.

Annsam.

I marginen: Pengar!

Hjarteleg helsing

Olav Sletto

VERT «DEI GAMLE» SELDT NOKO I HOL?

Askov, Danmark 20 – 12 – 1908

Gode ven!

Takk for brevet. Nett no kom det. Takk for pengarne!

So vil eg taka eit bil og skriva med same. Det er sanneleg nok aa gjera her. Og ikkje kann det vere tale um aa arbeida so nøygje og grundig med alt – som eg kunde ha hug til, og som eg vilde gjera i mitt sjølvarbeid paa eiga hand. Men det er no kannhende mest gagn i det sterke og livande inntrykk ein faar. Her er lærarane lærde herrar, kvar i sine serlege faggreiner. Men lerdomen eig eit varmt liv. Det er det som er det gilde paa dette vesle universitetet.

Langeland skal koma i joli ja. Banen er god aa ha.

Du hev vel lese Hovden sitt reisebrev? Han er uvyrden og grov som alltid. Eg svara, men angra paa det med same. Eg skulde ikkje lesta gaa det. Det hadde høvt betre. Det som «Tuften» skreiv, var no det reine barnevas, so det reknar me ikkje.

S. Eskeland skreiv til meg i det høvet: Hovden, Moren og fl. dreiv ein trafikk soleis, at dei maa rett lata vera og kasta stein, dei bur sjølve i glashus. Skriv eg meir lyt det bli for kunsti skuld, og ikkje fyrst og framst for æra. Og eg tok meg ikkje nær av det H. skreiv.

Men Norli ber seg rart aat. Han let vera og lysa ut mi bok. Jaja, som han vil. Kann eg faa ein annan forleggjar, so tek eg ikkje Norli oftare.

No hev eg skrive til honom etter pengar.

Her er gildt. Mykje aa gjera.

Sumarkurset (for høgskulelærarar) tek til 8 dagar etter vinterkurset er slutta. So eg maa vel halde paa det osgo? Og sokja utsetjing med kongetenesta. Maa høyra di meinинг.

Vert «Dei Gamle» seldt noko i Hol? Kunde du leggja eit godt ord inn for henne um so høvde. Dette honoraret, maata.

Glad jol! Godt nyaar! Dykkar Olav Sletto

ER NO I KJØBENHAVN. ER REIST FRAA ASKOV

Kjøbenhavn 10 – 2. 1909

Hr. Reinthon, gode ven!

Er no i Kjøbenhavn. Er reist fraa Askov. Gjeng paa «statens lærehøiskole» her i byen. Prof. Olvik(?) er forstandar, den namnegjetne Vilhelm Andersen er min lærar. Lyder paa universitetsfyllelesningar. Studerer paa boksamlingar og kunstsamlingar. Jacob Appell opna dørene. Eg gjeng som gjest. Betaler ingen skulepengar.

Liver bra. Helsa og mathug. Er paa ferde baade seint og tidlegt. Det maa visst vera til gagn for meg, at eg er her. I gaar kveld i selskap hjaa forfattar Helge Rode saman med Erik Vullum og kona hans og Sven Moren.

Vil du vera snill og faa Olav til aa skriva søknaden og ordna med det der, er du snill.

Tusund Helsingar! Din Olav Sletto

FYLG MEG TIL TYSKLAND

Kjøbenhavn 13. 2. 1909

Gode hr Reinthon!

Eg sit eismal paa min hybel i Kjøbenhavn. Eg hev arbeidt paa det kongelege bibliotek i heile dag. Hev ogso pakka handkufferten. Han stend burtved glaset. Attmed stend paraplyen. I morgen reiser eg til Tyskland – Hamburg, Berlin, Leipzig, Dresden, Nyrenberg.

Men er du gal? segjer nok du no. Ja, eg veit ikkje sjølv kva reis eg no gjer denne gongen. Det er aa slaa stort paa. Det er aa taka alt fyreaat – fyre eg kjem so langt at eg kann venta stipendum. Men -. Ja, no reiser eg.

Sven Moren sa til meg for ein par dagar sidan. Fylg meg til Tyskland. Hev ikkje pengar, sa eg. – Eg hev pengar sa han. So kann du betala att til hausten eller naar du faar pengarne. – Eg er ikkje viss um eg hev meir gagn av det, enn um eg studerar her i Kjøbenhavn. – Det vert aa høyra og aa læra um livet. No skal du faa sjaa livet, læra det personleg aa kjenna. Dette er eit tilbod som ikkje ofte vil bjoda seg. – So slo eg til. No reiser eg i Guds namn.

Naar eg ser, at eg slumpa til aa reisa fraa Askov, der eg hadde tenkt a vera og likte meg godt, og at eg no stend paa reisefot ut til den store verdi – som eg ikkje havde ein tanke um for two dagar sidan, ja so ser eg at eg driv for straumen. Er det lagnaden? – Naar eg um ein maanad kjem attende, stend lærarhøgskulen open for meg som fyrr.

Eg skal no paa tyskland-ferdi byrja reinskrivingi paa mi nye bok. Studera alle typiske stader i Tyskland – halda dagbok. Gjera ei rett «studieferd», sjaa kunst og alle museum. Sjaa middelalderen i byggverk. Sjaa renecancen i kyrkjer og andre bygningar. Sjaa folkeliv og natur som eg fyrr aldri hev sett. Eg ventar meg mykje av ferdi. Og so – studera tysk. Det maa visst ganga lett naar eg no er nøydd til aa greida meg so godt eg kan, og fær høyra folket tala.

Ja, det vert ikkje godt for nokon aa tru paa meg som flakkar so. Men det skal vera visst, at eg arbeider av all mi evna. Og daa vonar eg at det kann verta den beste vokster for baade læraren og forfattaren. Hels presten dette eventyret mitt!

Hjartelege helsingar,

Olav Sletto.

Rørholmsgade 22 IV

København K.

Du! spør presten um han kjenner ein eller annan pengemann som vilde kosta paa meg ein tur til Oxford universitet, studera engelsk maal og litteratur, og faa utvikla meg som diktar – paa grunnlag av det som eg hev synt av evne og dugleik og karakter? Eg skynar meir og meir at det er no fyrst mi beste utviklingstid kann koma.

O. S.

FOR NORIG SKAL MIN ARBEIDSDAG FORTÆRA SEG

Kjøbenhavn 14/3 1909

Ja, dette brevet som du finn her, det skreiv eg kvelden fyre eg reiste til Tyskland. Men hev bore det i lummene sidan den tidi.

No er eg atter komen. Er nett inn um døri for vel. Hev reist i eitt sidan kl. 1 i gaar eg tok fraa Hamburg. Og det vart eit eventyr. Me sat fast i drivisen fraa Nordsjøen i Lillebelt i natt. Det var noko nytt for meg skulde eg tru. Me hadde isbrytar – eintolleg stor dampar, men det munte lite. Den store ferja maatte alt i eitt apa og ta seg renn inn yver isen som stod i ei mylja.

Ein heldig tur. Reiste ifraa Moren i Dresden, stuka aaleine i Berlin og Hamburg. Og det gjekk svært godt. Det var nok noko aa sjaa kunstsamlingarne og alle musæum. Og hamni i Hamburg! Soga alt – seinare. Eg hev halde dagbok.

Det vart heller ikkje so dyrt som eg hadde venta. Eg er glad for det dette hende meg.

3 dagar seinare

17/3 1909

Er no i fullt arbeid komen her i K. Trur so menn at eg var meir enn storheldig, at eg fekk sjaa saapass av verdi.

Folkehøgskulen ja. Dersom ikkje Langeland kann faa pengarne – som vel er uvisst – so maa de endeleg sjaa til aa faa Arneson – dersom han søker. Um han vilde ha meg med, veit eg ikkje. Endaa eg trur det nok. Men det lyt no vera av mindre vigt naar det er spursmaal um ungdomsskule i Buskerud. Eg skal nok koma med – um ikkje so braatt. Men i det heile ver paa vagt, for fanden og dei gamle høgre.

Korleis eg gjer det til vinteren dersom eg ikkje fær høgskulearbeid, veit eg ikkje. Tek anten ein liten skulepost i Hallingdal – for maalet og skrivingi si skuld. Eller eg beint fram studerar. Fær eg forleggjar til boki eg no skriv – som det lyder vil Gyldendal rusta næg ut med pengar – fær dei manuskriptet – ja so maa eg vel ha i vissa ein 4 – 500 kr. Og gaar ikkje det eine, so gjeng det andre. Kjem no «Dei Gamle» i nytt upplag, so fær eg alltid nokre skillingar meir. (Det kjem seg an paa biblioteki.) Eg kann ikkje venta at det skal vara ved aa gaa som ein springdans heller. Eg fær nok lida upp all medgang eg hev havt. Men so lenge eg so lukkeleg kann arbeida etter hug – i medgang, gjeld det aa bruka tidi til godt arbeid. Kanhenda til slutt kann mitt vesle stræv og gagna federalandet – eller nokre i landet.

Eg hev fenge høyra mange røyster som manar meg til aa leggja alle aadrar ut – verta kunstnar., arbeida for mitt eige ry, vinna nordlandi, kasta alt som stengjer og bind meg – gaa inn i eit større maalføre!

Medan eg gjekk i Sudtyskland og lengta heim, midt i det eg saag ein rik, storlægd kultur i kunst og byggverk – medan eg i Slesvik tala med søndere-jydar – eg kjende heilagt i min eigen barm at for Norig skal mitt hjarta slaa, for Norig, mine brør i landet, skal min arbeidsdag fortæra seg. Og klaart ser eg vegen. Eg vil vera med aa dyrka upp tungemalet, vera med og gjera det ledugt og lett i fin bunad, forma det eg

sjølv ber paa og det folket mitt ber paa. Det er nok vegen til det nye aandens Norig.
Det vil også vera frelse for meg sjølv.

*Hjarteleg helsing!
Din Olav Sletto*

EG HEV KJØPT GOETHE SINE VERK

Kjøbenhavn 4/4 1909

Gode hr. Reinthon

Her er fagert i Kjøbenhavn no. Vaarsoli er komen, dei fyrste grasspiror lyser grøne inn i parkarne, ein pust av noko nytt er komen i lufti.

Det er gildt aa vera her nede. Er no fri i paaska. Biblioteket er òg stengd, so eg maa halda meg inne eller – ute i byen, parkarne, hamni med alle skip o.s.v.

Er no rakande pengelaus. Hadde eg ikkje gjort Tysklandsferdi, hadde eg nok ikkje trunge pengar so snart. Vil de vera snill og senda meg 100 kr. – Eg hev vel enno vel so 100 kr. og kvila paa, ikkje sant? – Mykje bøker hev eg ogso lota kosta meg. I dag hev eg gjort røvarhandel. Eg hev kjøpt Goethe sine verk. 5 tjukke band i gullsnitt for – Kr 5,40. Men «Faust» var ikkje med. Han kjøpte eg – baae delarne – i fint raudt band med gullrygg for 90 øre. So eg er nøgd i dag.

De liver vonleg bra heime. Godt ver med sol yver snjo. Eg finn eitt og anna paa. Eg er millom alle desse tusund menneskje einsam. Hev de set noko um «Dei Gamle» i bladi i det siste. Eg hev ikkje set eit norskt blad paa lenge. Skal tru um det kjem nytt upplag?

*Hels Olav og dine folk!
Hjarteleg helsing!
Din Olav Sletto*

HER ER EI VID MARK TIL AA SJAA MANGE SLAG FOLK

Kjøbenhavn 26/4 1909

Reinthon, gode ven

No vil eg taka meg eit bil. Faa sitja i ro og skriva til vene og godt folk. I gaar kveld i selskap, og eg kjenner enno usmaken. (Den einaste pennen eg hev datt i golvet, so maa eg bruka blyanten.)

Det var fint, dei var gjester av aand, som dyrkar musiken og kunsti. Det var ikkje kunstnargilde. Det var i det fine «skjønnhedselskende» lag her i byen. Me var 8 – 10 gjester. Konsertalen maatte aldri stogga – for Guds skuld ikkje! Daa vilde me paa timen kjenna kor tomt livet er. Det galldt aa koma med smaa, rappe «bemerkninger», so me kunde læ aat. Alle var sjølvsagt utrusta med kvar vaar dama. Eg var i saa maate sers heppen. Eg fekk ei ung, væn frue, og «hendes tilbeder» hev eg daa vore i lengre tid. – Eg var utarbeidt, trøytt, tungsint, leid meg. Kl. vart 12. Eg lovde meg sjølv at kl 1 vilde eg gaa. Kl 1 kom, eg reis upp og vilde gaa. Hui! Mi dama bad,

vertinna bad, verten, gjesterne. Eg la fram noko som skulde vera grunnar, orsaka meg, bad um dei vilde vera elskverdig nok til aa forstaa at eg maatte heim. (- Eg braut nemleg den gode tonen – og det var det eg vilde.) «Men naar nu jai ber dem – vil De saa bli», sa so mi søte dama. Eg maatte daa beda henne: ikkje bed meg. Daa hynta ho seg til – den fagre, og eg maatte som god kavaler audmjukt bed um hennar naadige jaord. Men eg vilde det eg vilde for ein gongs skuld. Og kom daa umsider i veg. Dette komediespell som jamnast er svært morosamt, kunde eg ikkje vera kar um aa halda ut.

Soleis er det: Her er ei vid mark til aa sjaa mange slag folk. Men eg er for mykje bonde, at eg ser gjennom skalet og lid ved tomleiken. Endaa her er og so ovleg mykje gildt. Hev ein litevetta trøng etter aa liva sitt menneskjeliv paa den rikaste og lukkelegaste maaten, so er det noko som ein uklaart leitar etter, det er som ei uklaar traas etter aa hengja seg sjølv paa krossen. Ein lengtar etter det same kor ein er, sjølvsagt. Men her møter eitt ord – paa mest alle leider: tomleik. Eg elskar daa mitt arbeid, og det er godt moglegt at eg kunde naa noko òg, fenge eg no dyrka meg upp. Det kann eg ikkje, soleis som eg er stelt økonomisk. Dessutan hev eg ikkje frelst samvit fyrr eg stend i eit fast arbeid, og kann paa den maaten gagna ein og annan.

Det er ikkje nok aa faa æra.

No ser eg fullvel so lite langt eg er komen i kunnskap. Alt mest stend att aa leggja til munns. Eg hev no i lengere tid lese paa kgl. Bibliotek. Alle fyredrag – gjorde meg berre fatigare og fatigare, dei opna synet for alt eg mangla. So sette eg meg til aa arbeida. Søren Kierkegaard vert min læremeister. Eg gråt mest at mitt heile liv til no skal ha gjenge utan vidare kjennskap til den mannen. Av andre eg les er Brandes (som eg no kjenner personleg). Og so – ja fyrst no! opnar det store tyske bokverket døri paa klem. Hadde eg vore umtenkt nok, so hadde eg for longe sidan arbeidt meg inn i det. Men ein ser ikkje gagnet av alt paa ei og same stund. No fyrst kann eg se gjaa, at min skulegang byrjar. Mi tysklandsferd vart i so maate ei vekkjing for meg i so mangt. Tenk filosofen Nietsche hev vore meg berre eit namn til no i den aller snaraste tid daa eg fall paa han. «Also sprach Zaratustra» (soleis tala). Stor visdom og djupe tankar i ein vedunderleg stil! Eg vil spyrja Gyldental um han vil gjeva henne ut paa landsmaal. So umset eg henne. Skal forresten fyrst spyrja um Maalkontoret vil raada meg til aa gaa i gang med det arbeidet. Kva trur du?

Langeland skriv at me maa i sumar paa fyredragsturar og gjera folkehøgskulen kjend. Det skulde vera morosamt. Men tidi! Eg hev nok eit emne som eg skal skriva i hop til ei bok – eller andre delen av ei bok daa den fyrste delen ligg no i ferdig manuskript – til sumaren. Men han hev fullt rett i det, at noko av det slaget maa gjerast.

Ja, det gjekk heppe med skulen. Eg hadde aldri trutt so stort um Buskerud. Eit so vore resultat av dykkar stræv, ja det er storfelt. Og Langeland er glad, som ein mann alltid er naar han skal faa lov til yrkja paa den staden han hev mest hug til.

For meg var det no vel svineheldig. Kann faa koma i arbeid – og i det arbeidet – med det same. Og kann difor òg um haust og vaar ei stund lesa i Kristiania, skriva upp dei 3 – 4 bøkerne som eg ber i hovudet, koma ut av skulderne mine, verta gjeld-



*I 1911 gifta Olav Sletto seg med Karin Bryde, dotter til ein skipsreiar i Sandefjord.
Dei bygde seg hus i Asker.*

fri mann. Daa kann eg setja stamnen ut paa verdenshavet paa nytt, og sigla meg ein god tur. – Og so kann eg kannhenda vera med og hjelpa fram eit og anna i landet.

Eg kann ikkje vera deg og Langeland takksam nok, at de vilde hjelpa meg i gang. Eg sjølv er av desse som spenner bogen høgt – i eit uheld kunde bogen springa. Eg ser det sjølv. Men det vonar eg daa, at eg kann med tidi faa syna meg tiltrui verd.

No vert eg paa Statens lærarskule til den er slutt, og det vert fyrst etter at folkehøgsuleskeidet er byrja. Slepp eg daa inn so reiser eg sjølvsagt til Askov. Slepp eg ikkje inn, so gjeng eg høyrer Lehmann og Hoffding paa allskulen og les. Paa folkehøgskuleskeidet vert det aa høyra uppblesne fyredrag (eg svermar ikkje for dei danske folkehøgskulelærarane, dei er yverfladiske og tome – mange av deim som hev beste ordet paa seg), og vert det og gaa paa utflygter og aa prata. Det liver ein ikkje paa eit heilt aar.

Hjarteleg helsing!

Olav Sletto

DENNE ASKOV-RØRA SOM FEKK SO STORE FYLGJE ETTER SEG

Kjøbenhavn 26/5 – 1909

Hr. S. Reinthon. Gode ven!

I dag fekk eg brev fraa Langeland. Eit alt anna enn hugsamt brev. Han umtalar daa ting som du no vel kjenner, og han let meg vita dykkar raader, - at eg skal helst ikkje vera med paa høgskulen o.s.v. som du nok veit betre enn eg. Eg hev no skrive eit lengre brev til honom, um denne Askov-røra som fekk so store fylgje etter seg, og eit so uviktugt aatak av viktige folk som Hr. Appell. Eg hev bede honom senda deg det brevet, hev ogso bede honom syna Grønland (som eg tenkjer meg til var den mannen Langeland tala med i Oslo) det ogso. Skal mi forklaring vere for mykje annarleis enn Hr. Appell si, so hev eg bede honom senda brevet ogso til Hr. Appell. For det som er sant, bør vera sant maa vita.

Han sender deg visst brevet straks paa timen. Og der fær du daa sjaa – dei einskil-de fakta. So no skriv eg stutt.

Det var eit stort vonbrot dette med høgskulen. Men det var klokt av dykk. Eg svara sjølvsagt soleis, at kunde eg gagna skulen med aa draga meg attende, so var det òg godt. Men so laut det vera paa grunn av at de finn meg ikkje dugande, og ikkje at eg hev eit rykte som stengjer vegen. For eg er meint til, at det eg hev gjort, det maa i dagen, i fullt ljós. Det maa fleire faa sjaa og døma um enn ein mann. Og hadde min vilje sket, so hadde ikkje Jacob Appell tronge um aa krevja «taushedsløfte». Hans «taushed» hev vore upphavet til det mistenkjelege skin desse smaa ting hev fenge – fraa fyrste stund av.

Paa ein eller annan maate slær eg meg vel i gjennom. Men det vert vel tungt. Naar du les brevet, so gjer deg upp ei meinинг um meg – og um eg er skurk eller – det er gjort meg urett. – Eg vert her nede til den 15. juni, dersom du daa ikkje raader meg til koma heimatt fyrr, eller reisa lenger, men til den tid hev eg betalt husleiga. Og rei-



I 1912 flytta Karin og Olav Sletto inn i nybygd hus på Hvalstad i Asker. Dei kalla huset for «Vesleheimen». FOTO: UTLÅNT AV EVA SLETTØ, HOL BYGDEARKIV

ser eg fyrr, so taper eg dei pengane. – Og lyt faa deg til aa laana 100 kr. og senda meg snarast. Større skuld bør eg helst ikkje byra paa meg, men sjaa aa kvitta ned heller. – So ventar eg brev fraa deg – di ærlege meinинг.

Hels Olav mykje.

Hjarteleg helsing Olav Sletto

RENTA SKAL VEL SNARAST TIL ASLE SEIM

Vesleheimen, Vollen, Asker 27. 8. 1912

Hr. Reinthon. Gode ven!

Vonar at alt staar bra til i Hol – og med dykk.

Ofte hev eg havt hug til aa skriva, men no ei tid hev eg havt det so annsamt – og hev det òg so annsamt at eg hev drygt med det. Me hev bygt eit lite hus her i Asker, og det tek baade tidi og tanken. No er me daa komne so langt, at me nett hev flutt inn, men so mykje er endaa uferdig, som ein kann venta. Men det er ein urygjeleg hugnad aa ha sitt eige.

Morosamt skulde det vera, um du kunde vitja oss eingong du var i Xania eller Drammen. Det var sagte mangt aa svalla. Og eit døger laut du ofra – naar du var ute aa for kor som er.

Naar eg kann faa helsa paa dykk og vene i Hol er endaa uvisst. Eg er fast bunden

til arbeidt no utsver – vilde gjerne faa bok ferdig til jol um eg kunde – so det kann knapt verta i haust. Og naar vinteren kjem maa eg ta fyredrag i folkeakademiet. Eg kjenner meir no enn fyrr til riksmaalshøgre i hovudstaden, og finn me lyst pusla aa arbeida so godt me kann – me som hev valt Sverdrup – Aasen lina òg, for dei er jamenn seige aa faa bugt med.

Fraa eitt til hitt. Renta skal vel snarast til Asle Seim no dette bilet. Og det er kr. 50,00 eg skal ut med. Trygdepolica skal òg ha sitt, det er i aar Kr 36,36. Eg sender hermed til deg – orsak at eg alltid maa leggja byrder paa deg – Kr 86,36, um du vilde vera gild ordna det for meg.

Mykje helsing du og dine!

Din Olav Sletto

HOL ER MERKELEG SEIN TIL AA KJØPA BOKI

Ringen – Forlag, Kristiania 2/11 – 1912

Herr S. Reinthon, gode ven!

Eg sit i forlaget og skriv dette.

Takk for dine gode ord um boki. Ja, kritiken fell svært bra, og private takkebrev kjem det so no og daa. Serlegt Ola Bø i Valdres vil eg nemna, han gled seg, og bed um lov til aa skriva og aa halde fyredrag um henne.

Salet gaar rettelegt flinkt, hadde aldri trutt det. Dei fyrste 1000 er alt stroke – det vil segja selt og utsendt. So etter vanlegt takst hjaa dei andre bokhandlarane – skulde no Smaaord vera utkome i 2dre upplag. Men me tok upplaget noko lite attpaa 3000, so det er noko taka av.

Ungdomslag og bygdeungdomslag i dei større byar bed um bøker for bokhandlarproscenten og tek større parti, - folkehøgskularne skal faa det sameleis um dei vil.

Hol er merkeleg sein til aa kjøpa boki. Men det kjem vel av at forlaget lite hev annonsera seg der uppe.

No lyst du faa ein ungdom til aa gaa med boki i prestegjeldet, han skal faa 25%. Han kann faa 100 ekspl. tilsendt – eller helst du lyst ta kontoen – betala naar han hev selt det han magtar – og resten /.../ tek forlaget att imot.

Ringen Forlag er nytt – og idealistisk. Vil folkeupplysning – og ikkje tena meir enn som det kann greida aa halda seg uppe med.

Og eg for min part vaagar alt paa det, og trur paa det, og folket og ungdommen skal nok takka – naar 15 – 20 aar er gjenge.

No skriv eg paa ei liti bok – folkebok – som kann verta billeg. «Store menn» heiter ho: Det er Hauge og Kloster og Aasen (Garborg) og Bjørnson – og den rørsla, gudelege – offentlege – kulturelle rørsla dei vekte. Ho ligg i same lina som «Smaaord».

Elles staar eg no paa ferd til Romsdalen. Skal tala i Molde den 9de.

Ja, syt litt for Smaaord der uppe. Bokbestillingar stilast til Ringen Forlag, Xania.

Hjarteleg helsing alle dine.

Olav Sletto



I 1915 drøymde Olav Sletto om å bygge seg ei hytte på Seimsberget. Han meinte det kunne vere triveleg å gå sørover til høgmesse i kyrkja om søndagane, saman med kone og barn. S. Reinton rådde han til å vente. Han kunne ta med familien og leige seg hus i Hol ein sommar, så fekk dei sjå om dei treivst der, skreiv han. Til det svara Sletto i ein lett ironisk tone at han kanhende bygde seg hytte ein annan stad, for det var ikkje sikkert han ville trivast i Hol.

Vi ser Seimsberget til venstre og Sørheim til høgre. Sørheim er bustaden til Jens J. Sletto.

FOTO: JAN ROBERT WICK, 2002

ATTEST, AT EG HAR LÆRT BOKHOLDERI

Asker 19/7 – 1913

Kjære ven S. Reinthon

Eg hev det annsamt, og maa skriva stutt. Eg hev selt ei bok i nokre blad, og skal skaffa manuskript etter som dei treng. Dimest les eg korrektur paa mi nye bok, som kjem fyrst i sept. – Og so er bringebærhagen min mogen – 500 plantar eller kjørr, og det er eit følt mas a faa plukka og selt i byen. Difor som sagt – skriva stutt.

Vonar at alt staar vel til i Hol, og i din heim.

Senda pengar til Gurid Aaker har eg enno ikkje fenge noko høve til. Det var hagebruksfolk paa huset o.s.fr. og visste ikkje kor dette bar etter, og veit det ikkje endaa, men store utgifter. So maa endaa drygja med dei pengarne.

So var det noko anna. Kann du og Svein Nestegard eller T. Sundre gjeva meg kvar si attest, at eg har lært «bokholderi». Som du veit, fyrst paa høgskulen, sidan paa

Seminariet, lat attestane vera paa riksmaal. Og send dei snart. Og set til kva de er for slag under namnet.

Eg hev bruk for desse attestarne, men skal ikkje gjera større bruk av bokholderikunsten. Det er ei formsak berre, tenkjer derved aa vinna rang av inspektør i ei viss leid.

Framifraa ver. Men lufti er for still og kvævi her nede. Eg skynar at eg maa upp i dalen sumarstid – naar det no lid fram, og eg ikkje vert so beisteleg annsam.

Fyredragsarbeidet mitt aukar, ser eg. Siste september – skal eg til Sunnmøre – og so daa etter som eg kann avsjaa tidi, Gudbrandsdalen, Vestfold, Trøndelag o.f.

Jaja, mange helsingar til deg og dine, - og helsøyver i Sletto og Bakke, Haugen o.f.

Hels Svein Nestegard.

Mi hjartelege helsing, Olav Sletto

DET ER RINGEN FORLAG SOM SKULDE KNEKKJAST

Vesleheimen, Asker 9. sept. 1913

Hr. ordførar Reinthon. Gode ven!

Takk for brev og attestar som du sende, og mi beste helsing til deg og dine.

Skal samstundes faa senda deg mi nye bok. Du stussa vel, og tykte det var vondt – naar du saag den medfart boki fekk no nyss i «Den 17de Mai». Eg tykte òg det var vondt – helst dei 4 dagarne eg gjekk aa venta paa det, for eit snilt menneskje kom og fortalte meg fyreaat kva ein 2 – 3 karar bryggja paa. Det er Ringen Forlag som skulde knekkjast, og eg med det – var meinungi. Og mitt religiøse syn, kjem paa tvert, aller mest for di dei finn, eg arbeider med heppa i formi, og eg maa piskast derifraa til dette vanlege bokmakeri. Naar aataket kom maatte eg no læ likevel. Kritiken var so meiningslaus og personleg (gjeng ut paa aa syna mitt hoffmod og mi dugløysa – med gode ynskje um umvendelse til aumykja) at dagen etter helsa ein landskjend mann meg: «Dette var berre bra – um fjortan dagar skal det alt syna seg!» – No er boki longe berga. Erik Lies kritikk i «Intelligentsen» no sundag, set boki paa sin rette plass som aandsprodukt. Og A. M. St. Arctander skreiv et eg maa gled meg, boki greip like inn i tidi, og «vil gjeva heile folket noko aa tenkja paa». «I denne urolege tid, er «Tenaren» just mat for mons» o.s.v. Men det eg lit mest paa er det, at eg vilde noko rett og sant – og eg kasta til sides alle skjol og dekke, og gaar fram med det livssyn eg kviler og byggjer mitt liv paa. Eg hadde ikkje noko betre aa gjeva. Men eg tykkjест vera viss um det, at ein stor part av folket vil taka imot.

«Fritenkjar» lægret vil rasa – kann hende at sume «kristne» ikkje vil vera einig i alt – men sanningi arbeider seg sjølv upp att. Og eg tykkjest kjenna paa meg, at so visst som sume vil lasta, vi andre forsvara. Og som mange godt nok veit – so er det høve menneskjet staar i til den sedelege magt utanum oss, det vandaste spursmaal. Men eit spursmaal som ergar alle «av kjøtet». (Dette bibelord «av kjøtet» vert vel det beste bilæte paa desse slag folk, som nokosinne er teikna.)

Naar du no har lese «Tenaren», so skriv nokre ord til meg, seg meg verknaden og inntrykket ho gjer – etter dykkar syn og uppfatning.

Det skal eg faa nemna. Den nye redaktøren i Amtstidende O. Fladmark, staar eg meg noko daarlegt med. Og han syner mi bok og Ringen Forlag all likesæle han kann. T.d. det er no yver 8 dagar sidan at boki er sendt bladet til melding – og det er ikkje eingong nemnt at boki er komen i handelen. Eg kann venta det verste. Det kjem nok av, at han vilde fenge i si tid eit tidsskrift utgjeve paa Ringen forlag, og sende manuskriptet inn – men forslaget vart ikkje motteke, og det vart sagt ein kritikk um manuskriptet hans, som han tok seg nær av – og trur at eg hadde skuld i. Kunde ikkje nokre av dykk ordførarar faa mannen til aa syna rettferd, og ikkje stengje meg ute fra Hallingdal som eg fyrst og framst skriv for. T.d. skriva til honom o.s.v.

Ein annan ting maa eg òg faa deg til. Husbygginga og hagearbeidet mitt i sumar kosta meg 483 kr meir enn tenkt. Dette er ikkje faae pengar, og sette meg litt i knipa. So eg maa bed dykk faa Asle Seim og G. Aaker til aa venta med renta (med rente) til eg fær høve til aa betala. Det kann vel ikkje gaa so lang tid. For nyeboki skal eg no vel ha ein slump naar det lid litt fram. /.../ Paa fyredragsferd tek eg sist i maanden. So eg ventar aa greida det vissum snarare. Det hev vore tyngste taket no hittils, men no er huset og heimen reist, so det vert lettare straks. – Dersom eg tek turen um Bergen, so vonast eg faa staa av paa Hol, og lydast heim til dei gamle. Kannhende eg fær sjaa nord til deg samstundes. Fær sjaa.

Hels til dine folk, til Svein Nestegard og kona – hels Olav.

Hjarteleg helsing Din Olav Sletto

ILLVILJE OG OVUND INGEN TING SKAL MAGTA

Vesleheimen, Asker 23/12 1913

Hr. ordførar S. Reinthon, kjære ven

Takk for brevet av dato som eg no ikkje hugsar. Det var huglegt det som du fortel um ditt tykkje yver «Tenaren». Ja, no syner det seg at boki hadde noko aa gjeva, og at illvilje og ovund ingen ting skal magta i det lange skeidet, naar det elles er noko som skal ha framgangen. Boki naadde so god kritikk som eg slett ikkje hadde venta, og salet vart no sers godt. Det er gjenge med nokolite av 2dre upplag. Det hadde trulegt vorte reint ei jolebok hadde forlaget lyst ut i bladi paa vanleg handelsmaate, men eg sette meg imot at boki skulde koma ut i marknadssjau. Men no etter nyaaret skulde det vera gildt um einkvan vilde fara yver Hallingdal og selja boki. Ein flink mann kunde faa 60 øre boki (30%) Kunde du Reinthon vita aa faa ein ungdom i vegen?

Det var min tanke aa lydast innum Hol daa eg skulde til Aalesund i haust, men det var ikkje raad skapt. Dei hadde laga reiseruta so kanpp der vest at eg maatte fara fyrr enn eg hadde meint, og det raakte til aa verta eit nattog. Paa heimferdi no vart det ogso nattog til Kristiania fra Bergen, so eg fekk ingenting sjaa av Hallingdal. Og her heime staar arbeidet og ventar meg. Det er nemleg mi tanke, um eg fekk ha helsa, aa sjaa til skriva i hop ei liti bok til jol i 1914. Saki er ogso den, at eg hev so spikande

godt eit emne aa arbeida med fraa norsk soga. Men so er det alle fyredrag eg har lova. So tidi er knapp. For fyrste gong skal eg binda op i flatbygderne, og skal reisa ein maanad i folkeakademiet vestyver fraa Drammen, Svelvik, Skoger, Innøy, Botne i Vestfold, Vaale, Hof o.s.fr. Det er rixmaalsbygder. Hadde eg endaa hatt Buskeruds Blad paa mi sida. Men Buskeruds Blad vil sagte hindra, og B. Amtstidende med denne nye redaktøren tegjer meg i hel. Det er stor skam, at eg er utestengd fraa Hallingdal, og endaa større skam for Hallingdal som kann finna seg i det, at ein av deira eigne skal gaa for lut og kaldt vatn. «Tenaren» er umframt din melding ikkje nemnt i Amtstidende.

Eg har jamt kjent meg som halling, og eg har jamt vona at mine bøker skulde brøyta veg for maalet hjaa mange, og gjeva aalvorstankar hjaa mange – men no er eg for augneblinken utestengd. Eg tykte det var vondt. Og no hadde eg bruk for ein introduksjon i Drammansbladi for denne turen skuld.

Eg kunde no so godt ha sendt rentepengarne, men eg gjorde noko anna i staden, og du maa orsaka. Eg betalte ein slump material hjaa Holtsmark her upp paa landbrukskulen som no var forfalle. Og det var det siste eg var skuldig etter byggingi. Det er so med dei som er framande, ein kunne aldri vere «præcis» nok. Og so vonar eg at du ikkje vil leggja meg det til last, at eg vaagar meir med deg som kjenner meg. Det skal elles ikkje gaa saa svært langt belet daa ogso eg greider det ifraa meg.

I mars skal eg atter upp Hallingdal. Skal til Sunnfjord ein maanad vel. Høver det den leia, so kjem eg ruslande og vil helsa paa kjeningar. Men i alle fall i april paa tilbaketur.

Mi beste helsing til deg og dine og Olav, han hev reint gløymt meg?

Hels Nestegard og frue!

Signerik jol, godt nyaar»

Din Olav Sletto.

DETTE MED RENTA VERT VEL HEILT GALE

Kristiania 8. 4. 1914

Kjære Reinthon!

Orsak! Eg flyg so annsam, at eg gløymer alle ting. No er eg nett komen heim fraa fyredragsferd, og skal um faa dagar ut paa nytt. Dette med renta vert vel heilt gale – men snakk baae til ro. Og no sender eg 100 kr – so langt det naar. Vert det nei, som det nok vert – so skriv. Eg har dine brev heime, og kann daa sjaa kor mykje det skal til. Men har inga tid til aa rekna ut.

Eg har ei bok som skuvar paa av si eiga tyngd, som det heiter.

I dag er som alle dagar elles, toget gaar ifraa ein, er ein ikkje rette tidi framme... Difor ikkje meir i dag. Men ei hjarteleg helsing til deg og Olav og alle.

Hels mine besteforeldre um du ser dei!

Vyrdsamt!

Olav Sletto

EG STRID SO HARDT MED EI LITI BOK

Vesleheimen, Asker 23/2 1915

Hr. Reinthon, gode ven!

I all hast ei lita helsing til deg og dine. Vonar at alt er vel og bra, og alt med det gamle i grendi. Her hjaa oss er godt i alle maatar, men følante kaldt.

Just for litt sidan kom eg att fraa Trøndelag. Eg hadde der ein framifraa tur. Stautt folk!

No heretter – med undantak av nokre einskilde fyredrag i folkeakademiet, skal eg vera heime. Eg strid so hardt med ei liti bok, som kjem – før eg helsa – til hausten. Arbeidet er gildt, men vandsamt – og ho før ei liti gjerning aa øva imillom ungdom denne boki, og som du veit, det er mange tankestemnor, og hauk yver hane.

«Smaaord» hev eg berre haft gleda utav. Merkeleg nok. Det er vandsamt for ein ung mann aa vaaga fram med eit samla livssyn – paa personlegt ansvar. Men her synte det seg, at brytingi er god i folket – og at dei ventar paa godt og hjelpende fraa sine bokmenn.

Nok um dette. Men ansemd og reisor har faatt meg til aa gløyma alt burt. Eg minnest, at du skrev noko um dette i eit brev, men trur du eg finn det att! So du lyt endeleg gjera vel og senda meg ferdig rekning paa dette her. Og hels henne so mykje, og bed henne orsaka meg dette. Dette er ikkje forretningsmessigt, men menneskjelegt, lyt du segja.

Kona og barnet sjauar i næste rom, og etter di det er sundag, so skal eg ogso vera med, skynar eg. Me hev det lukkelegt og godt alle tri.

Hels endeleg mine vener Olav, Svein Nestegard.

Hjarteleg helsing du og dine!

Olav Sletto

ME HAR NO FENG EIN STOR GUT

Vesleheimen, Asker 15/3 1915

Kjære ven!

Takk for sist! Kann senda den helsingi, at me no har fengi ein stor gut – 19 merk. Me trudde det var best at han heitte Bjørn. So no har han faatt namnet. Alt staar godt til.


Eg staar no paa spranget til Valdres. Straks vert det trulegt Sogn.

Kjem innum Hol, og maa sjaa faa ei ordning med reinskaparne.

Hels Olav og alle.

Hjarteleg helsa!

Din Olav Sletto



Asle Seim var ein av dei som lånte pengar til Olav Sletto. Han fekk ikkje alltid renta til fastsett tid.
Foto: E. T. BRAATEN, HOL BYGDEARKIV, 1890 – 1900

UM EG KUNDE BYGGJA EIT LITE HUS EIN STAD DER UPPE

Vesleheimen, Asker 2/8 1915

Kjære S. Reinthon.

I all hast eit lite brev. Hadde tenkt og trutt at skulde fenge kome til Hol no paa lag i desse tiderne. Men no er her so fylt med arbeidsfolk; me fann paa aa byggja oss ein peis, so driv muraren her, so maatte me ha elektrisk ljos innlagt, dermed har me elektrikarne ei tid; so skal me ha bygt eit lite uthus sidan. Men naar hausten kjem, og dette ovannemnde er fraaseggjort, so...

[Her er brevet skada, og teksten er ufullstendig. Men det går fram at Sletto planlegg ein ny tur til Hol.]

Med boki mi har det gjenge bra. Ho er tenkt i 3 delar, og fyrste kjem i haust. Har alt lese korrektur paa dei two fyrste verki. Manuskriptet er i det aller meste reidugt.

Vert ei bok paa so ein 130 sider (som Tenaren). Tykte nok det var ille at eg ikkje kunde faa senda heile verket ut med ein gong. Men uppgavaa er ei kjempeuppgavaa,...

[Her er brevet skada, og teksten er ufullstendig. Det går fram at ein utanlandsk gjest har lese manuskriptet og spådd det godt.]

Men eg grep meg ikkje berre ned i norrønisk myte. Til jol skal og koma eit lite skrift som skal tena denne viljeyting i norsk folk – som heiter avhaldssaki. Det vert berre nokre sider.

Det er ikkje fritt anna eg (fysisk) stundar etter fjellet. Har gripe meg i det i sumar serlegt. Dermed kom eg i hug, at kannhende eg gjorde rett i um eg kunde byggja eit lite hus ein stad der uppe. Eg har tenkt: - sørpaa Seimsbergo! Kunde du ta med han Vebjørn, um han vilde selja meg eit halvt maal tomt der – som eg sjølv valde – Eg veit kor eg vil ha huset, men um eg no sa det, so fann ikkje du det likevel. Det er berre eit sumarshus. Han maatte gjeva meg skriftleg lov paa det. /.../ So maatte eg dinest høyra korleis du vilde billig levebyggjematerial fraa sagi. So ikring 2000 kroner matte ein vel kunna greida aa faa ei liti stugu for. Ungarne har hus i kvar busk, saa ein trond ikkje saa yverlag stort romet nett. – Skriv nokre ord um det, var du snill.

Pengane til Aslē skal eg senda naar eg kjem til byen.

I marginen: Vonar at Asle kom nord med pengarne!

Hjarteleg helsing til alle dine!

Din Olav Sletto

EG HØYRER ASLE HAR JAMRA SEG

Vesleheimen, Asker 16/8 1915

Kjære ordførar Reinthon!

Takk for brev av 5/8. Det var gledesamt aa høyra at alt staar godt til med deg og huslyd. Olav kjem seg, som eg skynnar, det var yverlag gildt aa spryrja.

No kann me nok faa ei lengre svallestund, naar eg no kjem til Hol i haust eller sumar. (Det er vandast med di eg er saa mykje bunden um helgane – heilt leidt aa koma ifraa, men eg trur no likevel at det skal hende ein laurdag at eg kjem gyvande.) Sønene Sigurd og Lars, ser det ut vert reine klasseljos; det er godt aa høyra, at det har gjenge deim so heppent ved eksamen; eksamenspapiret er det hjelp i, serleg naar dei søker utan praksis. Og eit godt sovore papir hjelper no paa baade løna, og den støde ro i hugen som til skal i arbeidet. So eg ynskjer til lukke baade for far og søner!

So maa eg nok atter leggja bryd paa deg. Eg sender i dette brevet kr 100,00. Du maatte daa betala renta til Asle, og polica til Idun, og resten so langt det rekk til Gudrid Aaker. Naar det er gjort, so fær eg høyra kor mange kr det endaa vantar, og so fær eg også senda det naar lengre lid. Eg lyt vera var kva eg betaler ut no denne tid paa hausten – fyrr eg ser korleis det blir til med vinterarbeidet mitt. Kostnaden paa huset vil og sviva millom 800 – 1000 kr, og alt kontant. So du forstaar.

Det var leidt at eg i fjor søkte utsetjing med renta i Hol. Eg tenkte at der uppe er

eg godt kjent o.s.fr. Dei tek alt i beste meinings. Dette var gale. Eg høyrer Asle har jamra seg. Men so likar eg ikkje dette, eg. Eg forstod det slik, at han tente _ prosent meir enn bankrenta. Skulde han ynskja mine pengar attende, so maatte eg beda deg snarast ordna det slik, som det upphavlegt var tenkt – lata dei 1000 kr skuldast banken. Den gjeldi tener eg paa ha endaa nokre aar. Det eg eig utanum det som gaar til daglegt brød, og utanum det det kostar aa skriva sumarhalvaaret – det maa eg brukka slik at det kann producera litt mammon. Dinæst har eg livsforsikringspræmien – som no tenar meg, i dette høvet – so eg har denne krediten i Hol (- i form av trygd for dei menn som gjekk inn som kaution.) Ein fyremun er det med banken, ein reknar ikkje paa utsetjing av renta, og so greider ein kvart krav etter som det kjem. – Eg hadde meint Asle var ein aandshuga vinstremann – men no skynar eg at han berre eig ei liti hardturka sjæleskorpa.

Tomti ja: Herregud, eg hadde set henne ut, eg har site der og skrive ofte paa ein stein, utsynet er olympisk fraa Seimsbergi. Og eg kom i hug det skulde vera hævt aa gaa nordtil kyrkja med kjeringen og ungo um sundagen. Men det er mykje i det, at eg burde helst sjaa um eg treivst fyrr eg byggjer. Eg vil elles tena paa det at eg byggjer sumarhus ein stad. Daa leiger eg burt til Kristianiafolk huset i Asker. Dei betaler yverlag godt her. Og so fær lyden koma ut litegrand, han òg. No skal eg daa sjaa naar eg kjem upp til Hol i haust. Kannhende eg like fort byggjer paa ein annan stad. Det kunde vel henda at me ikkje likte oss i bygdi. Ved Haugastøl vil eg ikkje bu, millom all verdas vrangle. – Det var tanken aa ha det ferdig til utsyver vaaren um alt gaar godt. Teikninga er ferdig. – Men me har ikkje fenge raadslege med sakkunnige – me veit ikkje kor stort me vil ha det, har ikkje kjennskap til prisarne paa vyrkje. Inn til vidare maatte eg ha lov til aa ha fyrsterett paa Seimsbergi! Leiga Hallingstugu vil ikkje Karin gaa med paa.

Har ikkje tid meir no!

Hjarteleg helsing du og dine. Hels bestefar! Din Olav Sletto.

EG RID NOK IKKJE DEN DAGEN EG SALAR

Kristiania 8. 8. 1916

Kjære ven, S. Reinthon!

Eg rid nok ikkje den dagen eg salar, eg. Men no er eg daa kome til byen og kann ordna litt med sakerne mine i Hol. - Boki er no ferdig, og eg har lese litt korrektur allereide. Til fyrst i oktober skal ho vera hefta, er tanken. Det har vore eit tungt arbeid, du veit Raganrok er ikkje noko vanleg skinskvida. Men eg har lesi boka upp for ein heilt sakkunnig mann som vitja meg fraa Kjøbenhavn. Han heldt dette arbeidet ein god mun høgre enn Loke. Som eg ogso sjølv trur. Ein lærer so lenge ein liver. Og so fekk eg arbeida noko fredsamare paa denne boki, enn paa dei fyrre, eg har gjeve ut. Men ho er tyngre – har meir tankar og symbol. – Det kjem seg mykje an paa korleis den vanlege melding kann meldta henne. Elles det fær ein no ikkje tenkja større paa – men tru på seg sjølv – naar ein som eg staar aaleine med mine serlege ting.

Sender 50 kr til Asle. Og vilde du vera gild og faa til ei liste yver betalingi av dei ymse terminar (som eg har betalt og ikkje betalt.) Eg har det alt saman, naar eg kann faa finna det fram att. Men no er eg so annsam. Boki skal ut, fyredrag lagast til vinteren, eg skal skriva ein artikkel um Lars Eskeland til joleheftet ved skolelaget paa Voss høgskule. Og fyrst i oktober skal færdene byrja. Du maa orsaka.

Denne vinteren som me gaar i møte, vil eg sjaa greida rentorne til husi. Det er stor skam. Men herregud, ja ja. Vonar at alle dine folk og du sjølv lever vel.

Og kjærleg helsing alle!

Din Olav Sletto.

BETALER MI SKULD

Asker 13/11 1916

Kjære Reinthon!

Har just no kome att fraa fyredreagsferd, og hev ikkje tid til noko brev. Men maa faa lov ynskja god jol og signa nytt aar for deg og dine.

Daa er min tanke, at eg utpaa vinteren kjem upp til deg, og betaler mi skuld til Gurid Aaker og Asle Seim. Det er for meg likso godt at det er greidt. Eg har so mykje aa ordna med no – og forsømer betala i rett tid o.s.fr. Eg vonar at ingen ting skal koma i vegen for dette.

Alt her staar særslig godt til. Friske og sterke.

Alle gode ynskje fraa oss i Vesleheimen.

Hjarteleg helsing!

Din Olav Sletto

GOD OG VELSIGNA JOL!

Darbu st. 21.12.1918

Til S. Reinthon og huslyd!

Hjarteleg ynskje um god og velsigna jol! Vonar alt staar vel til med deg og dine.

Boki eg gav ut, Skyming, sender eg til ei liti jolegaave.

Hjartelege helsingar fraa Karin og Olav Sletto.

ELEVLAGET HAR SO MYKJE FOR SEG

Darbu 10/5 1919

Kjære kyrkjesongar Reinthon!

Takk for brev og sendingi av lovene ved Hardanger folkehøgskule!

Øygard, Melhus og Aannestad (Fiskum) var her hjaa meg og tala um denne planen, at elevlaget og høgskulelaget skulde slaaast i hop.

No er det slik, at eg personleg ikkje kann og ikkje vil stella meg aktivt med i arbeidet. Dette har eg sagt fraa um. Vil heller ikkje verka inn paa det som blir gjort – utan

at dei beintfram spør meg. Men eg maatte raada ifraa at elevlaget og høgskulelaget skulde vera det same.

At form. i elevlaget tek paa seg kontorarbeidet, det finn eg rett. Han kallar i hop til møte. Men høgskulelaget maa fyrebils einast vera eit økonomisk lag, trur eg, til aa faa tiltrui hjaa deim som har pengane. Det kann vera eit side-lag av elevlaget. Eller: det økonomiske lag som har til maal: gymnastikksal – og elevlaget som har til maa at skulen skal verke aandeleg inn i heile amtet, laga broderringen, - dei høyrer baae med til høgskulelaget.

Kvifor? Jau, elevlaget har plan um 1) aa setja i gang kaffistove paa Kongsberg, 2) kjøp av eit dyrt piano til skulen. 3) ei bilætmaskine. 4) bladet «Heimtun». Elevlaget har so mykje for seg – at kannhende det vil skræme dei som kann kautionere for gymnastikken. Gymnastikksalen maa vere ei sak for seg aaleine inntil huset er bygt, - og eit par aar etter. (Men elevlaget kann lova aa svara renta av so og so mange tu-sen.) 5 gode namn av dei eldre – fyrst. So kannhende kommunna òg skreid til.

Dette er som sagt mi meinig.

Hardangerlovene sender eg i dag til Langeland og Melhus, so vil vel nok dei bli ei-nige um reglar.

At du kann kvida for aa koma i brodden her, det skynar eg. Men ditt og andre sine namn maa til.

I tilfelle at kven som vilde av folk kunde kautionere for lite eller mykje til reising av bygget – so gav eg forslag um aa prente eit einslydande chema for alle deim, som defylte ut og fekk attestera.

Fekk brev fraa Ola Perstølen i dag. Han vil ha foredrag paa stemna 15de juni. Eg trur eg svarar – ja.

Alt godt her.

Hjarteleg helsing Olav Sletto

